



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Rådhuset Tysnes kommune
Dato: 23.05.2019
Tidspunkt: 10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Kari Marie Nygard tlf. 916 64 183 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kari Marie Nygard og Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Britt Sørensen Dalsgård
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 19/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 20/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 21/19	Orienteringssak om oppfølgingarbeid etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste		2018/27
PS 22/19	Årsrekneskap og årsmelding 2018 for Tysnes kommune - uttale frå kontrollutvalet		2016/73
PS 23/19	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Tysnes kommune		2016/71
PS 24/19	Revisjonsplan 2018 for Tysnes kommune		2016/73
PS 25/19	Referatsaker		
RS 11/19	Mail vedr. revidert prosjektplan og bestilling - melding til kontrollutvalet		2019/21
RS 12/19	Revidert / endeleg prosjektplan - kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk i pleie- og omsorgstenestene - melding til kontrollutvalet		2019/21
RS 13/19	Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon april 2019		2019/13
RS 14/19	Referat frå repsskapsmøte Samarbeidsrådet 05.04.19		2015/208
PS 26/19	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/200
PS 27/19	Revisjonstenester for kommunen - fullmakt til kontrollutvalet for å starte prosess med konkurranseutsetting		2014/256
PS 28/19	Eventuelt		

PS 19/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 20/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2018/27-23
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	21/19	23.05.2019

Orienteringssak om oppfølgingarbeid etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste

Bakgrunn

Rapport etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste låg føre til kommunestyremøte 12.12.2018, og det vart gjort slikt vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan Helsestasjons – og skulehelsetenesta i Tysnes kommune ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. At det blir etablert eit heilskapleg styringssystem for helsestasjons- og skulehelsetenesta, som omfattar alle pålagde krav knytt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda. Under dette mellom anna:
 - a. Tydeleg fordeling av roller og ansvar
 - b. System for å ha oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring
 - c. System for å få oversikt over område i verksemda der det er risiko for svikt eller manglar
 - d. System for å få oversikt over avvik, under dette uønska hendingar
 - e. Prosedyrar og rutinar knytt til sentrale arbeidsoppgåver
 - f. System for å gjere bruk av erfaringar frå pasientar, brukarar og pårørande
2. å avklare kva rolle psykisk helsearbeidar barn og unge skal ha i skulehelsetenesta, og kva regelverk og retningsliner vedkomande skal rette seg etter i sitt arbeid.
3. systematiske vurderingar av ressursbruken i helsestasjons- og skulehelsetenesta, for å sikre at ressursane er tilstrekkelege i forhold til dei oppgåvene som skal utførast. "
4. at barn og ungdom i Tysnes kommune vert sikra eit lett tilgjengeleg lågterskeltilbod i helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom
5. at skulehelsetenesta har eit systemretta samarbeid med skulane som er i samsvar med anbefalingane i nasjonale faglege retningsliner.
6. at sterke anbefalingar i nasjonale faglege retningsliner blir etterlevd, og sørgjer for at eventuelle avvik blir grunnigtt og dokumentert.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

7. *Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.04.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Drøfting

Arbeid med oppfølging av tilrådingar frå revisor, som er vedteke av kommunestyret, har starta. Tenesteutvalet hadde sak vedr. «Forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelsetenesta» til handsaming i møte 29.01.19. Saksframlegget til tenesteutvalet blei lagt fram som referatsak til møte i kontrollutvalet 01.04.19. Det blei gjort slikt vedtak i tenesteutvalet:

- *«Framlegg til prosjektmandat med tilhøyrande framdriftsplan vert vedteke. Tenesteutvalet tek elles saka til orientering.»*

I pkt. 7 i vedtaket frå kommunestyret står at det skal lagast ein handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.04.19 som viser kva tiltak som skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga. Sekretariatet har sendt henvending til administrasjonen ved rådmann om handlingsplan kan leggest fram for kontrollutvalet i møte 23.05.19. Rådmann har svara slik tilbake:

«Me kan delta i møte og gje ei orientering der me er no.

Me har hatt ein del sjukefråvær og står også føre utskiftingar av personell i tenesta i den seinare tid og har ut frå det ikkje utarbeidd ein detaljert handlingsplan, det er viktig for oss at dei føringane som følgjer av forvaltningsrevisjonen blir utarbeidd og utvikla i samråd med dei som skal arbeida i tenesta vidare, og ikkje av tilfeldige vikarar.

I påvente av dette har me lukka avvik knytt til tenester slik som elevsamtaler, styring og helsestasjon for ungdom med vidare. Me kan orientera om denne delen av arbeidet og vidare arbeid.»

Konklusjon

Med dette som bakgrunn blir orienteringssak om arbeid med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste lagt fram for kontrollutvalet. Sekretariatet rår til at utvalet tek informasjonen om oppfølgingsarbeidet til orientering, og at ein ber om ei ny orientering etter ei tid.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste så langt til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om ny orientering om stoda i arbeidet vert lagt fram innan

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2016/73-51
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	22/19	23.05.2019

Årsrekneskap og årsmelding 2018 for Tysnes kommune - uttale frå kontrollutvalet

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal gje uttale til årsrekneskapen, jf. "Forskrift om årsrekneskap og årsberetning". Rådmannen si årsmelding skal følgja som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og årsrekneskapen.

Det er deretter formannskapet som innstiller overfor kommunestyret i sak om rekneskapen. Kommunestyret skal handsama både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Dette følgjer av kommunelova §48, jf. "Forskrift om årsregnskap og årsberetning" §10.

Drøfting:

Årsrekneskapen er lagt fram av rådmannen, og inneheld driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter og noteopplysningar.

Kommunen sin revisor, Deloitte, har lagt fram revisjonsmelding datert 12.04.19. Her er medteke at driftsrekneskapen viser kr. 191.477.298 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 5.924.672. Det kjem ikkje fram spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga, og den vert å sjå på som "ei rein" revisjonsmelding.

Deloitte har og lagt fram revisjonsrapport nr. 7, datert 12.04.19, saman med revisjonsmeldinga. Revisjonsrapporten beskriv resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste kontroll- og rekneskapsrutinane i kommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte gjeve tilrådingar til kommunen på forhold som bør og kan betrast. Det er ikkje avdekkta tilhøve som er av ein slik karakter eller storleik at det fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen. Men det er peika på og gjort tilrådingar innanfor desse områda:

- Intern kontroll og rutinar – det er utarbeida skriftlege rutinar på dei fleste vesentlege områder, men desse adresserer ikkje risiko og kontrollar.
- Bankfullmakt – det bør etablerast rutine på at utbetalingar frå kommunen sine bankkontoar og remitteringsbilag frå banken skal godkjennast / signerast av to personar.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.


- Avstemming bank – her tilrår revisor at kommunen må forbetra sine rutinar knytt til bankavstemming.

Kontrollutvalet bør i sin uttale oppmoda om å prioritere å sette fokus på dei forholda som er kommentert i revisjonsrapporten.

Ut over dette skriv revisor i sin revisjonsrapport at «*Dokumentasjon på årsrekneskapen som er blitt lagt fram for revisjon har hatt tilfredstillande kvalitet*».

Av rekneskapen for 2018 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 10.549.000, dvs. netto resultatgrad på 3,51 %, sett opp mot sum driftsinntekter. Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg, utanom Oslo, ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad 2,5 % i 2018, så Tysnes kommune ligg over landsgjennomsnittet. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 prosent for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Tysnes kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2014 (+ 4,25 %), 2015 (+ 1,12 %), 2016 (+ 3,99 %), 2017 (+ 4,88 %) og 2018 (+ 3,51 %), sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2018 ligg over tilrådinga frå TBU og også over landsgjennomsnittet. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommune sin handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.



Rådmann skriv følgjande i årsmelding for 2018 når det gjeld økonomi:

«*Den økonomiske utviklinga i kommunen var også positiv det siste året, me ser særskilt at inntektene er noko større enn føreset. Det vart også gjort ei stor utbetaling frå Havbruksfondet i 2018, omlag 19 millionar vart nytta til nedbetaling av gjeld medan 5 millionar vert sett av til eit investeringsfond. Me ser også at skatteinnngongen i kommunen er vesentleg høgare enn budsjettert, i sum er det desse to faktorane som forklarar at me fekk eit større overskot enn venta i verksemda førre år. No er det ikkje slik at kommunen har som mål å generere store overskot, men dei overskota som er generert dei seinare år er truleg naudsynt om me ser det opp mot at det også vert gjennomført store investeringar frametter. Ei god og sunn økonomisk drift er også ein føresetnad for at me over tid skal kunna levere eit tenestetilbod med god kvalitet.*

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt samheng mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Tysnes kommune har ei lånegjeld tilsvarande 59,9 % av sum driftsinntekter, altså under tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarande er disposisjonsfondet etter vår vurdering (posten disposisjonsfond i balanserekneskapet) på 15,39 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Tysnes kommune er såleis i den situasjonen at det er eit tilfredstillande nivå i 2018 på disposisjonsfond og at også nivået på lånegjeld er tilfredstillande og lågare enn tilrådingane frå Riksrevisjonen.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen og revisjonsmeldinga og revisjonsrapport frå revisor.

Rådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2018. Årsmeldinga frå administrasjonen er førebiletleg utforma i tråd med Kommuneleoven § 48 nr. 5, som lyder:

«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringsloven, samt for å fremme formålene i likestillings- og diskrimineringsloven når det gjelder etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.»

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i uttalen sin:

- Lånegjeld og disposisjonsfond
- Netto driftsresultat
- Uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapport.

Konklusjon:

Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2018 er tilfredstillande og ligg godt over både landsgjennomsnittet, og TBU sine tilrådingar. Kontrollutvalet vil og peika på at kommunen har eit tilfredstillande nivå i 2018 på både disposisjonsfond og storleik på lånegjeld.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2018.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskap for Tysnes kommune 2018
- Årsrekneskap for Tysnes kommune 2018
- Årsmelding for Tysnes kommune 2018
- Revisjonsmelding frå Deloitte, datert 12.04.19
- Revisjonsrapport nr. 7– 2018, datert 12.04.19



Til Tysnes kommune v/ kommunestyret

ÅRSREKNESKAP 2018 FOR TYSNES KOMMUNE, UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet har i møte 23.05.2019, handsama Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2018.

Representantar frå administrasjonen og ansvarleg revisor var tilstades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svarte på spørsmål.

Av rekneskapen for 2018 har kontrollutvalet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 10.549.000, dvs. netto resultatgrad på 3,51 %, sett opp mot sum driftsinntekter. Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg, utanom Oslo, ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad 2,5 % i 2018, så Tysnes kommune ligg over landsgjennomsnittet. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2018 er tilfredstillande, og ligg over landsgjennomsnittet, og også over TBU sine tilrådingar. Kontrollutvalet vil og peika på at kommunen har eit tilfredstillande nivå i 2018 på disposisjonsfond og når det gjeld lånegjeld.

Rådmann skriv følgjande i årsmelding for 2018:

«Den økonomiske utviklinga i kommunen var også positiv det siste året, me ser særskilt at inntektene er noko større enn føreset. Det vart også gjort ei stor utbetaling frå Havbruksfondet i 2018, omlag 19 millionar vart nytta til nedbetaling av gjeld medan 5 millionar vert sett av til eit investeringsfond. Me ser også at skatteinngongen i kommunen er vesentleg høgare enn budsjettert, i sum er det desse to faktorane som forklarar at me fekk eit større overskot enn venta i verksemda førre år. No er det ikkje slik at kommunen har som mål å generere store overskot, men dei overskota som er generert dei seinare år er truleg naudsynt om me ser det opp mot at det også vert gjennomført store investeringar frametter. Ei god og sunn økonomisk drift er også ein føresetnad for at me over tid skal kunna levere eit tenestetilbod med god kvalitet.»

Kontrollutvalet har og merka seg revisor sin uttale i revisjonsrapport nr. 7. Der gjev revisjonen tilrådingar om område som kan betrast når det gjeld rekneskapsarbeidet:

- Intern kontroll og rutinar – det er utarbeida skriftlege rutinar på dei fleste vesentlege områder, men desse adresserer ikkje risiko og kontrollar.
- Bankfullmakt – det bør etablerast rutine på at utbetalningar frå kommunen sine bankkontoar og remitteringsbilag frå banken skal godkjennast / signerast av to personar.
- Avstemming bank – her tilrår revisor at kommunen må forbetra sine rutinar knytt til bankavstemming.

Ut over dette skriv revisor i sin revisjonsrapport at «*Dokumentasjon på årsrekneskapen som er blitt lagt fram for revisjon har hatt tilfredstillande kvalitet*».

Kontrollutvalet tilrår at kommunen prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 7 frå Deloitte.

Rådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2018. Årsmeldinga frå administrasjonen er førebileleg utforma i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5.

Kontrollutvalet har som oppgave å gi uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap, og årsmelding frå administrasjonen, samt revisjonsmelding og revisjonsrapport frå revisor. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Oppsummering/tilrådingar frå kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2018 er tilfredstillande, og ligg over gjennomsnittet i landet, og også over TBU sine tilrådingar.
- Kontrollutvalet vil og peika på at kommunen har eit tilfredstillande nivå i 2018 på både disposisjonsfond og når det gjeld lånegjeld.
- Kontrollutvalet vil presisera at tilrådingar frå revisor i revisjonsrapport nr. 7 må følgjast opp.
- Utvalet har ellers ingen ting å merka til måten rekneskap og årsmelding for Tysnes kommune for 2018 er lagt fram på.

Ut over det som nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka, samt revisjonsmeldinga av 12.04.19 og revisjonsrapport nr. 7, med same dato, har kontrollutvalet ikkje merknader til Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2018.

Kontrollutvalet i Tysnes kommune 23. mai 2019

Britt Sørensen Dalsgård
-kontrollutvalsleiar-

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Tysnes kommune, formannskapet



REKNESKAP 2018

Tysnes kommune

Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen til Tysnes kommune vert utarbeidd i tråd med rekneskapsprinsipp i kommunelova § 48, rekneskapsforskrifta § 7, samt god kommunal rekneskapsskikk.

I fylgje forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar § 7, er all tilgong og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem kommunen si verksemd ført via drifts- eller investeringsrekneskapen (anordningsprinsippet). Det skal ikkje førekoma rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar som berre vert ført i balanserekneskapen.

Alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i året er rekneskapsført brutto, det vil sei at det ikkje er gjort frådrag for tilhøyrande inntekter til utgiftene – og omvendt. Vidare er dei tatt med i årsrekneskapen for vedkomande år, enten dei er betalt eller ikkje. For utgifter og inntekter som enkeltvis ikkje kan fastsetjast eksakt for tidspunktet for rekneskapsavlegginga, vert det registrert eit anslått beløp. Justering mot korrekt beløp vert føretatt påfølgjande år.

For lån er det den delen av lånet som faktisk er brukt, som vert ført i investeringsrekneskapen. Ubrukte lånemidlar er registrert som memoriapost.

Klassifiserings- og vurderingsreglar for anleggsmidlar, omløpsmidlar og gjeld

I tråd med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar § 8, er anleggsmidlar eigedelar bestemt til varig eige eller bruk for kommunen. Desse er ført som langsiktige eigedelar i balanserekneskapen. Eigedelar som ikkje oppfyller kravet til varig eige eller bruk, vert klassifisert som omløpsmidlar. Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffingskost og omløpsmidlar til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi (lågaste verdis prinsipp). Lågaste verdis prinsipp vert fråvike i tilfeller der det er i tråd med god kommunal rekneskapsskikk for rekneskapsføring av sikring.

Anleggsmidlar med avgrensa levetid, vert avskrive med like store årlege beløp over levetida til anleggsmiddelet. Avskrivingsperioden er i tråd med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar § 8 andre ledd. Avskrivning startar seinast året etter at anleggsmiddelet er anskaffa eller tatt i bruk. Ved verdifall som ikkje er forbigåande, vert anleggsmiddelet nedskreve til verkeleg verdi.

Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar vert vurdert til verkeleg verdi.

Gjeld som er tatt opp med formål i tråd med kommunelova § 50 vert klassifisert som langsiktig. Anna gjeld er kortsiktig. Langsiktig gjeld vert vurdert til opptakskost, og vert oppskreven ved varig auking i forpliktinga. Kortsiktig gjeld vert vurdert til høgaste av opptakskost og verkeleg verdi. Dette vert fråvike i tilfeller der det er i tråd med god kommunal rekneskapsskikk for rekneskapsføring av sikring. Der kortsiktig gjeld vert vurdert likt som marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar, vert det vurdert til verkeleg verdi.

Tap på fordringar

Kundefordringar vert vurdert til pålydande verdi med frådrag for mogelege tap. Det vert årleg føreteke ein gjennomgong av kundemassen og konstaterte tap skal utgiftsførast. I tillegg vert det føreteke ein konkret gjennomgong av kundemassen for å kunne føreta ei avsetjing på kundar der risikoen for tap føreligg.

Meirverdiavgift

For dei relevante tenesteområda vert det nytta reglar i tråd med meirverdiavgiftslova. Dette gjeld sjølvkostområda kloakk, slam, renovasjon og feiing.

For dei øvrige tenesteområder vert det kravd meirverdiavgiftskompensasjon.

Sjølvkostutrekningar

Sjølvkost er fastsett i tråd med retningslinjer av Kommunal- og Regiondepartementet som framkjem i dokument H2140 (2003).

Pensjonar

Pensjonar vert ført i tråd med rekneskapsforskrifta § 13 om rekneskapsføring av pensjon.

Vedlegg 1

Rekneskapskjema 1A - Driftsrekneskap

Tysnes kommune 2018

Tal i 1000 kroner	Opprinneleg			Rekneskap 2017
	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	budsjett 2018	
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER				
Skatt på inntekt og formue 1)	-90 838	-82 993	-82 993	-83 729
Ordinært rammetilsko	-99 114	-101 882	-101 882	-100 062
Skatt på eigedom	-10 438	-10 350	-10 350	-10 302
Andre direkte eller indirekte skattar	-	-	-	-
Andre generelle statstilskot	-25 654	-25 046	-902	-1 194
Sum frie disponible inntekter	-226 043	-220 271	-196 127	-195 288
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER				
Renteinntekter og utbytte	-2 889	-1 366	-1 366	-1 559
Gevinst finansielle instrument	-	-	-	-
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	5 380	4 563	4 563	3 728
Tap finansielle instrument	-	-	-	-
Avdrag på lån	27 451	28 575	10 815	11 745
Netto finansinntekter/-utgifter	29 942	31 771	14 012	13 913
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER				
Til dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirforb	-	-	-	-
Til ubundne avsetningar	6 000	5 654	1 069	13 500
Til bundne avsetningar	645	116	116	4 004
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk	-	-	-	-11 332
Bruk av ubundne avsetningar	-83	-300	-300	-0
Bruk av bundne avsetningar	-2 857	-1 644	-1 644	-1 194
Netto avsetningar	3 705	3 825	-760	4 978
FORDELING				
Overført til investeringsbudsjettet	919	850	850	782
Til fordeling drift	-191 477	-183 825	-182 025	-175 615
Sum fordelt til drift (frå skjema 1b)	185 553	183 825	182 025	168 261
Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	-5 925	-	-	-7 353

Rekneskapsvedlegg 4
Økonomisk oversikt - Drift
Tysnes kommune 2018

	<i>Rekneskap</i>	<i>Regulert</i>	<i>Opprinneleg</i>	<i>Rekneskap</i>
Tal i 1000 kroner	2018	2018	2018	2017
DRIFTSINNTEKTER				
Brukarbetaling	-11 646	-10 779	-10 779	-11 450
Andre sals- og leigeinntekter	-20 388	-20 443	-20 443	-20 639
Overføringar med krav til motytelsar	-42 319	-27 551	-27 224	-39 324
Rammetilskot frå staten	-99 114	-101 882	-101 882	-100 062
Andre statlege overf.	-25 654	-25 046	-902	-1 194
Andre overføringar	-62	-20	-20	-2 231
Skatt på inntekt og formue	-90 838	-82 993	-82 993	-83 729
Eigedomsskatt	-10 438	-10 350	-10 350	-10 302
Andre direkte og inndirekte skattar	-	-	-	-
Sum driftsinntekter	-300 458	-279 064	-254 593	-268 932
DRIFTSUTGIFTER				
Lønsutgifter	145 980	145 074	141 835	141 503
Sosiale kostnader	32 958	36 078	38 260	32 759
Kjøp som inngår i kommunal prod.	52 743	38 682	37 922	43 880
Kjøp som erstattar eigen prod.	16 378	13 767	13 427	12 905
Overføringar	15 062	13 062	13 092	13 295
Avskrivningar	10 907	8 111	8 111	7 721
Fordelte utgifter	-3 149	-4 045	-4 045	-2 387
Sum driftsutgifter	270 880	250 730	248 602	249 676
Brutto driftsresultat	-29 578	-28 335	-5 991	-19 255
EKSTERNE FINANSINNTEKTER				
Renteinntekter og utbytte	-2 889	-1 366	-1 366	-1 559
Gevinst Finansielle instrument (omløpsmidler)	-	-	-	-
Mottekne avdrag på lån	-8	-10	-10	-52
Sum eksterne finansinntekter	-2 897	-1 376	-1 376	-1 611
EKSTERNE FINANSUTGIFTER				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	5 380	4 563	4 563	3 728
Tap finansielle instrument (omløpsmidler)	-	-	-	-
Avdragsutgifter	27 451	28 575	10 815	11 745
Utlån	2	10	10	2
Sum eksterne finansutgifter	32 833	33 148	15 388	15 474
Resultat eksterne finanstransaksjoner	29 936	31 771	14 012	13 863
Motpost avskrivningar	-10 907	-8 111	-8 111	-7 721
Netto driftsresultat	-10 549	-4 675	-90	-13 113
Netto driftsresultat i %	3,5 %	1,7 %	0,0 %	4,9 %
BRUK AV AVSETNINGAR				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre forb	-	-	-	-11 332
Bruk av disposisjonsfond	-83	-300	-300	-0
Bruk av bundne fond	-2 857	-1 644	-1 644	-1 194
Sum bruk av avsetningar	-2 940	-1 944	-1 944	-12 525
AVSETNINGAR				
Overføring til investeringsrekneskap	919	850	850	782
Dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	-	-	-	-
Avsetting disposisjonsfond	6 000	5 654	1 069	13 500
Avsetting til bundne driftsfond	645	116	116	4 004
Sum avsetningar	7 565	6 619	2 035	18 285
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	-5 925	-	-0	-7 353

Vedlegg 2

Rekneskapsskjema 2A - Investeringsrekneskapet

Tynesnes kommune 2018

Tall i 1000 kroner	Rekneskap	Regulert	Opprinneleg	
	2018	budsjett	Budsjett	Rekneskap
	2018	2018	2018	2017
FINANSIERINGSBEHOV				
Investeringar i anleggsmidlar	19 256	21 283	26 358	90 594
Utlån og forskotering	1 537	850	850	2 590
Avdrag på lån	56 209	55 713	1 809	5 577
Dekking av tidligare års udekk	-	-	-	-
Avsetningar	-	-	-	64 206
Årets finansieringsbehov	77 002	77 846	29 017	162 967
FINANSIERING				
Bruk av lånemidlar	-4 566	-16 821	-20 881	-62 553
Inntekt frå sal av anleggsmidlar	-1 119	-1 000	-1 000	-1 103
Tilskot til investeringar	-4 000	-	-	-66 695
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-12 304	-5 271	-6 286	-23 334
Andre inntekter	-138	-	-	-
Sum ekstern finansiering	-22 128	-23 092	-28 167	-153 685
Overført frå driftsbudsjettet	-919	-850	-850	-782
Bruk av tidlegere års udisponert	-	-	-	-
Bruk av avsetningar	-53 955	-53 904	-	-8 500
Sum finansiering	-77 002	-77 846	-29 017	-162 967
Udekk / Udisponert	-	-	-	-

Rekneskapsvedlegg 5

Økonomisk oversikt - Investering


Tysnes kommune 2018

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Opprinneleg budsjett 2018	Rekneskap 2017
INNTEKTER				
Sal av driftsmidler og fast eiendom	-433	-1 000	-1 000	-1 103
Andre salsinntekter	-138	-	-	-
Overføringar med krav til motyting	-10 545	-3 461	-4 476	-15 955
Staltege overføringar	-	-	-	-66 695
Andre overføringar	-4 000	-	-	-
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-	-	-	-
Sum inntekter	-15 117	-4 461	-5 476	-83 753
UTGIFTER				
Lønsutgifter	846	987	987	741
Sosiale utgifter	273	228	228	157
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigei	13 222	15 846	19 906	72 127
Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenprodukt	-	-	-	-
Overføringar	4 915	4 221	5 236	16 216
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	-	-	-	1 353
Fordelte utgifter	-	-	-	-
Sum utgifter	19 256	21 283	26 358	90 594
FINANSIERINGSTRANSAKSJONER				
Avdragsutgifter	56 209	55 713	1 809	5 577
Utlån	618	-	-	1 808
Kjøp av aksjar og andelar	919	850	850	782
Dekking av tidlegare års udekket	-	-	-	-
Avsatt til ubundne investeringsfond	-	-	-	-
Avsetningar til bundne investeringsfond	-	-	-	64 206
Sum finansieringstransaksjoner	57 746	56 563	2 659	72 373
Finansieringsbehov	61 885	73 384	23 540	79 214
FINANSIERING				
Bruk av lån	-4 566	-16 821	-20 881	-62 553
Mottekne avdrag på utlån	-1 758	-1 809	-1 809	-7 379
Sal av aksjar og andelar	-686	-	-	-
Overføring frå driftsrekneskap	-919	-850	-850	-782
Bruk av tidlegare års udisponert	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	-
Bruk av bundne driftsfond	-	-	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	-	-	-	-
Bruk av bundne investeringsfond	-53 955	-53 904	-	-8 500
Sum finansiering	-61 885	-73 384	-23 540	-79 214
Udekket / Udisponert	-	-	-	-

Vedlegg 3
Balanseregnskapet
Tysnes kommune 2018

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
EIGEDELAR		
A. ANLEGGSMIDLAR		
Faste eigedommar og anlegg	350 562	359 920
Utstyr, maskinar og transportmidler	7 590	8 163
Pensjonsmidlar	328 584	306 714
Utlån	21 596	22 742
Aksjar og andelar	9 221	8 403
Sum anleggsmidlar	717 553	705 941
B. OMLØPSMIDLAR		
Kortsiktige fordringar	14 029	77 929
Aksjar og andelar	-	-
Sertifikat	-	-
Obligasjonar	-	-
Kasse, postgiro, bankinnskot	87 932	83 331
Premieavvik	15 187	13 073
Sum omløpsmidlar	117 147	174 332
Sum eigedelar	834 700	880 273
EIGENKAPITAL OG GJELD		
C. EIGENKAPITAL		
Disposisjonsfond	-46 243	-40 325
Bundne driftsfond	-7 174	-9 387
Ubundne investeringsfond	-1 203	-1 203
Bundne investeringsfond	-4 134	-58 089
Endring i rekneskapsprinsipp drift (AK)	173	173
Endring i regnskapsprinsipp kapital (AK)	-	-
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-13 278	-7 353
Rekneskapsmessig meirforbruk	-	-
Udisponert i investeringsrekneskapet	-	-
Udekket i investeringsrekneskapet	-	-
Kapitalkonto	-141 585	-53 880
Sum eigenkapital	-213 445	-170 064
D. GJELD		
LANGSIKTIG GJELD		
Ihendehaverobligasjonslån	-	-
Pensjonsforpliktelser	-374 423	-371 423
Sertifikatlån	-	-
Andre lån	-205 726	-289 386
Sum langsiktig gjeld	-580 149	-660 809
KORTSIKTIG GJELD		
Kassekredittlån	-	-
Anna kortsiktig gjeld	-41 106	-49 400
Premieavvik	-	-
Sum kortsiktig gjeld	-41 106	-49 400
Sum eigenkapital og gjeld	-834 700	-880 273
MEMORIAKONTI:		
Ubrukte lånemidlar	4 182	8 748
Andre memoriakonti	1 911	2 003
Motkonto for memoriakonti	-6 093	-10 751
Sum memoriakonti	-	-

Tysnes 31.03.2019


Rolf J. Lunde
Økonomisjef


Steinar Døland
Rådmann

1. Endring i arbeidskapital

Arbeidskapitalen til kommunen viser kor likvid kommunen er. Vidare uttrykkjer endringa i arbeidskapital utviklinga i kommunen sin betalingsevne. Utgangspunktet er balanserekneskapen og endringa av arbeidskapitalen som består av omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld i rekneskapsperioden, korrigert for ubrukte lånemidlar i tilsvarende periode. Tilsvarende finn ein endringa av arbeidskapitalen ved å sjå på anskaffing og bruk av midlar i drifts- og investeringsrekneskap.

Tal i 1000 kr

Balanserekneskap	31.12.2017	31.12.2018	Endring
Omløpsmidlar	174 332	117 147	-57 185
Kortsiktig gjeld	49 400	41 106	-8 294
Arbeidskapital	124 932	76 041	-48 892

Drifts- og investeringsrekneskap år 2018	Beløp	Sum
<i>Anskaffing av midlar</i>		
Inntekter driftsrekneskap	311 365	
Inntekter investeringsrekneskap	15 117	
Innbetaling ved eksterne finanstransaksjonar	9 907	
Sum anskaffing av midlar	336 389	336 389
<i>Bruk av midlar</i>		
Utgifter driftsrekneskap	270 880	
Utgifter investeringsrekneskap	19 256	
Utbetalinger ved eksterne finanstransaksjonar	90 579	
Sum bruk av midlar	380 715	380 715
Anskaffing - bruk av midlar		-44 326

<i>Endring ubrukte lånemidlar</i>		
IB konto	8 748	
UB konto	4 182	
Endring ubrukte lånemidlar	-4 566	-4 566

*) Auking framgår som (+), og reduksjon framgår som (-).

Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsrekneskap	-48 892
--	----------------

Differanse endring arbeidskapital balanse og drifts-/investeringsrekneskap	0
---	----------

2. Ytingar til leiande personar og revisor

Godtgjersle til leiande personar kjem fram under. Med leiande personar meiner ein rådmann og ordførar.

Vidare vert honorar for revisjonstenester spesifisert. Revisjon inkluderer både rekneskapsrevisjon og forvaltingsrevisjon:

	<i>Tal i kr.</i>	
	2018	2017
Leiande personar :		
Løn og anna godtgjering til rådmann 1)	949 000	923 900
Løn og anna godtgjering til rådmann for verv i kommunal samanheng		-
Løn og anna godtgjering til ordførar 2)	860 900	835 800
Løn og anna godtgjering til ordførar for verv i kommunal samanheng		-
Revisjon :	2018	2017
Rekneskapsrevisjon	180 000	211 000
Forvaltningsrevisjon	254 375	-
Rådgeving	-	-
Sum	434 375	211 000

Fotnotar :

1) Rådmannstillinga er ei åremålsstilling.

Årleg kompensasjon for åremålsstillinga er kr. 75.000 pr. år (inkl. i beløpet ovanfor)

2) Beløpet er total løn for ordførarvervet.

Ordførar mottek 80% av løna, mens varaordførar mottek 20% av beløpet.

3. Pensjonsforplikting

Generelt om pensjonsordninga i kommunen :

Kommunen har sine kollektive pensjonsforsikringar i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) samt Statens Pensjonskasse (SPK).

Tilsette som er i kommunens teneste ved fylte 62 år har rett til avtalefesta pensjon (AFP) etter bestemte reglar.

Regnskapsføring av pensjon :

Etter §13 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen innehalda pensjonskostnader som er berekna ut i frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering.

Ulikskap mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad vert kalla premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. Premieavvik som er berekna før 2011 skal inntekts- eller utgiftsførast lineært over 15 år, mens premieavvik berekna frå og med 2011 til og med 2013 skal inntekts- eller utgiftsførast lineært over 10 år. For premieavvik oppstått i 2014 og seinare er inntekts- eller utgiftstida 7 år.

Berekna pensjonsmidlar i balansen er ført som anleggsmidlar, mens berekna pensjonsforplikting er ført som langsiktig gjeld.

Estimatavvik :

Pensjonsmidlar og pensjonsforplikting i balansen er berekna størrelser. Etter §13 i årsrekneskapsforskrifta skal det gjerast ei ny berekning av pensjonsforpliktinga som vart balanseført førre år.

I den oppdaterte berekninga skal nye grunnlagsdata og føresetnader leggjast til grunn.

Ulikskapen mellom førre års berekning av balanseført pensjonsforplikting (langsiktig gjeld) og ny berekning vert kalla estimatavvik for pensjonsforplikting.

Ulikskapen mellom førre års berekning av balanseførte pensjonsmidlar (anleggsmidlar) og ny berekning vert kalla estimatavvik for pensjonsmidlane.

Årets estimatavvik (endring langsiktig gjeld og anleggsmidlar) vert i sin heilhet ført mot kapitalkontoen i rekneskapen.

Rekneskap 2018	Tal i 1000 kr.			Arb.avg.
	KLP	SPK	SUM	
Netto pensjonskostnad (inkl. adm.) frå akturar	14 169	2 911	17 080	
- Årets pensjonspremie frå akturar	18 470	2 745	21 215	
= Årets premieavvik	-4 301	166	-4 135	-438
Akkumulert premieavvik :				
Akkumulert 01.01.18	13 058	-1 472	11 586	1 487
+/- Premieavvik for året	4 301	-166	4 135	438
+/- Resultatføring av tidl. års premieavvik	-2 494	271	-2 223	-236
= Akkumulert premieavvik 31.12.18	14 864	-1 367	13 498	1 690
Pensjonsmidlar / Pensjonsforpliktingar :				
	KLP	SPK	SUM	
Pensjonsmidlar	299 357	29 227	328 584	
Estimat avvik pensjonsmidlar	2 003	1 733	3 736	
Pensjonsforplikting	-328 347	-41 682	-370 030	
Estimat avvik pensjonsforplikting	-11 810	-847	-12 657	
Arbeidsgjevaravgift av pensjonsforplikting	-3 073	-1 320	-4 393	
Føresetnader :				
	KLP	SPK		
Avkastning pensjonsmidlar	4,50 %	4,20 %		
Diskonteringsrente	4,00 %	4,00 %		
Årleg lønsvekst	2,97 %	2,97 %		
Årleg G-regulering	2,97 %	2,97 %		

4. Varige driftsmidler (anleggsmidler)

Anleggsmidler vert vurdert i tråd med rekneskapsforskrifta § 8. Følgjande anleggsmiddelgrupper vert nytta for avskrivning:

Anleggsmiddel-gruppe	Avskrivings-plan	Eigedelar
Gruppe 1	5 år	Edb-utstyr, kontormaskiner og liknande.
Gruppe 2	10 år	Anleggsmaskiner, maskiner, inventar og utstyr, verktøy og transportmidlar og liknande.
Gruppe 3	20 år	Brannbilar, parkeringsplassar, trafikklys, tekniske anlegg (VAR), renseanlegg, pumpestasjonar, forbrenningsanlegg og liknande.
Gruppe 4	40 år	Bustader, skular, barnehagar, idrettshallar, vegar og leidningsnett og liknande.
Gruppe 5	50 år	Forretningsbygg, lagerbygg, administrasjonsbygg, sjukeheimar og andre institusjonar, kulturbygg, brannstasjonar og liknande.

Samla oppstilling :

Tal i 1000 kr.

	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4	Gruppe 5	SUM eigedelar med avskrivning	Eigedelar utan avskrivning	SUM EIGEDELAR
Tilgong pr. 01.01	12 593	6 398	21 193	173 128	257 014	470 326	17 770	488 096
Tilgong ila. året	187	501	81	1 336	3 047	5 152	215	5 367
Avgong ila. året	-	-	-	-	-	-	4 391	4 391
Tilgong 31.12	12 780	6 899	21 275	174 463	260 061	475 478	13 594	489 072
Akk. avskrivning per 01.01	10 124	3 103	8 944	57 981	39 861	120 013	-	120 013
Avskrivning i året	875	286	181	5 169	4 396	10 907	-	10 907
Nedskrivning	-	-	-	-	-	-	-	-
Akk. avskrivning per 31.12	10 999	3 389	9 125	63 150	44 258	130 920	-	130 920
Bokført verdi per 31.12.	1 781	3 509	12 149	111 314	215 804	344 557	13 594	358 152

Merknad :

1) Det er i 2018 ført avgong (sal) av eigedelar utan avskrivning på MNOK 4,4. Av dette beløpet utgjør tilbakebetaling frå Hordaland Fylkeskommune MNOK 4,0. Dette gjeld forskutting (lån) som Tysnes kommune har gjeve til FV78. Forskuttinga vart på dette tidspunktet ført som eit anleggsmiddel ; difor får tilbakebetalinga effekt på oppstillinga ovanfor i 2018.

2) Utbyggingsavtaler påbegynt i 2018 (Landavegen og Krokjen/Lande bustadområde) er ikkje aktivert i årets rekneskap.

Dette vil bli gjort når prosjekta vert ferdigstilt i 2019. Samla bruttoinvestering pr 31.12.18 på desse er MNOK 10,3.

Det er i tillegg ført inntekt på MNOK 6,3 som anleggsbidrag på prosjekta.

5. Aksjar og andelar (anleggsmidlar)

Finansielle anleggsmidlar:

Selskap	Tal i kr.		
	Balanseført verdi	Marknadsverdi	Eigarandel
A/L Biblioteksentralen	600		Liten
Vestskog BA	1 000		Liten
Onarheim Vassverk L/L	19 000		Liten
Tysnes Kraftlag	100		Liten
Tysnes Vassverk	3 000		Part
Uggdal Vasslag	20 400		Part
Lunde Vasslag	5 500		Part
KLP - egenkapitalinnskott	8 486 290		
Våge Hamn AS	50 000		9,90 %
Opero AS	47 000		3,25 %
Fjord Norge AS	5 000		0,12 %
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	22 000		12,50 %
Tysnes Industri AS	351 000		67,10 %
Sunnhordlandssambandet AS	100 000		7,41 %
Tysnespakken AS	10 500		35,00 %
Hordfast AS	100 000		
Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS	-		5,57 %
Sum	9 221 390	-	

6. Sal av finansielle anleggsmidler

I 2018 er kommunen sine aksjar i Tysnes Breiband AS seld. Salssummen var kr. 686.238, mot bokført verdi kr. 100.800.

7. Langsiktig gjeld og avdrag på lån

<i>Tal i 1000 kr.</i>	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
Startlån med flytande rente	18 575	19 000
Startlån med fast rente	14 417	17 400
Sum startlån	32 991	36 400
Ordinære lån med flytande rente	95 852	175 988
Ordinære lån med NIBOR berekning	21 117	21 937
Ordinære lån med fastrente	55 766	55 061
Sum ordinære lån	172 735	252 986
SUM LÅNEGJELD	205 726	289 386

Avdrag lån:

Avdrag	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
Betalt avdrag eks. utlån	83 660	11 745
Berekna minste lovlege avdrag	7 496	5 391
Differanse	76 164	6 354

<i>Berekna minimumsavdrag (forenkla metode)</i>	<i>Rekneskap 2018</i>	<i>Rekneskap 2017</i>
A. Avskrivning i året	10 907	7 721
B. IB Anleggsmidler	368 083	295 497
C. IB Lånegjeld	252 986	206 330
Minimumsavdrag (A/B*C)	7 496	5 391

Langsiktig gjeld i tråd med kommunelov § 50 nr. 6:

	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
Total lånegjeld IB	289 386	246 708
Startlån IB	36 400	40 377
Lånegjeld eks. startlån	252 986	206 330
Avdragsutgifter eks. startlån	83 660	11 745

I løpet av 2018 er tilskot til nytt omsorgssenter blitt brukt til nedbetaling av lån (MNOK 56,2). Denne nedbetalinga er ført via investeringsrekneskapet.

I tillegg er MNOK 19,6 av Havbruksmidlane 2018 vorte nytta til nedbetaling av lån.

8. Renter – sikring

Tysnes kommune sitt finansreglement seier fylgjande om låneporteføljen :

- Minimum 20% av gjeldsporteføljen skal ha flytande rente (rentebinding kortare enn eitt år)
- Minimum 20% av gjeldsporteføljen skal ha fast rente
- Resterande 60% skal verta vurdert ut i frå marknadssituasjonen

Rentebindingsavtalar pr. 31.12.18 (tal i kr.) :

<i>Bank</i>	<i>Utløpsdato lån</i>	<i>Utløpsdato fastrente</i>	<i>Fastrente sats</i>	<i>Saldo 31.12.18</i>
Kommunalbanken	25.08.2023	26.08.2019	3,94%	2 211 500
Kommunalbanken	15.12.2026	15.12.2022	3,66%	4 478 000
Kommunalbanken	19.12.2029	20.12.2021	1,82%	5 500 000
Kommunalbanken	23.12.2041	23.06.2022	3,80%	11 883 380
Kommunalbanken	22.12.2045	22.12.2020	1,85%	18 000 020
Kommunalbanken	01.10.2046	30.09.2021	1,87%	5 600 000
Kommunalbanken	27.08.2026	28.08.2023	2,25%	8 093 060
Husbanken (startlån)	01.07.2028	01.01.2022	2,97 %	1 715 851
Husbanken (startlån)	01.12.2030	01.01.2022	2,97 %	818 160
Husbanken (startlån)	01.08.2037	01.05.2023	2,78 %	4 440 000
Husbanken (startlån)	01.01.2038	01.05.2033	2,98 %	7 442 614
				<hr/> 70 182 585

Sum lån 31.12.2018 : 205 726 052

Andel fastrente : 34,1 %

9. Garantiansvar

Garantiansvaret innbefattar garantiar for tilsette sine lån, samt øvrege garantiar som kommunen har ansvar for. Eventuelle tap på garantiar eller innfriing av garantiar vert redegjort for under, samt eventuelle verknader på seinare års budsjett/rekneskap.

Tal i kr.

Garanti gitt til	Opprinneleg garanti	Garantibeløp 31.12.18	Utløp
Tysnes Industri AS	4 250 000	2 879 000	15.12.2039
Tysnes Vassverk SA	1 790 362	1 485 640	20.07.2028
Uggdal Vasslag SA	2 580 770	2 277 170	20.10.2033
Sum garantier	8 621 132	6 641 810	

10. Avsetjinger og bruk av avsetjinger

Beløp 1000 kroner

Disposisjonsfond		Beløp
Beholdning 01.01.	kr	40 325
Bruk av fondet i driftsregnskapet	kr	83
Bruk av fondet i investeringsregnskapet	kr	-
Avsetninger til fondet (fotnote 1)	kr	6 000
Beholdning 31.12.	kr	46 243

Bundne driftsfond		Beløp
Beholdning 01.01.	kr	9 387
Bruk av fondene i driftsregnskapet	kr	2 857
Bruk av fondene i investeringsregnskapet	kr	-
Avsetninger til fondene	kr	645
Beholdning 31.12.	kr	7 174

Ubundne investeringsfond		Beløp
Beholdning 01.01.	kr	1 203
Avsetninger til fondene	kr	-
Bruk av fondene	kr	-
Beholdning 31.12.	kr	1 203

Bundne investeringsfond		Beløp
Beholdning 01.01.	kr	58 089
Avsetninger til fondene (fotnote 2)	kr	-
Bruk av fondene (fotnote 2)	kr	53 955
Beholdning 31.12.	kr	4 134

Rekneskap 2018 - udisponert fond		Beløp
Beholdning 01.01 (udisponert overskot 2017) :	kr	7 353
Årets udisponerte resultat (mer- eller mindreforbruk)	kr	5 925
Årets disponering av tidlegare resultat (mer- eller mindreforbruk)	kr	-
Beholdning 31.12.	kr	13 278

Note 1:

Avsetjing til disposisjonsfond (før årets udisponerte overskot) er på MNOK 6.
Dette beløpet består av MNOK 5 til Havbruksfondet og MNOK 1 til integreringsfondet.

Note 2 :

I 2018 er siste del av investeringstilskotet (MNOK 53,9) til nytt omsorgssenter nytta til nedbetaling av lån

11. Kapitalkontoen

Kapitalkontoen skildrar kor mykje kommunen har brukt av sin eigenkapital til å finansiera anleggsmidlar. Dette kjem fram som differansen mellom balanseført verdi av anleggsmidlar og langsiktig gjeld justert for ubrukke lånemidlar.

Tal i 1000 kr.

Saldo 01.01.2018	-53 880
Auking av kapitalkonto (kreditposteringsar)	
Aktivering av fast eigedom og anlegg	-4 598
Reversert nedskrivning av fast eigedom og anlegg	-
Aktivering av utstyr, maskiner og transportmidlar	-769
Kjøp av aksjar og andelar	-100
Reversert nedskrivning av aksjar og andelar	-
Utlån	-620
Aktivert eigenkapitalinnskot pensjonskasse	-819
Avdrag på eksterne lån	-83 660
Auking pensjonsmidlar	-21 870
Reduksjon pensjonsforpliktingar	-
Reduksjon av kapitalkonto (debetposteringsar)	
Avgang fast eigedom og anlegg	4 391
Av- og nedskrivning av fast eigedom og anlegg	9 566
Avgang utstyr, maskiner og transportmidlar	-
Av- og nedskrivning av utstyr, maskiner og transportmidlar	1 342
Avgang aksjar og andelar	101
Nedskrivning av aksjar og andelar	-
Avdrag på utlån	1 766
Avskrivning utlån	-
Reduksjon eigenkapitalinnskot pensjonskasse	-
Bruk av midlar frå eksterne lån	4 566
Reduksjon pensjonsmidlar	-
Reduksjon pensjonsforplikting	3 000
Urealisert kurstap utenlandslån	-
Rekneskap 2018	-141 585

12. Investeringsoversikt

Tysnes omsorgssenter var ferdigstilt hausten 2017, med kun mindre rekneskapsmessige investeringar i 2018.

Ombygging Tysnes skule vil få effekt frå 2019.

13. Sjølvkost

Sjølvkost vert definert som den meirkostnad kommunen vert påført ved å produsera ei bestemt vare eller teneste. Kommunen må berekna dei faktiske kostnader innafor kvart tenesteområde og kontrollera mot dei rettslege rammer som er gjevne. Gebyrinntektene skal ikkje overstige kommunen sin sjølvkost over tid.

VAR-området :

Beløp i kr.

2018 Etterkalkyle sjølvkost	Avløp	Renovasjon	Slamtømming	Feiing	Totalt
Gebyrinntekter	2 216 145	3 887 086	978 121	542 781	7 624 134
Øvrige driftsinntekter	83 879	31 165	5 661	0	120 705
Driftsinntekter	2 300 024	3 918 251	983 782	542 781	7 744 839
Direkte driftsutgifter	1 948 367	3 723 158	1 651 772	389 938	7 713 234
Avskrivningskostnad	542 791	0	0	0	542 791
Kalkulatorisk rente (2,37 %)	291 693	0	0	0	291 693
Indirekte netto driftsutgifter	104 788	104 957	61 443	55 807	326 996
Indirekte avskrivningskostnad	4 295	1 468	268	258	6 288
Indirekte kalkulatorisk rente (2,37 %)	88	30	5	5	129
Driftskostnader	2 892 022	3 829 613	1 713 489	446 008	8 881 131
Resultat	-591 997	88 639	-729 707	96 773	-1 136 292
Kostnadsdekning i %	79,5 %	102,3 %	57,4 %	121,7 %	87,2 %

Selvkostfond 01.01	690 254	696 190	927 615	0	2 314 059
+ Avsetning til selvkostfond	0	88 639	0	0	88 639
- Bruk av selvkostfond	-591 997	0	-729 707	0	-1 321 704
+ Kalkulert renteinntekt selvkostfond (2,37 %)	9 344	17 550	13 337	0	40 231
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente)	107 600	802 380	211 245	0	1 121 225

Fremførbart underskudd 01.01	0	0	0	-208 871	-208 871
+ Inndekning av fremførbart underskudd	0	0	0	96 773	96 773
- Kalkulert rentekostnad fremførbart under	0	0	0	-3 803	-3 803
Fremførbart underskudd 31.12 (inkl. ren	0	0	0	-115 902	-115 902

Gebyrinntekter	2 216 145	3 887 086	978 121	542 781	7 624 134
Gebyrgrunnlag	2 808 143	3 798 448	1 707 828	446 008	8 760 426
Finansiell dekningsgrad i % (gebyrinntekter)	78,9 %	102,3 %	57,3 %	121,7 %	87,0 %

Byggesak og oppmåling :

2018 Etterkalkyle sjølvkost	Private planar	Byggesaks- planar	Oppmåling	Totalt
Gebyrinntekter	0	1 828 155	897 450	2 725 605
Øvrige driftsinntekter	0	654	0	654
Driftsinntekter	0	1 828 809	897 450	2 726 259
Direkte driftsutgifter	0	2 271 799	1 385 285	3 657 084
Avskrivningskostnad	0	0	45 656	45 656
Kalkulatorisk rente (2,37 %)	0	0	2 693	2 693
Indirekte netto driftsutgifter	0	110 545	59 125	169 670
Indirekte avskrivningskostnad	0	7 546	3 347	10 893
Indirekte kalkulatorisk rente (2,37 %)	0	155	69	223
Driftskostnader	0	2 390 045	1 496 174	3 886 219
Føreløpig resultat	0	-561 235	-598 724	-1 159 959
+ Subsidiert	0	561 235	598 724	1 159 959
Resultat	0	-1	-0	-1
Kostnadsdekning i %	0,0 %	76,5 %	60,0 %	70,2 %

Gebyrinntekter	0	1 828 155	897 450	2 725 605
Gebyrgrunnlag	0	2 389 391	1 496 174	3 885 565
Finansiell dekningsgrad i % (gebyrinntekter)	0,0 %	76,5 %	60,0 %	70,1 %



TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 53437020

UGGDAL, 29.03.2019

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
19/193-1	2917/19	001	TK//STDAL	

ÅRSMELDING 2018

Innhald

0. RÅDMANNEN SI INNLEIING	4
1. ØKONOMI.....	6
2. PERSONAL OG ORGANISASJON	20
2.1 Styringsstruktur.....	20
2.2 Organisasjonsdemografi	20
2.3 Likestilling.....	21

2.4 Arbeidsmiljø og sjukefråvær	22
2.5 Rekruttering	24
2.6 Kompetanse	25
2.7 Etikk.....	27
3. POLITIKK, UTVIKLING PROSJEKT OG PLAN	29
3.1. Politikk og samfunnsutvikling.....	29
3.2 Prosjekt.....	33
3.2.1 Digitalisering	35
3.3 Planarbeid	36
4. TENESTEOMRÅDA	37
4.1 Sentraladministrasjonen	37
4.1.1 Post og arkiv- fellestenesta	37
4.1.2 IT.....	38
4.1.3 Innkjøp.....	39
4.1.4 Eigedomsskatt.....	40
4.1.5 Samfunnstryggleik og beredskap.....	40
4.1.6 Klima og energi	40
4.1.7 Økonomi og løn	41
4.1.8 Næring og reiseliv.....	41
4.1.9 Kultur, idrett og friluftsliv	42
4.1.10 Folkehelse	45
4.1.11 Bibliotek	45
4.1.12 Tysneshallen	46

4.2 Oppvekst.....	48
4.2.1 Grunnskule.....	48
4.2.2 PPT	52
4.2.3 Spesialundervisning	52
4.2.4 Blå skule	54
4.2.5 Synspedagog.....	56
Arbeidet her er viktig og røynsler frå kartlegging i 6. klasse er at mange barn har utfordringar her som krev vidare oppfølging.	59
4.2.6 Skulefritidsordning - SFO.....	59
4.2.7 Vaksenopplæring	60
4.2.8 Kulturskulen	61
4.2.9 Barnehagar	62
4.2.9 Tenester for barn og familie.....	64
4.2.9.1 Helsestasjon	65
4.2.9.2 Psykisk helse for barn og unge	66
4.2.9.3 Barnevern.....	66
4.3 Helse og sosial.....	68
4.3.1 Utviklingstrekk i etaten.....	68
4.3.2 Helseavdelinga.....	69
4.3.2.1 Psykisk helse.....	69
4.3.2.2 Legekontor	70
4.3.2.3 Legevakt.....	71
4.3.2.4 Fysioterapi	72
4.3.2.5 Ergoterapi.....	73

4.3.3 Pleie- og omsorg	75
4.3.3.1 Institusjon	75
4.3.3.2 Open omsorg.....	77
4.3.3.3 Tenester for funksjonshemma.....	78
4.3.4 NAV og flyktingtenesta	79
4.4 Landbruk og teknisk	82
4.4.1 Eining for forvaltning	82
4.4.1.1 Plan og byggjesak	82
4.4.1.2 Kart og oppmåling	85
4.4.1.3 Landbruk.....	87
4.4.2 Eining for brann og teknisk drift.....	89
4.4.2.1 Brann og redningsteneste.....	89
4.4.2.2 Teknisk drift.....	91
5. Avslutning	93

0. RÅDMANNEN SI INNLEIING

2018 har vore eit nytt spanande år for Tysnes kommune og for Tysnes samfunnet.

I byrjinga av driftsåret vart det vedteke mandat og seinare ramme for investering i nytt mellomtrinn på Tysnes skule. Arbeidet har stort fokus og vil gje ei heilt naudsynt oppgradering av skulen og gjera Tysnes skule til ein moderne og framtidsretta skule!

I slutten av 2017 flytta me inn i det nye omsorgssenteret og 2018 er det første heile driftsåret innanfor det nye senteret. Me ser at året ikkje har vore utan utfordringar, men me ser også at nye tenester slik som til dømes dagesenter for heimebuande har vore ein suksess. I løpet av 2019 vil det vera trong for å gjera naudsynte avklaringar opp mot innhald i omsorg pluss og ikkje minst ta med oss røynslene me gjorde i 2018 for å sikra eit ennå betre konsept kring drifta.

2018 er første året på lenge der me har eit fall i folketalet gjennom året, utviklinga er verd å merkje seg og er mellom anna knytt til at me ikkje lenger får høve til å motta flyktningar. Det bør likevel vera grunn for optimisme med omsyn til framtidig vekst i kommunen, ikkje minst i ljøs av fortsatt gode fødselstal. Når plan for nytt bustadfelt i Uggdal vart vedteken i 2018 og arbeidet med utvikling av Krokjen-Lande no er i full gang bør det liggja til rette for vekst i alle bygdene våre.

Den økonomiske utviklinga til kommunen var også positiv siste året, me ser særskilt at inntektene er noko større enn føresett. Det vart også gjort ei stor utbetaling frå Havbruksfondet i 2018, om lag 19 millionar vart nytta til nedbetaling av gjeld medan 5 millionar vert sett av til eit investeringsfond. Me ser også at skatteinnngongen i kommunen er vesentleg høgare enn budsjett, i sum er det desse to faktorane som forklarar at me fekk eit større overskot enn venta i verksemda førre år. No er det ikkje slik at kommunen har som mål å generere store overskot, men dei overskota som er generert dei seinare år er truleg naudsynt om me ser det opp mot at det også vert gjennomført store investeringar frametter. Ei god og sunn økonomisk drift er også ein føresetnad for at me over tid skal kunne levere eit tenestetilbod med god kvalitet.

I 2018 vart det gjort eit stort og viktig arbeid for å få oppdatert kommuneplanen sin samfunnsdell. Planen har ikkje vore rullert sidan 2003 og det vart no tid for at det blei gjort. Planen kom ikkje til endeleg vedtak før i 2019, men når planen no ligg der gjev den eit godt grunnlag for vidare arbeid med kommuneplanen sin arealdel som må følgjast vidare opp i 2019.

Samferdsle og kommunikasjonar har hatt stor merksemd i 2018, dette gjeld ikkje minst oppfølging og tilpassing til dei nye ferjeanbodene som skal tre i kraft frå 2020. Det har vore uro knytt til både tilbod og pris i høve dei nye kontraktane, arbeidet her held fram i 2019 og me har tru på at

det endelege tilbodet vil verta utforma slik at det gagnar Tysnessamfunnet på ein god måte. Arbeidet med E39 har teke lengre tid enn me skulle ønskja, me har von om at kommunedelplan for prosjekttet kjem til vedtak no før sumaren. I 2018 deltok kommunen i ein retta aksjeemisjon i pådrivarselskapet Hordfast AS. Det kan også nemnast arbeid for å koma i gang med planlegging av bruløysing til Huglo og eit spande prosjekt med tilkopling til Kvinnherad gjennom Sunnfast.

Årsmeldinga har om lag same oppbygging som tidlegare år. Me har i år tatt med litt om det synspedagogiske tilbodet som vert tilbydd i verksemda, dette er eit spanande nybrottsarbeid som truleg ville kunne vera interessant også for andre kommunar å vurdera.

God lesnad!

Med helsing
Tysnes kommune

Steinar Dalland
rådmann

1. ØKONOMI

Hovudtal for drifta 2018

Inntekter :

Tal i 1000 kroner

<i>Rekneskap 2018</i>	<i>Regulert budsjett 2018</i>	<i>Opprinneleg budsjett 2018</i>	<i>Rekneskap 2017</i>
-----------------------	-----------------------------------	--------------------------------------	-----------------------

DRIFTSINNTEKTER				
Brukarbetaling	-11 646	-10 779	-10 779	-11 450
Andre sals- og leigeinntekter	-20 388	-20 443	-20 443	-20 639
Overføringer med krav til motytelsar	-42 319	-27 551	-27 224	-39 324
Rammetilskot frå staten	-99 114	-101 882	-101 882	-100 062
Andre statlege overf.	-25 654	-25 046	-902	-1 194
Andre overføringer	-62	-20	-20	-2 231
Skatt på inntekt og formue	-90 838	-82 993	-82 993	-83 729
Eigedomsskatt	-10 438	-10 350	-10 350	-10 302
Andre direkte og inndirekte skattar	-	-	-	-
Sum driftsinntekter	-300 458	-279 064	-254 593	-268 932

I 2018 mottok kommunen 24,1 mill.kr frå Havbruksfondet, og desse er ført som inntekt i driftsrekneskapet. Av desse midlane vart 19 mill.kr nytta til nedbetaling av gjeld.

I tillegg vart også 2018 eit godt skatteår. Skatteinngongen låg 7,8 mill.kr over budsjett. Skatt pr. innbyggjar før skatteutjemning enda på 103,6% av landsgjennomsnittet (og 100,3% etter utjamning). Dette må seiast å vere svært bra, og vitner om ein kommune med god næringsaktivitet.

I motsatt ende enda rammetilskotet 2,8 mill.kr under budsjett. Dette har dels samanheng med den gode skatteinngongen, men også at me ikkje har den same auken i folketalet som tidlegare år. Folketalsauken i 2017 (10) og 2016 (50) var bra, mens 2018 enda med ein nedgong på 11 personar.

Utgifter :

Tal i 1000 kroner

DRIFTSUTGIFTER

Lønsutgifter

Sosiale kostnader

Kjøp som inngår i kommunal prod.

Kjøp som erstattar eigen prod.

Overføringar

Avskrivningar


Fordelte utgifter

Sum driftsutgifter

	<i>Rekneskap 2018</i>	<i>Regulert budsjett 2018</i>	<i>Opprinneleg budsjett 2018</i>	<i>Rekneskap 2017</i>
Lønsutgifter	145 980	145 074	141 835	141 503
Sosiale kostnader	32 958	36 078	38 260	32 759
Kjøp som inngår i kommunal prod.	52 743	38 682	37 922	43 880
Kjøp som erstattar eigen prod.	16 378	13 767	13 427	12 905
Overføringar	15 062	13 062	13 092	13 295
Avskrivningar	10 907	8 111	8 111	7 721
Fordelte utgifter	-3 149	-4 045	-4 045	-2 387
Sum driftsutgifter	270 880	250 730	248 602	249 676

Utgiftene auka med 8% frå 2017 til 2018, noko som er mindre enn tilsvarende auken i inntekter. Mellom anna auka avskrivninga som fylgje av oppstart av det nye omsorgssenteret.

Samansetjinga av driftsutgifter 2018 kan illustrerast som fylgjande :



Lønsutgifter inkl. sosiale kostnader utgjør 65 % i 2018, mot 69 % i 2017.

I tillegg til egne lønsutgifter er det leigd inn personell til tenesteyting, der omsorgssenteret (5,1 mill.kr.) og heimesjukepleien (6,3 mill.kr.) utgjør dei største postane. Tilsvarende tal for 2017 var høvesvis 4,9 mill.kr og 1,2 mill.kr.

Netto driftsresultat :

Tal i 1000 kroner

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat i %

Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Opprinneleg budsjett 2018	Rekneskap 2017
-10 549	-4 675	-90	-13 113
3,5 %	1,7 %	0,0 %	4,9 %

Netto driftsresultat vart i 2018 på 10,5 millionar kroner (3,5%). I dette talet ligg det netto 5 mill.kr frå Havbruksfondet.

Resultatet for 2018 må seiast å vere tilfredsstillande, om enn noko svakare enn i 2017.

Netto driftsresultat er før avsetjingar til frie- og bundne fond.

Avvik mot opphavelig budsjett kan i all hovudsak forklarast ut i frå inntektssida (i 1000 kr) :

Budsjettert netto driftsresultat	1
Verkeleg netto driftsresultat	10 549
Avvik	10 548
Inntekt Havbruksmidlar	24 144
Brukt til nedbetaling lån	19 000
Netto frå Havbruksmidlar	5 144
Meirinntekt skatt	7 844
Tap rammetilskot	-2 768
Netto skatt/rammetilskot	5 076
Sum auka inntekter	10 220

I regulert budsjett vart inntekter frå Havbruksfondet samt disponering av deler av desse midlane til nedbetaling lån lagt inn. Difor auka budsjettert netto driftsresultat frå 0 til 4,7 mill.kr.

I tillegg vil det vere ei rekke mindre faktorar som går begge vegar i høve til budsjett.

I 2018 er lånegjelda redusert med 83,7 mill.kr. Dette har si årsak i ekstra nedbetaling på 19 mill.kr frå havbruksmidlane og 54,4 mill.kr. frå tilskotet til omsorgssenteret. Sistnevnte beløp er ført via investeringsrekneskapet. I tillegg kjem ordinære avdrag. Med desse disponeringane er me godt rusta opp i mot investeringane som ligg i økonomiplanen.

Resultat og disponering :

Tal i 1000 kroner

BRUK AV AVSETNINGAR

Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre forb

Bruk av disposisjonsfond

Bruk av bundne fond

Sum bruk av avsetningar

	<i>Rekneskap 2018</i>	<i>Regulert budsjett 2018</i>	<i>Opprinneleg budsjett 2018</i>	<i>Rekneskap 2017</i>
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre forb	-	-	-	-11 332
Bruk av disposisjonsfond	-83	-300	-300	-0
Bruk av bundne fond	-2 857	-1 644	-1 644	-1 194
Sum bruk av avsetningar	-2 940	-1 944	-1 944	-12 525

AVSETNINGAR				
Overføring til investeringsrekneskap	919	850	850	782
Dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	-	-	-	-
Avsetting disposisjonsfond	6 000	5 654	1 069	13 500
Avsetting til bundne driftsfond	645	116	116	4 004
Sum avsetninger	7 565	6 619	2 035	18 285
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	-5 925	-	-0	-7 353

Bruk av bundne driftsfond er på 2,9 mill.kr. Av desse utgjer bruk på avløp 1,3 mill.kr, dette skuldast i hovudsak tøming av slam i 2018. I tillegg er det brukt 0,5 mill.kr av den testamentariske gåva på omsorgssenteret, og eit tilsvarende beløp innafor rusområdet.

Avsetting til disposisjonsfond er på 6,0 mill.kr, og består av 5,0 mill.kr til eit framtidig investeringsfond (frå havbruksmidlane) og 1,0 mill.kr til flyktning-/integreringsfondet.

Netto mindreforbruk for året er på 5,9 mill.kr., og vert føreslått overført til disposisjonsfondet.

Frie fond :

Sum av frie driftsfond er ved utgangen av året på 46,2 mill.kr. I tillegg kjem årets og fjorårets mindreforbruk på til saman 13,3 mill.kr. Samla utgjer desse 59,5 mill.kr.

Frie investeringsfond er på 1,2 mill.kr. Merk at avsetjinga frå havbruksmidlane (5,0 mill.kr) rekneskapsmessig ligg som eit fritt driftsfond inntil dei er vedteke brukt på eit prosjekt.

Nøkkeltal for drifta :

	2018	2017	2016
Resultatgrad (<i>netto driftsresultat/sum driftsinntekter</i>)	3,5 %	4,9 %	4,0 %
Frie fond / disp.fond (<i>disp.fond/sum driftsinntekter</i>)	19,8 %	17,7 %	15,1 %
Gjeldsgrad (<i>lånegjeld ex. startlån/sum driftsinntekter</i>)	57,0 %	94,0 %	82,0 %

Investeringar :

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2018	Regulert budsjett 2018	Opprinneleg budsjett 2018	Rekneskap 2017
UTGIFTER				
Lønsutgifter	846	987	987	741
Sosiale utgifter	273	228	228	157
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	13 222	15 846	19 906	72 127
Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	-	-	-	-
Overføringar	4 915	4 221	5 236	16 216
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	-	-	-	1 353
Fordelte utgifter	-	-	-	-
Sum utgifter	19 256	21 283	26 358	90 594

På investeringssida har 2018 vore eit «mellomår», der bygging av nytt omsorgssenteret er rekneskapsmessig avslutta.

Tal pr. eining (inkl. fondsbevegelser) :

Underståande tabellar viser tal per eining fordelt etter hovudkapitell.

Sentraladm./stab/støtte

Ansvar	Ansvar (T)	2018			2017	2016
		Rekneskap	Rev. Budsjett	Avvik	Rekneskap	Rekneskap
1100	Kommunestyre, formannskap, nemnder	3 519 072	3 534 356	15 284		2 849 425
1120	Rådmannskontor	7 503 598	7 487 826	-15 772		6 919 526
1140	Utval/råd	51 679	91 870	40 191		58 391
1150	Administrasjonsbygg	1 048 067	1 104 490	56 423		970 855
1180	Fellesfunksjonar	5 464 007	5 367 514	-96 493		5 576 753
1181	Tillitsvald	456 641	445 067	-11 575		436 851
1192	Kommuneval – stortingsval	4 000	-	-4 000		108 746
1430	Næringsutvikling	341 042	458 993	117 952		462 213
1434	Reiseliv	195 099	204 150	9 051		402 381
1455	Veterinær	150 000	150 000	0		156 167
1456	Veterinærsamarbeid	-597	-	597		2 852
1459	Andre næringsføremål	-	-	-		96 104
1460	Alkoholomsetnad -kontroll	-58 474	-26 000	32 474		-42 374
1500	Kultur	1 382 557	1 258 352	-124 205		1 501 409
1501	Tysneshallen	486 032	395 274	-90 758		702 110
1510	Bibliotek	853 883	923 208	69 325		642 370
1542	Folkehelsekoordinator	258 342	359 646	101 304		238 546
1570	Kyrkjeleg administrasjon	2 149 316	2 139 980	-9 336		2 089 860
1580	Truomssamfunn	85 536	70 000	-15 536		72 154
		23 889 800	23 964 725	74 926		23 244 338

Eininga sentraladm/stab/støtte kjem samla ut på budsjett for 2018

Oppvekst :

Ansvr	Ansvr (T)	2018			2017	2016
		Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik	Rekneskap	Rekneskap
2000	Administrasjon oppvekstetaten	527 102	576 217	49 115	450 493	681 130
2100	Fellestiltak skulane	3 201 323	3 296 327	95 004	2 448 474	3 015 666
2120	Onarheim skule	3 335 926	3 364 815	28 889	3 099 852	3 011 456
2140	Tysnes skule	22 850 517	23 769 114	918 598	22 288 727	21 941 161
2150	Uggdal skule	11 341 450	11 499 685	158 235	10 970 978	9 216 148
2200	Fellestiltak barnehagar	1 510 385	1 818 296	307 911	1 949 626	1 719 329
2210	Stjernereiso barnehage	9 085 102	8 734 547	-350 555	8 326 074	8 199 657
2220	Onarheim barnehage	7 963 864	7 629 072	-334 793	5 887 635	5 970 260
2230	Vågsmarka barnehage	3 793 070	3 587 773	-205 296	3 550 204	3 619 758
2250	Lunde barnehage	200	-	-200	-	-
2301	Kulturskule	914 651	1 061 477	146 826	966 967	814 794
2420	Invandr.- og flyktn.underv.	-945 423	-415 569	529 853	-1 199 097	6 157
2910	Psykisk helsearbeider barn og unge	557 888	756 036	198 147	659 582	576 754
3120	Helsestasjon/jordmorteneste	1 651 525	1 712 896	61 371	1 649 204	1 597 692
3201	Barneverntenester	5 812 484	4 951 843	-860 642	5 256 179	4 874 647
		71 600 062	72 342 527	742 464	66 304 900	65 244 608

Eininga Oppvekst kjem ut med eit samla mindreforbruk på 0,7 mill.kr. (1%)

Helse og sosial :

Ansvar	Ansvar (T)	2018			2017	2016
		Rekneskap	Rev. Budsjett	Avvik	Rekneskap	Rekneskap
3000	Helse- og sosialadministrasjon	814 050	1 495 422	681 373	1 802 315	1 512 472
3100	Offentleg legerarbeid	272 498	304 357	31 859	260 153	258 011
3110	Legekontor	5 309 347	4 516 894	-792 452	4 623 229	4 597 888
3130	Fysioterapi	1 642 888	1 641 792	-1 096	1 603 688	1 536 275
3140	Ergoterapi	882 702	838 567	-44 135	822 800	788 780
3200	Sosiale tenester	2 146 944	2 180 612	33 667	1 985 564	2 778 936
3202	Edruskap	80 071	64 728	-15 343	11 164	15 035
3210	Mottak flyktningar	-78 822	93 845	172 668	-2 333 108	474 389
3300	Administrasjon	-	-	-	-	95 298
3301	Pleie og omsorg	-	-	-	-	82 565
3310	Tysnes omsorgssenter	28 944 749	28 321 822	-622 927	27 923 784	27 662 346
3330	Heimesjukepleie	15 510 098	12 772 137	-2 737 961	11 591 201	10 185 869
3340	Heimehjelp	4 156 843	4 534 880	378 037	3 852 388	3 871 983
3351	Haugen bufellesskap	9 131 525	8 615 407	-516 118	8 337 852	7 570 638
3352	Vågsmarka bufellesskap	5 522 983	5 588 127	65 144	5 759 174	5 934 606
3361	Trygde- og omsorgsbustader, Uggdal	-1 011 077	-1 175 000	-163 923	-725 737	-754 567
3362	Trygde- og omsorgsbustader, Våge	-1 028 136	-910 000	118 136	-1 067 183	-1 035 253
3363	Trygde- og omsorgsbustader, Nymark	-183 558	-240 000	-56 442	-352 093	-314 805
3370	Psykiatri	1 948 650	1 945 254	-3 396	1 887 315	1 848 037
3400	Tiltak for funksjonshemma	3 470 177	2 812 630	-657 547	3 017 336	2 907 424

3410	Dagsenter	1 894 921	2 068 235	173 313	1 853 135	1 835 855
3600	Friviljugsentral	354 026	368 232	14 206	339 225	148 030
		79 780 878	75 837 942	-3 942 936	71 192 201	71 999 812

Eininga Helse og sosial har hatt eit samla meirforbruk på 3,9 mill.kr. (5%)

Landbruk og teknisk :

Ansvar	Ansvar (T)	2018			2017	2016
		Rekneskap	Rev. Budsjett	Avvik mot	Rekneskap	Rekneskap
4000	Landbruk- og teknisk administrasjon	89 256	108 543	19 287	171 558	151 876
4100	Jordbruk	1 471 857	1 444 026	-27 832	1 412 481	1 314 023
4220	Viltforvaltning	-	-0	-0	-	7 120
4300	Kart, oppmåling, skilting m.m.	1 060 005	649 122	-410 883	682 122	449 859
4410	Brann	3 370 765	3 182 899	-187 866	3 224 740	2 749 188
4420	Byggforvaltning	458 990	688 797	229 807	776 575	872 831
4500	Bygg- og eigedomsforvaltning	6 240 127	5 513 421	-726 706	5 021 256	4 668 162
4560	Renovasjon	-88 905	-74 475	14 429	-89 341	-
4570	Kloakk	-392 024	-285 834	106 190	-312 267	-200 203
4580	Vassverk	92 361	200 000	107 639	-	-
4590	Vegar	3 675 177	3 254 577	-420 600	2 679 363	2 679 542
	SUM	15 977 608	14 681 075	-1 296 534	13 566 487	12 692 399

Eininga Landbruk og teknisk fekk eit meirforbruk på 1,3 mill. kr mot budsjett (9%), det er å merkja seg at me ikkje når inntekstmåla våre på fagområda oppmåling og plan og byggesak.

Finans :

		2018			2017	2016
Ansvar	Ansvar (T)	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik	Rekneskap	Rekneskap
9000	Finans	-191 248 348	-186 826 268	4 422 080	-174 307 926	-171 779 242

Området finans viser eit overskot på 4,4 mill.kr. På finans ligg dei «store» inntektene slik som rammetilskot og skatt, samt innbetaling frå Havbruksfondet. Slutføring av pensjonskostnader ligg også på dette området.

2. PERSONAL OG ORGANISASJON

2.1 Styringsstruktur




Fig. 2.1: Styringsstruktur 2018

Strategisk leiing har vore sammensett av rådmann, kommunalsjef helse og sosial, kommunalsjef oppvekst, økonomisjef og prosjektsjef. Forutan fellestenesta og stab rapporterer også forvaltning og brann/drift og vedlikehald til rådmann. Skular, barnehage og eining for brann og familie rapporterer til kommunalsjef oppvekst. Institusjon, open omsorg, helse og NAV rapporterer til kommunalsjef helse og sosial. Kommunalsjef oppvekst er rådmannen sin faste stedfortreder. Haakon Haaland gjekk formelt inn i rolla som prosjektsjef i 2018.

2.2 Organisasjonsdemografi

Gjennomsnittsalder for tilsette i Tysnes kommune er p.t. 43,9 år. 50 av dei tilsette er 60 år og eldre, noko som betyr at me i næraste framtid vil måtte rekruttera mange nye medarbeidarar. Me ser samstundes at det har vore ei viss avgang sist år og at gjennomsnittsalderen vår såleis er på veg ned.

Kloke val og moglegheiten til å ha litt is i magen kan føra til at ei naudsynt fornying går fint. Me ser også at det er svært ønskjeleg å halda på den kompetansen dagens seniorar har. Tysnes kommune er positiv til å vurdera overgang til pensjonistløn avtaler der dette kan vera mogleg. Under føresetnad av at me også i framtida lukkast med både seniorpolitiske tiltak og får ein arbeidsgjevrapolitikk som også er attraktiv for nye søkjarar så er det eit rett punkt.

2.3 Likestilling

I Tysnes kommune er 81 % av dei tilsette kvinner, dette inkluderer alle stillingar, andelen kvinner vert noko høgare om me held tilsette i brannvesenet utanom. Målt i talet på årsverk er 83,8 % av årsverka utført av kvinner. Kvinner i verksemda har ein gjennomsnittleg stillingsstorleik på litt i overkant av 73,6 %, tilsvarande stillingsstorleik for menn er noko lågare om me reknar inn brannmannskap. Dersom me held denne gruppa utanom er gjennomsnittleg stillingsstorleik for menn noko høgare. Dette er mellom anna knytt til at kvinner er overrepresentert innan fagområde der det vert nytta mykje delstillingar slik som pleie- og omsorg og oppvekst. Den samla andelen som har full stilling i verksemda har gptt opp litt samanlikna med 2016

Tabellen under viser samanlikning av månadsforteneste for menn og kvinner i Tysnes kommune 2016-2018. Generelt ligg kvinner sin månadsforteneste noko lågare enn tilsvarande tal for menn, dersom me samanliknar stillingar med same stillingskode er løna i realiteten lik.

	2016	2017	2018
Justert for	Kvinner si månadsforteneste i % av menn si forteneste	Kvinner si månadsforteneste i % av menn si forteneste	Kvinner si månadsforteneste i % av menn si forteneste
Ujustert	84,7	87	85,9
Alder	84,6	87,8	87
Stillingsgruppe	97,8	98,4	96,7
Stillingskode	99,8	101,4	101,1
Utdanning	98,5	105,1	94

Tysnes kommune har ikkje særskilt planverk som gjev grunnlag for kvotering til stillingar basert på kjønn, etnisitet eller funksjonshemming. Det har ikkje vore vurdert å nytta kvotering.

2.4 Arbeidsmiljø og sjukefråvær

Det samla sjukefråværet i Tysnes kommune har ei positiv utvikling frå 2016-2017 og me nærmar oss målsettinga om eit samla nærvær på 96 %.

Dei siste åra har det vore fokusert på leiaropplæring med særskilt fokus på korleis me kan leggja til rette for auka nærvær. Opplæringa vart utført i samarbeid med NAV arbeidslivssenter og har vore fylgt opp vidare med dialogmøter på arbeidsstadane, hausten 2016 og våren 2017. På desse møta har einingsleiar, tillitsvalde, verneombod, personal og NAV arbeidslivssenter sett nærare på nærværarbeidet på den einskilde arbeidsstad.

Tab 2.1: Oversyn over samla sjukefråvær

	2014	2015	2016	2017	2018
Samla fråvær	10,55 %	8,40 %	7,37 %	7,19 %	7,65 %
Andel korttidsfråvær	25,57%	30,94 %	33,65 %	40,9 %	37,8 %
Andel langtidsfråvær	74,43 %	69,06 %	66,35 %	59,1 %	62,2 %


Tab. 2.2:
Sjukefråvær delt per sektor og fråværstype 2015-2018

	2015	2016	2017	2018
Samla				
Sentraladministrasjonen	2,0%	1,9%	2,57%	2,1 %
Oppvekst	7,2%	8,2%	8,1%	7,3 %
Helse- og sosial	11,1%	7,5%	7,19%	8,5 %
Landbruk og teknisk	7,8%	7,7%	6,23%	9,4 %
Samla	8,7%	7,4%	7,19%	7,65%

Sjukefråværet i 2018 viser ein samla oppgang. Oppgangen skjer på sektorane landbruk og teknisk samt helse og sosial. Innan oppvekst og sentraladministrasjonen viser samla fråvær ein viss nedgang. Aamla sjukefråvær i Tysnes kommune ligg under det samla sjukefråværet i sektoren som er på 9,8 %. Det er også verd å merkja seg at Tysnes kommune ligg lågare enn gjennomsnittet for kommunesektoren innan alle sektorområda, differansen opp til sektoren er størst innan for administrasjon, barnehagar og pleie og omsorg.¹

¹ Kjelde: Tal frå PAI/KS – sjukefråværsprosent for perioden 4. kvartal 2017 t.o.m. 3. kvartal 2018.

Det er arbeida ein del med tiltak for å redusera fråværet i 2018, det har då særskilt vore eit fokus på fråvær i barnehager, trenden er positiv. I 2019 vert det eit vidare fokus på leiaropplæring mellom anna med eit særskilt fokus på oppfølging av sjukmeldte.



2.5 Rekruttering

Totalt har det vore gjort 24 tilsetjingar i 2018, dette inkluderer både faste tilsetjingar og mellombelse tilsetjingar gjennom vikariat og anna.

Turnover, målt som endring i ansattgruppe frå 1. desember eitt år til 1. desember neste år, er relativt lav i Tysnes kommune. Dersom me ser gjennomsnitt frå 2015 til 2018 er endringane klart størst i tilsettgrupper utan krav til utdanning, her er turnover 17,2 % i perioden, tilsvarende tal for fagutdanna er 14,7 %. For tilsette i høgskulegruppa (sjukepleiarar, vernepleiarar, sosionomar med vidare) er turnover 13,8 %. Dette måler dei som av ulike grunnar vel å slutte i verksemda, eller går av med pensjon. Den klart største avgangen i Tysnes kommune er for dei som går av med pensjon.

Det er elles positivt å merkja seg at det i tilsettgrupper utan krav til utdanning er ein kvalifiseringsprosent på 5,4 % i året, det betyr at dei i løpet av året tileignar seg kompetanse som fører til ny innplassering av stillinga.

2.6 Kompetanse

I dette avsnittet kommenterer me kort om viktige trekk i høve til kompetanseutvikling i verksemda. Krava til tenestane er stadig aukande og det er kritisk viktig at det vert gjennomført kompetansetiltak.

Sentraladministrasjon/stab/støtte

Bibliotekssjefen tar vidareutdanning ved bibliotekshøgskulen for å ivareta dei formelle kvalifikasjonskrava som ligg til stillinga. Elles kan det nemnast at det er gjennomført ein del kompetanseheving på innkjøp og eigedomsskatt i samband med utskifting av personell.

Landbruk og teknisk

I desember 2016 meldte byggesaksavdeling, Tysnes Kommune, seg på nettverkssamarbeid med andre kommunar i Hordaland, med Bergen Kommune som *vertskommune*. Nettverkssamarbeid er i regi av NKF med kurs, opplæring av aktuelle tema innanfor byggesak. I 2018 har det vore to nettverkssamlingar. Etter ein tragisk bortgang i 2018 har elles avdeling behov for å erstatte viktig kompetanse innanfor forvaltning av avløp, her er det sett i gang tiltak for kompetanseheving og leiar har mellom anna delteke på kurs no i 2019.03.29

Innanfor teknisk drift er det gjennomført ein del kurs og kompetansetiltak med særskilt fokus opp mot avlaup. Brann og redning har hatt eit hovudfokus på overflateredning som i realiteten er ei nyttilført oppgåve.

Helse- og sosial

Fleire av legane og forkontor personale har gjennomført kurs i akuttmedisin.

Innanfor fagområde psykisk helse er ein medarbeidar under vidareutdanning i kognitiv terapi, og skal etter planen vera ferdig hausten 2019.

Forutan dette har psykiatrisk sjukepleiar delteke på ulike kurs i løpet av 2018, Septemberkonferansen, Mentaliseringsbasert terapi (v/ Bergensklinikkene) og kristeteamskulen i regi av RVTS. Psykisk helseteneste og psykisk helearbeidar for barn og unge får veiledning eksternt v/ psykolog Kristine Tofte kvar 6.veke. Det har vore viktig og me har hatt god nytte av veiledninga.,

Det har vore ulike kurs i fysioterapitenesta, mellom anna «Grunnkurs i Fysioterapi for eldre». Ergoterapeut har som del av tilpassing til stillinga gjennomført ein rekkje grunnkurs knytt topp mot bustadkartlegging, godkjenningskurs for hjelpemidlar, tingingsrutinar med vidare.

Innanfor institusjonstenester har det ikkje vore så stor aktivitet på kurs og utvikling dette året, sidan ressursane mest har gått til å få nye rutinar på plass. Inneverande år vil me ha større fokus på dette. I 2018 var dette prioritert:

- 5 tilsette starta teoridel, helsefag v/ Fusa vgs. Permisjon 1 dag pr veke, samt tilrettelagt praksis.
- 1 sjukepleiar starta studium, avansert gerontologi, 60 studiepoeng v/ Betanien høgskule.
- 1 ufaglært tilsett har hatt praksis løna av prosjektmidlar med mål om å skaffa seg realkompetanse, helsefagarbeidar.
- Kjøkkensjef delteke kurs Internkontroll matproduksjon. (HACCP)
- 4 deltakarar kurs, «kommunikasjon i praksis» v/ psykolog Lise Næss, Senter for gerontologi.
- 4 deltakarar, seminar «Livsglede for eldre» HVL
- Fagdag for alle helsefaglege tilsette om legemiddelrelaterte problem v/ Farmasøyt Jakob Hagan.

I open omsorg har ein sjukepleiar vore under vidareutdanning til kreftsjukepleiar, utdanninga vart ferdigstilt i juni 2018. Det er elles gjennomført elektroniske kurs knytt til legemiddelhandtering, HLR, kosthold og næring, legemiddelhandtering ved diabetes, rus og psykiatri, hjerte og karsjukdomar. Tenesta har hatt tre deltakarar til Velferdsteknologien sitt ABC.

Oppvekst

3 tilsette i Barn og familie som har teke vidareutdanning i Psykososialt arbeid med barn og unge. Det er og gjennomført kompetanseheving i «Avdekking,- kva så?», i høve arbeid med vald og overgrepssaker, i regi av RVTS. Denne utdanninga vart avslutta våren 2018. I tillegg hadde ein i april 2018 ytterlegare kompetanseløft i form av COS sertifisering. (sertifisering som foreldrerettleiar etter Circle of security modellen. Helsesjukepleiarane og fysioterapeut i skulehelsetenesta gjennomførte eit kurs i overvekt og fedme.

Hausten 2017 starta barnehagane i Tysnes eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet med forskningsprosjektet Digisus. Her vert 8 av våre tilsette frikjøpt for å auka kompetansen til seg sjølv og kollegane sine i Digital satsing utan skjerm. Dette prosjektet har vorte jobba med gjennom heile 2018 og vil forsette i heile 2019. Me har ein barne- og ungdomsarbeidar som held på med arbeidsplassert utdanning for å bli barnehagelærar.

To av pedagogane i barnehagane våre tek vidareutdanning i spesialpedagogikk. Ein faglærer tek vidareutdanning som barnehagelærer. Alle skulane og barnehagane deltek i Språkløyper og dette er kompetanseheving av heile personalet og må gjennomførast i dei einskilde einingane.

Skuleleiarane og barnehageleiarane har hatt eit kompetanseutviklingsprogram i regi av KS og Midthordland kompetanseregion. Dette vart avslutta på regionsnivå hausten 2017. Me har fått tilskot til å vidareføra dette arbeidet i leinga på skulane våre, noko rektorane er særst nøgde med.

Planleggingsdagen for skulane i august 2018 vart nytta til KS- konsulent , og hadde temaet Stortingsmelding 28,- Fag - Fordypning – Forståelse og «Ny generell del av læreplanen». Skuleleiarane fekk og saman med KS delta på ein studietur «Challenging learning, med James Nottingham. I «Kompetanse for kvalitet», vidareutdanning for lærarar, har 1 lærar gjennomført vidareutdanning i tysk, med eksamen våren 2018. Ein lærar har teke vidareutdanning i profesjonsfagleg digital kompetanse og ein held på med vidareutdanning i engelsk. Desse skal ta eksamen våren 2019. Skuleleiinga jobbar for at alle lærarane som ikkje har studiepoeng i dei faga det vil krevst for i 2025, skal vidareutdanna seg. På barnetrinnet vil dette gjelda 30 studiepoeng i faga norsk, matematikk og engelsk. I ungdomsskulen vil det krevst 60 studiepoeng for dei som skal undervisa i norsk, engelsk og matematikk, medan dei andre faga i ungdomsskulen vil krevja 30 studiepoeng. Oppvekst har eigen Kompetanseutviklingsplan.

2.7 Etikk

Etiske retningslinjer for Tysnes kommune vart rullert av kommunestyre i april 2018. I samband med denne rulleringa har personalavdelinga fylgt dette opp gjennom møte på dei fleste arbeidsstadar siste året. Hovudfokus i desse møta har vore etiske retningslinjer, varslingsrutiner og konflikthandtering.

Fokus på etiske retningslinjer er teke inn som ein del av introduksjonsprogrammet for nytilsette i verksemda, det vert elles arbeid ein del med etisk refleksjon i høve til personal og avdelingsmøter, dette vert litt ulikt ivareteke frå avdeling til avdeling. Nokre avdelingar har etikk som eit fast punkt på møter, medan nokre arbeider opp mot å gjera det til eit større tema på einskilde møter der dei går gjennom ulike case. I barnehagane er det lagt eit løp der etikk er eit tema på alle avdelingsmøter i august månad, då dette er månaden med flest nytilsette.

Heile Oppvekstsektoren hadde hausten 2018 ein felles planleggingsdag der advokat Kurt O. Bjørnnes snakka om «Taushetsplikt og samarbeid». Elles skal både skular og barnehagar gå igjennom Etiske retningslinjer ved oppstart av nytt skule- og barnehageår. Barnevernet deltek i Tenestestøtteprogrammet, der etikk er grunnlaget for det det vert jobba med.

For 2019 er planen at det vert arbeidd vidare langs same aksene som no. Oppfølging av rutine for nytilsette vil ha fokus. Det er elles lagt opp til gjennomføring av kurs i viktig lovverk opp mot forvaltar og leiarrolla i 2019. Kursa vert både på sakshandsamar og leiarnivå.

Dette er også eit viktig etisk arbeid knytt til informasjonsarbeid og medvit i korleis me handsamer brukarinformasjon. Arbeidet har fått auka fokus i samband med innføring av personvernforordninga (GDPR). I 2018 vart det utarbeidd ein plan for korleis verksemda skal tilpassa seg nytt regleverk. Det vart også gjennomført leiarsamlingar der dette har vore hovudtema. Datahandsamaravtaler er teikna og fylgt opp, det er også gjort noko arkivmessige grep for å ivareta betre kontroll over desse.

Personvernombod vart oppnemnt og frikjøpt tilsvarande 40 % stilling. I inneverande år er det planlagt å leggja til rette for fag/sectorvise workshops der me har drøfta ein del kring opplegget for å finna ein måte å la dette fungere på .

Det er i år også organisert fellesmøte mellom arkivtenester i nærrområde for å ha særskilt fokus på GDPR og arkivarbeid. Arkivplanen er oppdatert på ein del viktige punkt.


Arbeid med å sikra brukarane våre eit god personvern og ivareta den generelle informasjonstryggleiken i verksemda er viktig og vil ha vidare fokus i året me no er inne i.

3. POLITIKK, UTVIKLING PROSJEKT OG PLAN

3.1. Politikk og samfunnsutvikling

I senter for all vår verksemd står dei politiske vegvala og strategiane som vert meisla ut gjennom dei politiske prosessane.

Den politiske organisasjonen var i 2017 slik:



Forutan denne overordna strukturen har kommunen også ein rekkje råd og underutval, nedanstående tabell viser politisk aktivitet målt i tal på saker i siste år fordelt per utval for 2014 -2018:

Tab. 3.1 handsama saker delt per utval

	2014	2015	2016	2017	2018
Kommunestyre	69	95	91	72	54
Formannskap	97	111	98	92	97
Oppvekst/omsorg – tenesteutval	25	20	35	33	24
Landbruk/teknisk	130	135	145	144	127
Administrasjonsutval	9	5	8	14	14
Arbeidsmiljøutval	18	7	13	7	21
Eldreråd	-	8	9	4	5
Ungdomsråd	-	8	26	35	34
Sakkunnig nemnd	-	7	6	8	2
Sakkunnig ankenemnd	-	2	1	3	0
Tilsetjingsutval	-	76	64	58	24
Husbankutval	-	14	18	9	10
Valstyre		14	-	9	-
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	-	-	0	3	1
Andre ⁱⁱ	130				
SUM	478	502	514	491	413

Underståande tabell viser dei sakene som kommunestyre hadde til førehaving i 2018. Tabellen viser litt kring breidda i det politiske arbeidet.

ⁱⁱ AMU, sakkunnig nemnd, tilsetjingsutvalet, ungdomsrådet og eldrerådet.

Tab 3.2: Saker til handsaming i kommunestyre 2018

Kommunestyre

Møtedato	Sak
13. februar	<p>Endringar i ekteskapslova – kommunale vigslar retningslinjer</p> <p>Sal av kommunal bustader på Hovland</p> <p>Strategisk plan for samarbeidsrådet for Sunnhordland 2018 – 2021 – høyring</p> <p>Formell godkjenning av kommunevåpen</p> <p>Omfanget av leveringspliktige posttenester – høyring</p> <p>Detaljregulering for Uggdal bustadområde</p>
10. april	<p>Årsmelding 2017 for kontrollutvalet</p> <p>Retningslinjer for Akan arbeid – rullering</p> <p>Retningslinjer for reduksjon av uønska deltid</p> <p>Arbeidsreglement for tilsette i Tysnes kommune</p> <p>Etiske retningslinjer – rullering</p> <p>Retningslinjer for intern varsling av kritikkverdige tilhøve</p> <p>Tysnes skule – mandat til prosjekt</p> <p>Rapport – nye oppgåver til fylkeskommunane – høyring</p> <p>Organisering – Lunde – Onarheim barnehage</p> <p>Invitasjon til medlemskap i Hordfast</p> <p>Tysnes sjø og fritid AS – søknad om endring av skjenketid</p> <p>Forliksråd – søknad om fritak frå verv som leiar</p>
19. juni	<p>Årsmelding 2017</p> <p>Rekneskap for Tysnes kommune 2017</p> <p>Finansforvaltning – rapport 2018</p>

	<p>Nytt innkjøpsreglement</p> <p>Retaksering av eideomsskatt</p> <p>Søknad om økonomisk støtte 2018 – Peralio friluftsområde</p> <p>Søknad om fast skjenkeløyve for Onartun og Alsaker brygge</p> <p>Tilstandsrapport grunnskule 2018</p> <p>Rullering – kommuneplan – arealdel</p> <p>Rullering – kommuneplanen sin samfunnsdel 2018 - 2030</p>
25. september	<p>Søknad om endring av reguleringsplan – Galanten</p> <p>Forvaltningsplan for gjess</p> <p>Fritak frå politiske verv – Nils Helland</p> <p>Abonnementsvilkår for vatn og avløp – revisjon</p> <p>Sjølvkostområde for vassforsyning</p> <p>Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland</p> <p>Førehandsinnkrevjing av bompengar – E39</p> <p>Avtale om PPT-samarbeid – Tysnes – Stord – Fitjar</p> <p>Rutiner for tilsyn barnehagar</p>
12. desember	<p>Forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelsetenesta</p> <p>Friluftsgruppe – Onarheim barnehage</p> <p>Tidleg innsats i skulen</p> <p>Politivedtakter – revidering</p> <p>Kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø</p> <p>Vegfast samband Kvinnherad – E 39 Stord/Tysnes forstudie – ferjefritt fylkesvegsamband for Kvinnherad og Huglo over Tysnes</p>

	Finansforvaltning – rapport 2018
	Tysnes skule mellomtrinn – moglegeheitsstudie
	Bruk av midlar frå havbruksfondet
	Budsjett 2019 – økonomiplan 2019 - 2022

Kommunestyret vedtok i møte 10.10.06 eit system for oppfølging og effektivering av politiske vedtak.

Me har ikkje fått meldingar frå etatane om spesielle utfordringar med konkrete vedtaksoppfølgingar. Generelt er det ofte slik at ein del oppgåver av heilt naturlege grunnar vert gjennomførte over fleire år. Me kjem kanskje oftast bort i det i ulike investeringsprosjekt, men det kan også gjelda meir driftsrelaterte forhold.

3.2 Prosjekt

Investeringsporteføljen til Tysnes kommune har i 2018 bestått av fleire nokså ulike prosjekt. Fyrste prioritet har vore å gjennomføra eit godt og effektivt forprosjekt for eit nytt mellomtrinn ved Tysnes skule. I samarbeid med eit anerkjend rådgjevarfirma har me gjennomført fire heildagsmøter med brukargruppa, i tillegg til fortløpande involvering og avklaringar.

I tillegg til ein del enkeltinnkjøp som vert rekna som investeringsobjekt har administrasjonen i 2018 arbeida med følgjande prosjekt:

Tab. 3.3. Prosjektoversyn med kommentarar til enkelte prosjekt under.

Prosjekt

Tysnes omsorgssenter – Sluttoppgjer

Tysnes skule – Nytt mellomtrinn

Ombygging av Eredalen til brannstasjon med tilrettelegging av området

2017	2018
Oppstart	Ferdigstilt
	Oppstart
Under arbeid	Ferdigstilt

Omsorgsteknologi
 Utbyggingsavtale Krokjen – Lande
 Brannsikring av PU Vågsmarka
 Tilstandsrapport Tysnes sjukeheim
 Måling av Tysnes kyrkje
 Meirope bibliotek
 Adressering og skilting av kommunale vegar

Under arbeid	Under arbeid
Oppstart	Under arbeid
	Oppstart
	Ferdigstilt
	Ferdigstilt
	Ferdigstilt
Under arbeid	Under arbeid

Tysnes omsorgssenter – Sluttoppgjer

Forhandlingar om sluttoppgjeret i prosjektet vart meir krevjande enn me rekna med. Endeleg einigheit om sluttoppgjeret vart behandla i møte i formannskapet i oktober, og resulterte i eit forlik mellom aktørane. Sjølv om prosessen vart tidkrevjande, er me godt nøgd med både forliket og samarbeidet med totalentreprenøren.

Tysnes skule – Nytt mellomtrinn

Tidleg på året teikna Tysnes kommune kontrakt med arkitektrådgjevarar og tekniske rådgjevarar. Fyrste fase var å utarbeida eit rom og funksjonsprogram og eit moglegheitsstudie som omfatta plassering av bygg og tilkomst for buss og anna trafikk. Dette var til politisk handsaming i november og danna grunnlag for vidare arbeid med skisseprosjekt og forprosjekt.

Ombygging av Eredalen til brannstasjon med tilrettelegging av området

Prosjektet er fullført og har resultert i eit godt bygg og området for brann og teknisk drift. Tysnes brann og redning har fått betre og godkjente arbeidstilhøve og vil vera klar for å yta gode og tverrfaglege tenester i Tysnes kommune. Teknisk drift nyttar uteområdet til lager og har fått god kapasitet til lager i oppsett rubbhall.

Meirope bibliotek

Biblioteket er no klargjort for meirope bibliotek med eigen inngang og system for å låna og levera bøker utanom biblioteket si opningstid.

Utbyggingavtale Krokjen – Lande

Tysnes kommune gjennomførte tilbodskonkurransen for bygging av veg og VA-anlegg i bustadfeltet og signerte kontrakt med entreprenør i

april. I mai starta arbeida opp og me har fortløpande følgd opp anleggsarbeida i samarbeid med Tysnes Bolig AS. Prosjektet har gitt oss vidare erfaring i utbyggingsavtalar i samarbeid med private utbyggjarar som me tar med oss vidare eventuelt nye, tilsvarande avtalar.

3.2.1 Digitalisering

Mål frametter innan IT er auka digitalisering og bruk av IT til å betra tenesteytinga vår. Me bør ha som mål at digital samhandling, både internt og eksternt, vert det føretrekte førstevalet. Dette ut frå at me bør ta sikte på å kunna tilby så gode digitale løysingar, at desse vert enklare og betre å bruka enn tradisjonell papirbasert kommunikasjon.

I Digitaliseringsstrategi 2013–2016 for kommuner og fylkeskommuner, skriv KS m.a. følgjande:

«IKT skal forenkle tilgangen til informasjon og tjenester. Innbyggere og næringsliv skal få tilgang til kvalitetssikret informasjon gjennom et bedre og raskere møte med det offentlige, og ansatte skal ha tilgang til velfungerende IKT-system som effektiviserer og forenkler arbeidet. Internettbaserte tjenester brukes i stadig større omfang.»

«Hovedmålet er altså at innbyggere og næringsliv faktisk ønsker å ta et «digitalt førstevalg».»

For Tysnes kommune er det viktig å ha digitale tenester som vert nytta fordi dei er gode, ikkje fordi det ikkje finst alternative tenester.

Kommunestyre gjort hausten 2017 vedtak om å gå inn i DigiFin som er ei finansieringsordning der kommunane saman skal sikra at sektoren får ei utvikling mot meir homogene IT løysingar og der sektoren opptreir einskapleg i forhold til både andre offentlege etatar og sektorområde og ikkje minst i høve til kommunane sine IKT leverandørar. Finansieringsordninga tek sikte på å sikra mellomfinansiering til å utvikla felles digitale komponentar til kommunesektoren. Alle kommunar som er med i dette samarbeidet bidreg med kr. 20 per innbyggjar.

Digitale fellesløysingar som var venta levert i 2018 er me i god gang med å innføra no i 2019, dette gjeld mellom anna tenester som digihelse, digisosal og min-kommune. Det som synes felles for systema er at dei først og framst vil medverka til å betra kvalitet i tenesteproduksjon og i samhandling med innbyggjarane, det er ikkje venta stor kostnadseffektivisering gjennom løysingane. Me kan også nemna at det vart gjort vedtak om innføring av digital arbeidsflyt for helse og sosial i samband med budsjett for 2019. Det vart også gjort vedtak om eit nytt system for

barnehagar som både vil gje oss meir kostnadseffektiv drift, sikra samhandling mellom barnehage og heim samt gje betre tryggleik opp mot ivaretaking av arkiv. Ein del løysingar som me har hatt ei stund har vorte vidareutvikla i 2018.

Tysnes kommune er innstilt på å prioritera vidare arbeid med digitalisering i 2019.

3.3 Planarbeid

I januar ble planane for Huglo-Tysnes sambandet drøfta i felles møte og synfaring der fylkeskommune, vegvesen, Stord og Tysnes kommune såg på moglegheit for enklare vegstandard og nytte av eksisterande trasear for stegvis utbygging.

Det vart henta inn tilbod og etterkvart skreve ny rammeavtale med Omega Areal AS.

Fylkesmannen har fremma motsegn mot endring av detaljreguleringsplan for Galanten, det nyttast ein god del ressursar i 2018 for å løyse dette. Føremålet er i hovudsak næring og turisme. Planen vart endeleg godkjent i oktober.

Det har også vore arbeid vedkommande detaljreguleringsplan for Skår kai tidleg i 2018. Djuvpasskai for havgåande fiskebåt og regulering av areal avsett til næring i kommuneplan.

Kommunal detaljreguleringsplan for Uggdal vart vedteken i 2018. Planen har opp mot 100 nye bueiningar kan realiserast i ny plan som delvis erstattar 3 eldre reguleringsplanar.

I 2018 vart det også oppstart av planarbeid reguleringsplan Elsakervågen. Dette vil vera ein Kommunal reguleringsplan for å regulera landbruk, næring, veg og kaiføremål i tråd med dagens og framtidig bruk.

Arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel startar så smått opp i februar. Det vart i samanheng med dette gjennomført ei oppstart og leiarsamling 2 dagar i Rosendal 7 og 8 mars markerar at planarbeidet er kome i gang. Det første folkemøte knytt til kommuneplanen sin samfunnsdel vart halde 17. april og vart fylgt opp av vidare møter 24. april og 8. mai. Folkemøta gav eit nytt underlag for planen som i praksis stod ferdig seinhausten 2018.

Me står føre mykje spanande planarbeid også i 2019 der me mellom anna må gjera klart planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel. På reguleringsplannivå knytter det seg kanskje særskilt stor spaning til ein ny reguleringsplan for Godøysund, men også moglegheit for

å starta opp eit reguleringsarbeid for Huglo vil vera viktig. Me har også von om at den statlege kommunedelplanen for E39 kjem til endeleg vedtak dette året.

4. TENESTEOMRÅDA

I følgjande kapittel vil me kort gå gjennom dei ulike tenestekområda, gjennomgangen vert gjort etter budsjettkapitel.

4.1 Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen har m.a. følgjande arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring vis à vis etatane
- ekspedering av saker
- driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar
- oppsyn med fellestenestene
- Kultur
- Næring
- Plan

Ein del av sentraladministrasjonen sine arbeidsområder er naturleg omtala gjennom kapitla økonomi, politikk og utvikling og personal.

4.1.1 Post og arkiv- fellestenesta

Tysnes kommune har delteke på pilotprosjektet «Då mor forsvann» som starta opp i regi av Stord kommune tidleg i 2017. Prosjektet vart avslutta i august 2018. Med i prosjektet i tillegg til Stord, har Kvinnherad, Bømlo, Fitjar delteke. Prosjektet utvikla seg til å bli to-delt: eit prosjekt som gjekk på felles rutiner i sak- og arkivsystema våre, og oppstart for eit nytt elektronisk tilleggssystem Elements. Tysnes kommune har ikkje teke stilling til om me skal oppgradera vårt sak- og arkivsystem til Elements, så vår gevinst av prosjektet var deling av kompetanse på arkivområde i form av rutiner og skriveregler, i tillegg til kompetanseløft eit slik samarbeidsprosjekt i seg sjølv kan bidra med.

I juni 2018 var arkivet på samling i Bergen: Samordna regional digitalisering i regi av KS. Tysnes kommune opplevde på samlinga å vera ein av dei beste i klassen for digital utsending av kommunale brev. Tysnes kommune sender no mesteparten av kommunal kommunikasjon gjennom

KS sin teneste: SvarUt. I forhold til mangen kommunar var Tysnes tidleg ute med denne tenesta. I 2018 var det første året alle breva med med opplysningar om eigedomsskatt og skattetakst vart sendt elektronisk gjennom SvarUt, over 3000 brev.

I 2018 tok kommunen i bruk SvarInn. Dette er ein vidareutvikling av SvarUt, og reint praktisk betyr dette at mykje av den kommunikasjonen som offentlig forvaltningar har seg imellom, og andre store samarbeidsaktører, legg seg rett i sakssystemet vårt, i staden for at denne kommunikasjonen vert sendt til Altinn, for så å bli handtert derifrå.

Rett over nyttår, januar 2019 avleverte kommunen ca. 40 hyllemeter med helsejournaler frå legekantor og helsestasjon til Interkommunal Arkiv i Hordland. Her blir helsejournalane «renska» og listeført og lagra «for alltid».

Fellestenesta har delteke på samlingar i regi av Interkommunal arkiv i Hordaland. IKAH har konferanse på Solstrand kvart år, og der er det lærerike fordrag og utveksling av erfaring og kompetanse kommunane seg imellom.

Fellestenesta deltok også på konferansen i regi av Evry, som er levarandør av sak- og arkivsystemtet vårt. Nyttige konferanser for å henga med i den digitale utviklinga som raser framover. Evry sitt fokus no er robotter.

I 2018 var det første året med kommunal vigsel. Fellestenesta har hatt ansvar for å tilretteleggja desse vigslene, både i form av informasjon og kommunikasjon med brudepartet, i tillegg til praktisk førebuing når vigselen er på rådhuset. Kommunen har hatt 6 vigsler totalt, 3 på Haaheim Gaard og 3 i kommunestyresalen.

4.1.2 IT

IT-løysingane på rådhuset har også i 2018 vore stabile og med ei høg oppetid. T.d. har oppetida vore 100 % for legeserver i 2018, medan den var 99,995 % i 2017.

Brot i telesambandet skapar problem for den daglege drifta innan IT-løysingane. Særleg alvorleg er at helsenett oftast også vert ute av drift når telesambandet er nede. Dette er alvorleg ut frå at stadig meir informasjon til og frå legesystemet går elektronisk via helsenett. Døme er e-resept og lab-svar frå Haukeland.

I 2017 vart Tysnes Omsorgssenter ferdig, og me har hatt omsorgsteknologi i bruk i over eit år. Denne gjev oss gevinstar, men krev også noko arbeid i samband med drifta.

Brot i telesamband/fiber til rådhuset/omsorgssenteret og straumbrot, er dei 2 største utfordringane me har innan IT i dag. Den 3. største utfordringa er opplæring. Me ser i den daglege drifta at det er trong for meir opplæring innan bruk av IT-system. Dette gjeld både generell datakunnskap og kunnskap om bruk av fagprogram. Større ferdigheter innan databruk vil nok gjera det mykje lettare å kunna realisera gevinstane av dei ulike datasystema.

4.1.3 Innkjøp

Tysnes kommune er knytt til Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum saman med kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord. Stord kommune er vertskommune. Kommunane har eit godt etablert samarbeid mot Haugalandet, Hardanger og Hordaland fylkeskommune. Samla sett gjev dette samarbeidet oss både god kompetanse og fleire ressursar på innkjøp. Det er i tillegg konsulent på innkjøp i 100 % i Stord kommune. Denne ressursen skal i 60 % stilling arbeida med fellesutlysingar for Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum.

I tillegg til alle felles anbodskonkurransane som Tysnes kommune er med på, har Tysnes kommune i 2018 gjennomført 12 eigne tilbod- og anbodskonkurransar mellom anna, legevakt sentral (Sunnhordland legevakt sentral)(samarbeid mellom Tysnes kommune og Kvinnherad kommune), møbler til Onarheim barnehage, teknisk drift og møblar/inventar Tysnes bibliotek, rammeavtale for advokatenester (anbodskonkurransane for kommunane tilknytt Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum), vasketenester og brunevarer/kvitevarer.

Alle konkurransane vert no gjennomført fullelektronisk via EU supply.com

Økonomikontoret arbeider kontinuerleg med å få leverandørar til å levera elektronisk faktura. I 2018 fekk me om lag 87 % av innkomne faktura elektronisk. Arbeidet med fakturakontroll og kontraktsoppfølging er også eit kontinuerleg og viktig arbeid.

Det blei i august 2018 tilsett ein ny ressurs for å erstatte noverande ressurs på innkjøp (og eigedomsskatt), som gjekk av med pensjon i 2018.

4.1.4 Eigedomsskatt

Også i 2018 var eigedomsskattesatsen 3,8 promille.

Tysnes kommune sitt arbeid med å omtaksera alle eigedomar som er taksert som verk og bruk innan 28.02.2019, blei påbyrja i 2018 og vert ferdigstilt i løpet av februar 2019.

For 2018 var eigedomsskattesatsen 3,8 promille. For 2019 har Tysnes kommune vedteke ei kontorjustering, i staden for ny ålmann taksering, og auka takstane med 10 %. Vidare vert skattesatsen sett ned frå 3,8 til 3,5 promille for å ikkje auke skattetrykket for 2019. I 2019 begynner arbeidet med gjennomføring av ny taksering av skatteobjekta. Dette arbeide skal være ferdig innan 28.02.2020

4.1.5 Samfunnstryggleik og beredskap

Samarbeidet med Tysnesfest om beredskap var god også i 2018. Det vert lagt ned mykje godt arbeid for at ein skal vera mest mogeleg budd på uønskte hendingar under Tysnesfest me opplever at beredskapsorganisasjonen til Tysnesfest er profesjonell og godt rusta.

I 2018 vart det ikkje arrangert noko Øving Hordaland, men det har vore gjennomført Øving Lyneld og sambandsøving. Me har plan om gjennomføring av eit større øvingsscenario i 2019, dette vil vera knytt til atomberedskap.

Beredskapskontakt gjennom mange år slutta i verksemda førre år og me har ennå ikkje funne ei fullgod erstatning. Dette må på plass i 2019.

4.1.6 Klima og energi

I 2011 vart det vedteke klima- og energiplan for Tysnes kommune. Under tiltak 6.1 i planen heiter det at tiltak som verkar til å redusera klimagassutslepp eller redusera energibruk skal takast opp i årsmeldinga.

I klima- og energiplanen er det rette fokus mot overgang til elektroniske løysingar, dette punktet har hatt god merksemd i organisasjonen. Det vart i 2018 mellom anna arbeidd vidare me løysingar for elektronisk post, overgang til elektronisk inn- og utgåande faktura, elektronisk gjennomføring av anbodskonkuransar med vidare.

Den kommunale byggporteføljen har også vorte meir energieffektiv ved at me i slutten av 2017 tok i bruk det nye omsorgssenteret, me venter ytterlegare energieffektivisering når mellomtrinnet på Tysnes skule vert erstatta av nytt bygg.

I samband med prosjektet Bærekraftige reisemål har Tysnes kommune forplikta seg til å miljøsertifisere verksemda si gjennom Miljøfyrtårn programmet.

4.1.7 Økonomi og løn

I Året 2018 har vore eit ordinært år for rekneskap og løn.

Det er framleis eit fokus på effektivisering av arbeidsprosessar. Andelen inngåande elektroniske fakturaer har hatt ein svak auke, og er no på 87%. Dette forenkler arbeidet med fakturahåndteringa, og gjer ein meir effektiv arbeidsflyt.

På løn har ein starta overgangen til elektronisk sjukemelding, og denne løysinga vil bli vidareutvikla gjennom 2019.

4.1.8 Næring og reiseliv

Ordførar, varaordførar og næringskonsulent arbeider kontinuerleg med næringsutvikling. Me driv både oppsøkjande arbeid i høve til etablerte næringsverksemdar i kommunen og møter med personer som har idear og ønskjer om å starta eigne verksemdar. Me har i 2017 vitja omtrent 10 etablerte verksemdar for å få informasjon om stoda i verksemda, utfordringar framover og eventuelle planar for vidareutvikling.

Tysnes kommune nyttar også Atheno som 2. linje tenesteleverandør både mot enkeltpersonar, etablerte verksemdar og for å gjennomføra kurs. Samarbeidet med bl.a. Det er gjennomført 2 næringsksamlingar sist år i samarbeid med Atheno.

Det skal utarbeidast ein strategiplan for vidare arbeid innan dette område, det er forankra i vedteken samfunnsdel.

Det kan elle nemnast at det er arbeidd med å attreisa Tysnes næringsråd i ein form som sikrar livskraft frametter.

Reiseliv

Tysnes kommune sine sider i fellesguiden for kommunane i Sunnhordland vart oppdatert. Me deltok med informasjonssider i Sommaravisene til Bladet Tysnes og Sunnhordland.

Alle dei 33 merka turløypene i kommunen gjer Tysnes meir attraktiv for turistar, tilreisande og hytteeigarar. Foldaren Vandring Tysnes sel godt gjennom delar av året.

Turistinformasjonen fekk utbetalt driftstilskot i samsvar med avtale for 2018 med Våge hamn. Mandelhuset drifter informasjonen etter avtale med Våge hamn.

Turistinformasjonen registrerte totalt 5585 turistar i 2018 mot 5165 i 2017. Turistane representerte 20 land, der andelen turistar frå Norge var klart størst (5142) etterfylgt av Tyskland (322) og USA (33). Turistinformasjonen er lagt til båthamna og her vart det totalt registrert 2165 gjestedøgn i 2018 mot 2417 i 2017. Det var 805 gjestedøgn under vanleg sesong, under Tysnesfest 1100, besøk av fleire båtforeiningar gav i tillegg 260 gjestedøgn.

4.1.9 Kultur, idrett og friluftsliv

Sentrale oppgåver er m.a tilskotsordningar, kulturformidling, kulturvern, generelt kullturarbeid, idrett, friluftsliv, sakshandsaming, koordinering, sekretærarbeid, planarbeid og reiseliv.

Barne- og ungdomsarbeid

Tysnes ungdomsråd fungerer godt, er aktive og har m.a. arrangert debatt, ryddedag, arrangementssamarbeid med Tysnes kystlag og møte med politikarar. Ungdomsrådet deltok med 4 representantar på Ungdommens fylkesting. Ved valet i oktober var det ingen frå vidaregåande skule som stilte til val. Det har ofte vist seg at for mange er det vanskeleg å kombinere eit slikt verv med skulegang i andre kommunar.

Me har sekretærfunksjon/kontaktperson i ungdomsrådet.

Kulturvern

Faste tilskot til og med 2019

Venelaget for jåttmuseum	12 000
--------------------------	--------

Tilskot etter søknad

Årbakka handelsstad	20 000
Laftestova på Lande	20 000
Ernst Berge Drange	50 000

Årbakka handelsstad fekk i tillegg kr 20 000 i tilskot til drift for sommarsesongen. Kommunen har høve til å disponera Sjøhuset i inntil 3 gonger pr. år, bruke parkeringsareal, gangveg og kaiområde.

Hegglandhusa på Laukhamar vart tildelt kr 80 000 til istandsetting av verneverdige kulturminne i Hordaland 2018. Alle slike søknader skal no først prioriterast av kommunen før dei vert vidaresendt til Hordaland fylkeskommune. Laftestova på Lande og veggmontasje Gjerstad kraftstasjon vart prioritert for tilskot i 2019.

Tysnes sogelag ferdigstilte arbeidet med registrering av kulturminne. Laget er tildelt kr 50 000 for dette arbeidet. Frå ulike lag og organisasjonar og nokre privatpersonar er det kome meir enn 70 innspel til planen. Arbeidet med planen er godt i gang og vil verte ferdigstilt i 2019.

Det har vore arbeid for å få til ein skjøtselsplan for Årbakkavollen. Arbeid- og ansvar vert delt mellom Hordaland fylkeskommune, Tysnes kommune og grunneigar. Godkjenning av planen måtte utsettast på grunn av dødsfall.

Kommunen er medlem av Sunnhordland museum og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingent. Bygningsvernkonsulenten ved musèet vert nytta til rådgjeving i samband med restaureringsplanar.

Kulturformidling

Tysnes musikklag, Mini Surhaa Blues og Kulturkyrkja fekk underskotsgaranti i samband med arrangement. Det årvisse tilskotet til drift av Grendatun kino vart vidareført. Magne Storesætre vart tildelt kulturprisen.

Idrett

Det har vorte arbeidd med stønadsordningar, anleggsregistrering, kulturmidlar, spelemidlar, søknader og sekretærarbeid for Tysnes Idrettsråd. Kulturmidlar til idrett kr 125 700 vart fordelt til 8 lag.

Rekneskapen til servicebygg på Tysnes ski- og friluftssenter vart godkjent av kommunerevisor og Onarheim idrettslag fekk utbetalt kr 522 000 i spelemidlar til bygget.

Prioritering av spelemiddelsøknader 2019: 1. Lunde skatepark, fornya søknad, 2. Peralio båthus, servicebygg, ny søknad.

Kommunedelplanen for idrett sitt handlingsprogram vert rullert i samband med prioritering av spelemidlar. Sjølve planen bør etter kvart reviderast.

Friluftsliv

Båtlaget Njord/Tysnes vart tildelt kr 200 000 til ferdigstilling av grunnarbeid og mur i Peralio friluftsområde.

Kommunen er medlem av Bergen og Omland Friluftsråd og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingent. BOF held vedlike 10 område.

Allment kulturarbeid

Midlar	Tal lag	Totalt
Almenne kulturmidlar	11 lag Kulturlag, bygdelag og bedehuslag	100 000
Ungdomslaga kulturmidlar	3 lag	20 000
Musikklag kulturmidlar	5 lag Musikklag, korps og kor	214 000

Kulturmidlar	Tysnesfest	400 000
Leiroplæringsmidlar	3 lag Symjeklubb, skulekorps og 4H	20 000
Underskotsgaranti	3 arrangement	8 400
Bearbeiding av sogespel av Johannes Heggland	Johanne Øvstebø Tvedten	20 000

Sekretærarbeid i Hegglandgruppa. Etter søknad løyvde Tysnes kraftlag ytterlegare kr 150 000 til Hegglandstatua som skal oppførast i samband med 100-årsmarkeringa. Ernst Berge Drange fekk tilskot til gjennomgang av Heggland-arkivet som er svært rikhaldig. I tillegg skal det lagast ein katalog over arkivet.

Det er viktig at ein sikrar eit godt samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar, legg til rette for eit godt eksistensgrunnlag for laga og at ein stimulerer laga til å læra opp leiarar. Det langsiktige arbeidet bør rettast mot kultur- og friluftaktivitet, kulturminne og kulturbasert næring.

4.1.10 Folkehelse

Partnerskapsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Tysnes kommune vart fornya og Tysnes fekk tildelt 70 000 i stimuleringsmidlar. Prosjektet er forankra i Lov om folkehelsearbeid med formål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar. Me har delteke på fleire fylkeskommunale samlingar og i tillegg delteke på KS sitt prosjekt og nettverk «Kommunal helseoversikt» i lag med fleire andre kommunar i Hordaland.

Prosjektet Vandring Tysnes har fått fleire til å nytta alle turstigane i kommunen og indirekte medverka til å betre folkehelsa. Kulturlaga og idrettslaga i kommunen gjer eit viktig arbeid gjennom arrangement, aktivitetar og kurs og bidreg til at kunnskapen og aktivitetane vert tilgjengeleg for alle. Det å finne aktivitetar og interesser som opplevast som meiningsfulle er viktige for å nå måla om god folkehelse.

4.1.11 Bibliotek

I 2018 byta biblioteket fagsystem frå Tidemann til Bibliofil og gjekk inn i felles base med Stord og Fitjar. Samarbeidet gjer at vi har bytt til eit mykje betre og meir framtidretta fagsystem utan å auke driftskostnadane. I staden for konvertering har biblioteket katalogisert alt på nytt og no er det fullstendig samsvar mellom katalog og den fysiske samlinga. Bibliofil var i drift frå og med juli.

Nytt biblioteksystem inneber mellom anna at lånarane kan administrera låna sine på PC, mobil eller nettbrett. Bøker frå Stord og Fitjar kan bestillast til henting på Tysnes og kjem som regel veka etter. Systemet forenkler også enkelte av dei daglege driftsoppgåvene. Biblioteket har i tillegg opna opp for bestilling av fjernlån. Det vil seie at lånaren no sjølv kan bestille materiale frå alle folkebibliotek i landet, inkludert Nasjonalbiblioteket, til henting på sitt lokale bibliotek. Tilsvarende lånar også biblioteket ut bøker til andre folkebibliotek.

Mediebudsjettet vart auka med kr 50 000. Desse ekstra midlane vart nytta til å oppdatere barne- og ungdomsavdelinga. Frå og med hausten har Tysnes folkebibliotek fungert som skulebibliotek for Tysnes skule. Dette er eit positivt samarbeid som vil halde fram. Innkjøp til skulebibliotek vil prioriterast også i 2019.

På seinhausten var den tekniske løysinga for meirope bibliotek på plass. Kr 100 000 frå Fylkesbibliotekets modellbibliotekprosjekt vart nytta til innkjøp av nye møbler og reolar med levering i 2019. Biblioteket fekk også tildelt kr 60 000 av Nasjonalbiblioteket som har vorte nytta til ny projektor og lerret. Me ser fram til opning av meirope bibliotek i mars 2019.

Det totale utlånet for 2018 låg omtrent på same nivå som året før. Relativt låge utlånstal første halvår vart utjamna av ei solid vekst dei siste fem månadene. Veksten har halde fram i januar 2019.

4.1.12 Tysneshallen

Tysneshallen er framleis like mykje brukt som tidlegare år. Det er daglege treningar for born og ungdom på ettermiddags- og kveldstid, og Tysnes seniordans har si dansetrening kvar onsdag førmiddag. Tysdagar har ei gruppe av flyktingane trening etter at undervisninga for dagen er slutt.

Frå hausten 2018 gjorde ein om på reinhaldsfrekvensen i Tysneshallen slik at ein fekk frigjeve noko av ettermiddagstida mellom 14 – 16 til trening. Dette har vore ettespurt lenge og er bra mtp høveleg treningstid for dei aller yngste, i tillegg til at ein har fått oftare reinhald av hallen.

Hallen er og ein populær stad å feire gebursdag – både med og utan bowling. Tysneshallen er ein fleirbrukshall og lista over ulike arrangement visar så avslutt det:

- Dansegalla
- Treningsweekend Ulrikken basket
- Slektstemne
- Tysnesfest
- Diverse konsertar
- Folkemøter
- Gebursdagar

4.2 Oppvekst

Oppvekstområde består av Barn og familie som er barnevern, helsestasjon og psykisk helse for barn og unge, og Barn og utdanning, som er barnehagar og skular, PPT, Kulturskule og vaksenopplæring,.



4.2.1 Grunnskule

Me har 3 skular i kommunen fordelt på eit samla elevtal på 304 elevar.

Tab. 4.2: Utvikling av elevtal delt per skule	2014/15	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19
Uggdal	86	97	105	110	107
Onarheim	27	20	27	26	32
Tysnes mellomtrinn	82	80	71	67	72
Tysnes ungdomstrinn	104	90	90	97	93
Elevtal	299	287	293	300	304

Samla elevtal har ei auke på 4 elevar. Personalet er stabilt, endringar skjer helst i samband med elevar som har trong for særskild oppfylgning. Me får stadig fleire elevar med særskilde og samansette behov, noko som er ei utfordring m.o.t. assistent- og pedagogressursar.

Tab. 4.3 Elevtal og tal på lærarårsverk	2014/15	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19
Elevtal	299	287	293	300	304
Årsverk	30	29,7	31,7	30,8	30

Elevtettleik	10	9,7	9,2	9,7	11
--------------	----	-----	-----	-----	----

Målet for skulane er: Ein skule der kvar einskild elev nyttar sitt faglege potensiale og blir eit trygt og sjølvstendig menneske.

Dei overordna satsingane på skule område er Fagfornyinga og Anti-mobbing. Ny læreplan kjem frå 2020, så førebuinga til denne er i gang, særleg har det vore fokus på «Generell del» av læreplanen. I 2018 inngjekk me avtale om å vera pilotkommune for den nye Olweus-satsinga,- eit program for å forbyggja mobbing. Satsingsområda elles i skulane er språk, der me nyttar SOL (systematisk observasjon av lesing), og språkløyper. Me har og Vurdering for læring. I tillegg har me fokus på Tilpassa opplæring og Sofykos, sosial kompetanse, fysisk aktivitet og kosthald.

IT

Arbeidet med å gjere Chromebook og Google suite for education til pedagogisk arbeidsplattform held fram. I mai gjennomføre vi eksamen for 2002-kullet på plattformen utan problem av noko slag. 2005-kullet som begynte på 8. steg august 2018 fekk nye Chromebook-maskiner. Av dei maskinen som 2002-kullet hadde hatt og som framleis var brukbare vart desse sett i skap og tenkt brukt på mellomsteget. Hausten 2018 hadde klassane på ungdomssteget eigne maskiner og mellomsteget hadde eit klassesett på deling. Opplæringa og utviklinga av pedagogisk bruk hos lærarane heldt fram.

Brannen på skulen i juli førte til at serverar for lærarar og elevar vart flytta til kommunen sitt serverrom. Dette har fungert fint. Vi avvikla "datarommet" på Tysnes skule og har no berre berbare maskiner der. Uavhengig av brannen vart nettverket skifta ut. Dette for å dimensjonere for auken av berbare maskiner. Vi har no totalt omlag 300 berbare maskiner i nettverket. Med det nye nettverket har alle lokasjonane i skule og barnehage også tilgang på eit gjestenett. Drifta er stabil, særleg med omsyn til Chromebook-maskinene.

Pedagogar og styrarar i barnehagane vart flytta frå lærarserver til Office365 plattformen. Desse arbeidar no berre innan denne plattformen. Opplæring i plattformen held fram.

I skulen opna vi Visma for sakshandsaming. I det vesentlege er dette einskiltvedtak av rektor, fråvær, merknadar, vurderingar, møtereferat og karakterar for elevar ført av lærarar. Målet er å opne for innsyn via innlogging for føresette våren 2019 og å kunne avgi elektronisk arkivmaterieil ved skuleslutt. Opplæring i Visma held fram.


Byte av PC for lærarar og pedagogar i barnehagane vart sluttført hausten 2018. Alle har no HP maskiner.

Tab 4.4 Nøkkeltal grunnskule	Tysnes					Kostra	Hordaland
	2014	2015	2016	2017	2018	Gruppe 2	2018
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskolesektor per elev	136 618	140 870	144 205	151 549	157 839	144 081	129 874
Lønnsutgifter til per elev	105 327	108 300	112 783	115 695	116 795	110 950	96 352
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	2 000	1 924	2 385	2 745	2874	1424	1737
Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	1 278	1 155	601	1 880	1270	952	942
Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	39,4	42,5	41,2	42,3	42,1	41	42,3

Onarheim skule. Skulen har p.t. 32 elevar og 3,05 lærarårsverk i tillegg til rektor. Her er og tilsett ein barne- og ungdomsarbeidar, som og har oppfylging av einskildelevar og SFO. Skulen har ein fin blanding av erfarne lærarar og ungt pågangsmot. Samarbeidsorgana fungerer godt. Satsingsområda er felles for heile kommunen og vert fylgt opp i kvar veke i «Lærande møter».


Skifting av personell gjer at Onarheim skule har trong for lærarkompetanse i engelskfaget, noko som er prioritert i «Kompetanse for kvalitet» satsinga i Tysnes kommune. Uteområdet ved skulen treng eit skikkeleg oppgradering, noko som er sett av midlar til i budsjettet framover.

Uggdal skule. Skulen har 107 elevar og i overkant av 8 lærarårsverk utanom rektor. Her er nesten like mange fagarbeidarar/pedagogiske medhjelparar som lærarar. Skulen har SFO tilbod kvar dag. I visjonen legg skulen vekt på å vera profesjonelle og vera i stadig utvikling, i tillegg til kommunale felles satsingsområde.



Skulen valte å innføra *Smart-oppvekst* hausten 2018. Då jobbar me i periodar med bevisstgjerjing og trening på dei karaktereigenskapane på plakaten over. Dette er ei satsing på utvikling av positiv sjølvkjensle hos elevane.

Skulen føl opp dei nasjonale prøvane frå 5. klasse, for å kunne førebu dei eldste elevane sine på komande utfordringar. Uggdal skule har teke i mot ungdom frå ungdomsskuletrinnet og vidaregåande opplæring i praksisperiodar.



Skulen ser tydeleg at det skjer ei markant dreining frå bøker og papir og over til digitale verktøy. Bruk av chromebook har blitt dagleg praksis i elevane sitt stasjonsarbeid eller arbeidsprogram. Me har starta arbeidet med å erstatta lærebokinnkjøp med lisensar og digitale programvarer. M.a. brukar me mykje programma Smart-øving, Into words, Graphogames, Aski-Raski og Salaby. I tillegg prøver me ut ulike lærings-appar. Her finst det mykje godt læringsmateriell på marknaden.

Tysnes skule: Skulen har 164 elevar frå 5.-10. trinn. 74 av disse høyrer til mellomsteget, medan vi har 90 elevar på ungdomssteget. Administrasjonen består av rektor, inspektør og konsulent, i tillegg til rådgjevar i deltidsstilling. Skulen har p.t. pedagogisk personale tilsvarande 20 100 % stillingar og ca. 6,3 stillingar som assistent/barne- og ungdomsarbeidarar. Tysnes skule skal vera ein læringsarena som byggjer på eit fellesskap der elevar og tilsette blir møtt med respekt og omsorg. Profesjonalitet, kvalitet og lojalitet til skulen og kommunen skal prega heile verksemda. Satsingsområda er felles med dei andre skulane i kommunen.

Nasjonale prøver hausten 2018:

Resultata for dei nasjonale prøvane vil variera mykje i ein kommune som Tysnes. det er av di vi har få elevar, og dermed lite talgrunnlag. Nasjonale prøver kan likevel vera ei rettesnor, så vi ser tendensar over tid, og kor me bør leggja inn "eit ekstra trykk". For 2018 ser vi at 5. klassingane scorar hørare i norsk og engelsk enn kommunegruppa vi samanliknar oss med, medan resultata i matematikk er dårlegare.

Tysnes skule har hatt eit prosjekt for heile skulen "Rekning i alle fag". Ein av lærarane på barnetrinnet har teke vidareutdanning i rekning og denne satsinga bør aukast i åra framover.

Resultata for 8. trinn viser ei elevgruppe som presterer på eit middels nivå. Færre enn normalen på det lågaste nivået, det er bra. Samstundes må me jobba for at fleire elevar prestera på dei øverste nivåa.

På 9. trinn scorar me betre enn gjennomsnittet i lesing, medan me scorar litt under gjennomsnittet i rekning. Det som er interessant å merka seg her, er når me samanliknar resultata til elevane som gjekk i 8. klasse i fjor, med resultata dei har i 9. klasse i år (2018), ser me ein markert framgang. Det viser at det vert jobba grundig.

4.2.2 PPT

Tysnes kommune har kjøpt tenester frå Os PPT, med eit omfang på ein fagstilling, men denne avtalen vart sagt opp frå 01.08.18. Det har vore jobba ein del med ulike andre løysingar, og me hamna til slutt ned på eit samarbeid med Stord og Fitjar om felles PP-teneste frå 01.10.18. Hausten 2018 gjekk med på å få struktur og samarbeid på leiarnivå og gjera seg kjent med skular og barnehagar hos oss. Me ser fram til eit konstruktivt og godt samarbeid!

4.2.3 Spesialundervisning

Talet på spesialundervisning er framleis høgt, men utvikling går i retning av ein mindre del av elevar med spesialundervisning som tabellen under viser. Me ynskjer å dreia all undervisning til «tilpassa opplæring», der alle elevar får undervisninga på sitt nivå (Opplæringslova § 1.3.). Dette er nedfelt i «Plan for tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp i Tysnes kommune». Me har også kommunisert dette ut i samband med etablering av nytt PPT samarbeid.

Tab 4.5: Elevar med spesialundervisning	2014	2015	2016	2017	2018	Komm.gr. 2	Hordaland
---	------	------	------	------	------	------------	-----------

Andel elever i grunnskolen	12,7	10,1	10	10	8,9	7,1	7,1
Andel elevar 1.-4. trinn	13,3	6,4	6,7	6,2	6,1	4,7	6,2
Andel elevar 5.-7. trinn	15,6	13,8	13,3	9,6	8,8	8,2	10
Andel elevar i 8.-10. trinn	9,6	11,2	11,2	15,5	12,9	9,	10,7

Sakkunnige rapportar frå PPT krev omfattande einskildvedtak på spesialundervisning både når det gjeld pedagog og assistentressursar. Me har elevar med ein gjennomgripande funksjonsforstyrning og elevar med komplekse diagnoser.

Me ser og at vi no får einskildvedtak der det ikkje er tilrådd ekstra timar til spesialundervisning, men råd om korleis ein skal tilpassa undervisninga i klassane. Skulane er framleis i ein prosess der me arbeider med å bli trygge på LP analyse. Dette er eit analyseverktøy som me ser som svært nyttig i arbeidet med å utvikla gode læringsmiljø ved skulen.

Tysnes kommune har logoped i ca. 90% stilling. Logopeden vert først og fremst brukt til individuell oppfølging av elevar med einskildvedtak, men kan og nyttast til ulike formar for testing, til språkgrupper og til rettleiing av personale i barnehagar og skular. Mykje av tida går til individuell på å trening med barnehage- og skulebarn. Treningstidene blir lagt i bolkar med dagleg trening i nokre veker, og pause i nokre veker. Utgangspunkt for timefordeling har til no vore sakkunnige tilråding frå PPT og einskildvedtak. Dersom det dukkar opp nye behov i løpet av året, vert dei tekne med i eksisterande grupper, eller så må det justerast litt på tidene for å finne plass til dei. Dette er barn som ikkje har fått noko einskildvedtak, men som ein ynskjer å gje eit tilbod gjennom tidleg innsats. Det er sett av ca 10% til Logoskartlegging/ kartlegging av skulebarn. Noko tid blir brukt til observasjon og kartlegging av barnehagebarn, men det er ikkje sett av eigen ressurs til dette. Hausten 2018 vert det arbeidd med 16 ulike barn. Treningsøktene er stort sett på 30 min. Ni av dei får ei dagleg treningsøkt, nokre individuelt og nokre i gruppe.

Me arbeider med språkforståing, artikulasjonstrening; td med s-, r-, l-, g-, k- og t-lyd, samt lydar som forsvinn i komplekse konsonantsambindingar, og uttale av heile ord. Nokre treng trening på å byggje setningar, og få riktig setningsstruktur, samt å bøye verb i fortid. Nokre har fonologiske vanskar og spesifikke lesevanskar. Elles er selektiv mutisme og taleflytvanskar også på agendaen. I tillegg har logopeden fire av tidsressurstimane ved Uggdal skule. Desse timane blir også lagt i periodar, og blir brukt både på kartlegging og lese-, rekne- og omgrepkurs. Dette er ikkje spesielt knytt til logopedressurs.

Me har og synspedagog i 30 % stilling. Ho kartlegg alle 6 åringar og elles elevar som har ulike utfordringar og som ynskjer å bli testa på syn. Tilsaman hadde synspedagog 119 kartleggingar berre i vårhalvåret 2018. Synspedagogen har gjennomført treningsopplegg med 5 barn, dette er oppfølging som berre kan gjevast når det er kapasitet til det. 39 barn har fått treningsopplegg heima. Desse har blitt fylgt opp av synspedagog.

4.2.4 Blå skule

Den blå skule er eit pedagogisk opplegg me har grunn til å vera stolt over på Tysnes, her er året skildra med deira egne ord:

«Mannskap:

Dette året har det vore mykje mannskap om bord i blåskule-båten. Alle elevar på barnesteget som ynskjer å være med har fått tilbod.

Kvar måndag har 7.klasse sendt med to elevar, torsdagen har 5.klasse sendt med to elevar og fredagen har 6.klasse sendt to elevar.

Kontaktlærer har lagd eit rulleringsskjema som gjer at alle får tilbod.

Det faste mannskapet består av 10 gutar som har frå ein til tre dagar på blå skule. Nokon i periodar på nokre månader, andre fast gjennom heile året.

Aktivitetar:

I løpet av hausten fangstar me agnfisk til teinesesongen. I år fekk me ikkje så mykje makrell, men sild vart det mykje av, rekorden var 67 i eit garn. Desse vart pakka i fryseposar på ti og ti.

Det var mykje fiske og fangst etter krabber og humrar, resultatet har vore greitt. Humrane me fekk var frå 26cm til 29cm, alle over minstemålet på 25cm. Nokon var med rogn, og desse satt me fint ut igjen.

Nytt hønsehus har me bygd, og det er no ferdig. Me har ein liten hønseflokk som i skrivande stund består av ein vaksen hane, ein ung hane som me har ruga fram sjølv, tre høner, kor to er ruga fram sjølv, desse har nettopp begynt å legge egg. Den siste høna har to små kyllingar som ho sjølv har ruga fram. Eit veldig kjekt og lærerikt prosjekt. Mykje matematikk, naturfag og mat og helse er resultatet av hønseprosjektet vårt. I tillegg til at John Musgroove og Ada og hadde dyr på øya den tida dei budde her.



Ærfuglhus, elevane har bygd fire flotte ærfuglehus. Dei siste åra har me sett få ærfugl med ungar. Teorien vår er at svartbakken (stormåsa) forsyner seg av egg og ungar. No set me ut hus, kor målet er at ærfuglen skal få ein tryggare plass til reiret. Blir spennande og sjå om husa blir tatt i bruk av æra denne våren.



Månadens havbad er nytt av året. Tru det eller ei, men fleire av elevane gjennomfører eit bad i månaden. Og no har me berre mars til juni igjen. Dei vaksne er sjølvsagt med, og det er blitt ein konkurranse om ikkje å gje seg.

Me bygger karakter er me einige om. Skule er meir enn karakter på eit papir!

Vaktmeister oppgaver: I år som alle år veltar det trær når det bles kraftig på øya. Me har rydda opp i desse.

Veden pakkar me i sekker på 60 liter, og sel. Matematikk i praksis.

I år har me bygd ein gapahuk, denne står på nordvest sida av øya, og er i våre auge kjempelott! Gulvet har eit areal på 9m², veggene består av hun, henta på Kaastad sag. Denne blir nok nytta mykje både av oss, og besøkande i åra som kjem.

No utover våren vil me prøve å få tak i fisk, målet er at skulekjøkkenet skal ha fisk på menyen, både på 6.trinn og 9.trinn. Får me meir sel med dette til privatpersonar, og til Mandelhuset.

Fiskesuppe, betasuppe, kokte kreps og krabbar, pannekaker og havregraut er nokon av dei matrettane me har lagd dette året.

Fagleg:

Så langt det lar seg gjere trekk me skulefag inn i det praktiske arbeidet. Matematikk, naturfag, kroppsøving, mat og helse, historie, norsk og kunst og handverk er fag som lett lar seg kombinere med livet på Solstråleøya.

Historia til øya, frå John og Ada, via kongehuset, til at Tysnes kommune no eig øya. Denne kan alle elevane når dei har vore på Blå skule.

Produksjon av skilt, fuglekassar og liknande er og dømer på aktivitetar på øya.

Sosialt:

Som tidlegare ser me at sosialisering i små grupper gjer positiv utvikling på elevane våre. Dei har stort utbytte av dette, og me ser ei positiv utvikling hos kvar og ein. I tillegg ser me smilande ungar gå på skulebussen etter ein strålande skuledag.

Kaptein

Blå skule, Terje Sløgedal»



4.2.5 Synspedagog

Tysnes er ein av relativt få kommunar som har funne rom for ei eiga delstilling som synspedagog, dette er ei viktig og god teneste som me har lyst skal få litt ekstra plass i denne årsmeldinga. Synspedagog Eldbjørg Knudsen skildrar tenesta slik med egne ord:

«Arbeidet mitt

Eg jobbar som synspedagog i 30% stilling i Tysnes kommune. Arbeidet består i å kartlegge synet til barn i barnehagar og skular, og gje synspedagogisk trening/opplæring til dei som treng det.

Synspedagogisk trening

Når eg finn barn med synsvanskar, blir foreldra kalla inn til møte. Dei får eit synspedagogisk treningsopplegg som dei skal gjennomføre med barna heime. Dei trenar då 10 minutt 5 dagar i veka i 4 – 6 veker, alt etter kva for synsvanske dei har.

Etter treningsperioden, tek eg ei ny kartlegging for å sjå kva resultatet av treninga er. Nokre må halde fram med litt meir trening. Andre har så gode resultat at dei ikkje treng meir trening. Alle blir fulgt opp med ny sjekk etter ½ eller 1 år. Nokre av barna treng eit par treningsøkter i året i ein periode.

Det er alltid slik at det er nokre av foreldra som ikkje får til å trene med barna sine. Eg har ikkje kapasitet til å trene dei. Dersom dei har store vanskar, oppmodar eg foreldra til å ta ein sjekk hjå optikar eller augelege.

Nokre av barna, som har spesielles vanskar, prøver eg å trene sjølv. Det er svært krevjande, då dei skal trene 5 dagar i veka i fleire veker. Nokre av dei kjem til meg i bhg etter skuletid, andre trener eg på skulen i skuletida.

Kartlegging av 6 åringar før skulestart

I desember/januar sjekkar eg alle 5-6 åringane som skal byrje på skulen. Her avdekker eg ein del små og større synsvanskar. Alle som strevar med synet, sjølv om det er små vanskar, får tilbud om treningsopplegg. Dette som ei førebygging. Når dei første eg sjekka som 6 åringar kjem i 4. klasse, skal eg ta ei ny kartlegging av alle. Grunnen til at eg då tek alle, er at eg då kan sjå normalutviklinga til dei som ikkje har trena heime.

Det er mange barn i skulen med små og store synsvanskar. Eg får spørsmål frå lærarar og frå foreldre om å kartlegge barn. Dette er barn som strevar med vondt i hovudet, med lesing, får vondt i augo, blir slitne av å lese, som ikkje ser bokstavane skikkeleg osb.

Eg finn stort sett alltid små eller store synsvanskar hjå desse barna.

Barn eg har jobba med

Hausten 2018 har eg kartlagt 38 barn (utanom prosjektet i 6. klasse). Nokre av dei er oppfølging etter tidlegare trening. Andre er ny barn som eg har kartlagt, der dei aller fleste har gjennomføre synspedagogisk trening, med oppfølging.

3 av barna har hatt treningsperiode med meg.

3 av barna har blitt tilvist til augelege, to av dei også til nevrolog/MR, då det er mistanke om at synsvanskane kan skyldast nevrologiske vanskar.

Synsvanskar eg finn

- *Svak muskulatur i augo*
- *Svak synsstyrke på avstand eller nært, eller begge deler*
- *Svak evne til å konvergere, samle augo, og fiksere på nært hald. Eit auga, eller begge skilir ut, og det fører til dobbeltsyn. God konvergens er heilt nødvendig for å kunne klare å lese over litt tid. Utan god evne til konvergering, blir dei raskt slitne i augo, og orkar ikkje å lese. Dei får også ofte vondt i hovudet*
- *Svak evne til å akkomodere, stille skarpt når blikket veksler frå nært til avstand og motsatt, fokusering.*
- *Amblyopi, hjernen kutter ut det eine auga på avstand eller nært*
- *Alternering: ein bruker berre eit auga om gongen.*

Resultatet av desse vanskane er

- *Dårleg samsyn*
- *Dobbeltsyn på ulike avstandar fordi augo ikkje er i same posisjon*
- *Lesevanskar, bokstavane beveger på seg og byttar plass, dei klarer bare å fiksere på eit ord om gongen, dei ser svarte prikkar og strekar, bokstavane blir uklare m.m*
- *Vondt i hovudet*
- *Vondt i augo, tårer, svie i augo*
- *Svak lesefart*
- *Dårleg motorikk*
- *Dårleg visuell orienteringsevne*
- *M.m.*

Ein god del av barna har vore hjå augeleg eller optikar. Dei sjekkar ulike ting, men ofte ikkje korleis augo reagerer på lesing over lang tid. Dermed kan det verke som om alt er i orden, men noko er likevel gale. Nokre får briller. Desse kan ha god effekt på nokre barn. Andre kan

oppleve at dei ikkje har så god effekt, fordi det ikkje alltid hjelper dersom det er konvergensvanskar. For nokre kan bruk av brillene føre til at synsstyrken utan brillene blir enda svakare fordi muskulaturen slappar av.

Effekt av synspedagogisk trening

Forskning viser at synspedagogisk trening har god effekt på synet til barn. Erfaring viser at synsstyrken aukar ved synstrening fordi fokusering og fiksering blir betre, og dermed er det for mange ikkje nødvendig med briller.

Effekten av synstreninga barna gjennomfører:

- *Auka synsstyrke, både på avstand og nært. Ofte store endringar*
- *Betre samsyn, augo jobbar betre i lag, dobbeltsyn forsvinn*
- *Betre leseevne, som igjen hos mange fører til stor auke i lesefart*
- *Interesse for lesing*
- *Lærarar melder om endringar i lesing*
- *Ikkje så mykje vondt i hovudet og augo*
- *Betre augerørsle*
- *Forstyrringar som svarte prikkar forsvinn*
- *Barna merker at lesing blir enklare*
- *Foreldre ser stor utvikling undervegs i treningsperioden*

Dei aller fleste som trener har god effekt. Nokre må trene fleire gonger, hjå andre held utviklinga seg stabil.

Prosjekt 6. klasse

Hausten 2019 starta me også eit prosjekt i 6. klasse. Høgskulen på Vestlandet (Bergen) held på å utvikle ein eyetracker, som sjekker augsrørsler. Dei ynskja å teste denne ein stad. På grunn av at eg kunne følgje opp barn der det blei oppdaga synsvanskar, så kom dei til Tysnes. Førsteamanuensis Gunvor B. Wilhelmsen som jobbar med syn, og to andre frå høgskulen var med.

Me hadde vanleg synskartlegging og kartlegging med eyetracker på 15 barn. Klassen har 21 elever, men nokre hadde ikkje levert godkjenningsskjema.

Synskartleggingane viste mange barn med ulike synsvanskar.

- *4 av elevane har trena i periodar over fleire år tidlegare, 3 av dei har no tilnærma normalt syn*
- *1 barn alternerer, bruker berre eit auga om gongen, strevar med lesing*

- 1 barn kutter ut høgre auga både på avstand og nært, svak synsstyrke, strevar med lesing
- 1 barn kutter ut høgre auga på avstand, svak synsstyrke, strevar med lesing
- 1 barn med svært svak synsstyrke, store vanskar med akkomodasjon og konvergens (fokusering og fiksering), strevar med lesing, blir svært sliten i augo
- 1 barn med store konvergensvanskar, som blir svært sliten i augo
- 2 barn med mindre vanskar, ei som blunkar mykje og ei som blir veldig sliten i augo, og får vondt i hovudet
- 4 barn utan synsvanskar (1 flytta etter kartlegginga)

Treningsopplegg for barn i 6. klasse

6 av elevane i 6. klasse skal starta med synstrening heime i slutten av januar. 4 av dei skal også trene med meg på skulen 3 dagar i veka dei første to vekene. Dei neste 4 vekene skal alle 6 halde fram med trening heime, samstundes som dei skal trene i klassen. Dette skal gjennomførast i Januar/februar, så det kjem i neste rapport.

Dette er mykje vanskar i ein klasse. Kva skyldast dette? Kan ein då tenkje at det er mange som strevar i dei andre klassane også?

Mi erfaring, frå dei ulike klassesettrinna, er at det nok er mange med uoppdaga synsvanskar.

Det er utuleg viktig at desse barna får hjelp. 30 % stilling rekk ikkje så langt, så det blir mykje ekstra arbeid. Men det er eit svært viktig arbeid.»

Arbeidet her er viktig og røynsler frå kartlegging i 6. klasse er at mange barn har utfordringar her som krev vidare oppfølging.

4.2.6 Skulefritidsordning - SFO

Begge skulane med småskuletrinn har tilbod om SFO. Det vart laga nye vedtekter for SFO-tilbodet i 2017. Onarheim skule har for første gong har SFO open 5 dagar i veka. Det har vore tilbod om SFO i haust,- vinterferie og i august før skulen startar. Her har det vore varierende oppslutnad, me har ope tilbod om det er stor nok interesse etter dei nye vedtektene.

Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn og leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna.

Tab. 4.6: Barn med SFO tilbud	2014	2015	2016	2017	2018
Uggdal SFO	29	32	35	39	35
Onarheim SFO	7	5	7	7	12
SUM	36	37	42	46	47

Tab 4.7: Nøkkeltal SFO	Tysnes					Kommune gruppe	Hordaland
	2014	2015	2016	2017	2018	2018	2018
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud per innbyggjar	248	188	159	121	192	250	221
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud per innbyggjar 6-9 år	6 439	4 605	3767	2669	4160	5350	4435
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO	33,6	39,5	36,7	35,9	35,9	43	59,5

4.2.7 Vaksenopplæring

Vårsemesteret 2018 var det 21 elevar på vaksenopplæringa frå 8 ulike nasjonalitetar. Av desse var 18 elevar ein del av introprogrammet, 3 elevar var familieinnvandra medan ein elev var jobbinnvandrar. På grunn av ulike forutsetningar og skulebakgrunn vart elevane delt inn i 3 nivå. Dette for å kunne sikra raskast mogleg progresjon. Det vart difor nytta 2,5 årsverk på vaksenopplæringa i skuleåret 17/18.

Ved oppstart av skuleåret 18/19 var det 18 elevar frå 6 ulike nasjonalitetar. Av desse er 4 familieinnvandra, medan 14 er del av introprogrammet.

3 elevar starta på grunnskuleopplæring på Os, medan 2 elevar valte å følge undervisning på Os vaksenopplæring på B1 -B2 nivå sidan me ikkje kunne tilby dei dette nivået til så få elevar. I tillegg fekk me ein ny familieinnvandra elev og ein elev kom tilbake frå permisjon. Dette skuleåret er ikkje det så stort sprik i nivå slik at elevgruppa er delt i 2. Det er i år nytta 1,4 årsverk på vaksenopplæringa.

Det er enda usikkert kor mange elevar som vil vera ein del av vaksenopplæringa frå hausten 2019. Det vert no gjort ein del kartlegging av den einskilde og vurdering på kva som vil vera det beste utdanningsløpet for dei. Ressursbehovet vil bli satt etter at kartlegginga er gjennomført og elevane har bestemt seg for kva dei ynskjer vidare. 2 elevar frå Tysnes starta opp på grunnskuleopplæring på Stord vaksenopplæring hausten 2017 og vil vere ferdig vår 2019.

4.2.8 Kulturskulen

Kulturskulen ventar stadig på betre tilhøve for undervisning, og ser med forsiktig optimisme fram til ei god løysing med betre lokaler/undervisningstilhøve, som vil gje eit betre elev/lærarmiljø, og gje ei viktig tilhøyrsløysing til Kulturskulen. Dette er no under prosjektering, og elevar, og ikkje minst lærarane gler seg til betre løysingar for undervisning/planlegging/fellesaktivitetar

Tab 4.8: Elevar i kulturskulen	2014	2015	2016	2017	2018
Elevtal	48	88	86	91	55

Skuleåret 2018-19 er det pr. 10.oktober 2018: 17 på piano, 4 på song, 4 på messing, 2 på slagverk, 3 på gitar og 2 på bassgitar. Av gruppeundervisning så er det 23 på messing.

I tillegg sel Kulturskulen timar til Onarheim musikklag, Tysnes skulekorps og Tysnes Musikklag.

Kulturskulen er og leigd inn til skulekor og kornettklasse ved Uggdal skule samt musikkundervisning ved Tysnes skule.

Det har vore halde kunstverkstad som kortkurs. Kurset vart avslutta med ei utstilling på ein konsert Tysnes skulekorps arrangerte.

Det er å håpa at me kan få til undervisning i dans igjen, men det har vore vanskeleg å finna lærar. Håpet for framtida er at betre læringsmiljø i nye lokale vil skapa grobottn for ein vekst i tal på elevar, og større frekvens av konsertar/framsyningar i kulturskuleregi.

Tab 4.9: Nøkkeltal kulturskulen	Tysnes					Kommune gruppe	Hordaland
	2014	2015	2016	2017	2018	2018	2018
Netto driftsutgifter til musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	2 630	2 549	2762	3241	2984	4081	2400
Andel elever (brukere) i grunnskolealder, av antall barn i alderen 6-15 år	15,8	21,9	28,8	27	22,9	21,3	12,2

4.2.9 Barnehagar

Det var 158 barn i frå fødselsåra 2013, 2014, 2015, 2016 og 2017 per 15.12.2018. Det er ei auke på 22 barn frå førre år. Dette gjer at me stadig må utvida barnehagane våre.

Tab 4.10: Tal på born delt etter barnehage	2014	2015	2016	2017	2018
Vågsmarka	29	29	29	25	29
Stjernereiso	64	64	67	61	68
Lunde	22	22	22	21	33
Onarheim	27	27	21	25	28
Totalt	144	144	139	136	158

Tysnes kommune har utvida styrarstillinga i Onarheim og Lunde barnehage til 100 % kvar plass. Når tal plassar kjem over 42 skal ein ha 100 % styrar. I tillegg såg me at arbeidsmengda vart for stor på ein styrar. Dette har vore eit veldig bra tiltak. I Onarheim har det vore ein tilsett som gjekk inn i denne rolla til ny styrar kjem i løpet av våren 2019.

Det er komme nye lover for pedagogisk bemanning. Det er ei utfordring å få nok utdanna personale, så me har hatt 4 dispensasjonar dette året for å oppfylle krava. Det er og komen ny bemanningsnorm, noko som gjer at me har lite handlingsrom i forhold til å kunne gå med ein unge for mykje til dømes.

2018 vart barnehagane veldig påverka av nye tellereglar. Det betyr at alle 3 åringar tel for 2 plassar heile barnehageåret. Det er difor ikkje mogleg å ta inn nye barn i januar, slik det var tidlegare, utan å tilsetje meir personale.

Onarheim barnehage (43 plassar) har dette året lagt rett i overkant av bemanningsnorma og har fått inn litt ekstra bemanning. Til gjengjeld har barnehagen teke imot SFO på morgonen. Onarheim barnehage har 24 plassar nede og full avdeling oppe med 19 barn. Denne avdelinga ligg i skulen sine areal. Her har det i løpet av året vore ei utbetring av stellerom. Tidlegare utgang og rømmingsveg er omgjort til stellebad. Bøttekottet er tatt vekk og ein kan nytte vasken til stellebadet. Ein har og fått ny rømmingsveg, der det er hovudinngang til avdelinga oppe. Onarheim barnehage har utfordringar i forhold til store endringar i barnetal og utfordringar i forhold til lokalitetar og uteområde. Dei manglar skikkelige

arbeidsplassar, pauserom, møterom og garderober/toalett i nærleik av avdeling til dei tilsette. Lokala gjer det vanskelig å samarbeide både ute og inne. Ny barnehage i Onarheim ligg inne i økonomiplanen i 2020/21.

Vågsmarka barnehage (36 plassar) er stabil i barnetalet pga. at arealet ikkje er mogleg å utvida. Vågsmarka barnehage er alltid full. Denne barnehagen har mange søkarar som ikkje får plass her, som enten må til Stjernereiso eller Lunde. Det er dei seinare åra investert ein del i barnehagen sist med eit tilbygg for å ivareta garderober og betre arbeidsplassar, det er likevel noko manglar opp mot arbeidsplassar og møterom.

Lunde barnehage (52 plassar) Lunde barnehage har haust 2018 fått ny godkjenning av areal pga. stor auke i barnetal. No er Storastova og Digisusrom i 2. etasje godkjent med i arealet. Barnehagen har utvida med 3 stillingar.

Stjernereiso barnehage har også dette året variert veldig i plassar. Ein har fulle barnehagar etter nyttår og så er det ein nedgang på hausten og så aukar det igjen over nyttår. Dette er mykje på grunn av endring i tellereglar (at alle barn under tre år, tel to plassar fram til august året etter) og at me har eit løpande opptak gjennom heile året. Det er mange som ynskjer plass i barnehage i januar måned. Det er gjennomført ei støyanalyse på Stjernereiso barnehage denne rapporten må fylgjast opp gjennom praktiske tiltak i 2019, eit arbeid som skal ha prioritet, Dette vert viktig å gjere tiltak for å redusere støy framover.

Foreldreundersøking

Tysnesbarnehagane har gjennomført ei foreldreundersøking i regi av utdanningsdirektoratet. Denne undersøkinga er nasjonal. Undersøkinga var open i november 2018. Denne foreldreundersøkinga tar barnehagane kvart år, og er eit godt verktøy for vidare utvikling.

Det kom inn 91 svar av 151 mulige. Det er ein svarprosent på 60 %. Det gjer oss eit grunnlag for vidare arbeid, men ein kunne sjølvsagt ønska at svarprosenten var høgare. Alle barnehagane har fått eigne resultat for sin barnehage for å kunne arbeide best mogleg vidare med undersøkinga ute i den enkelte eining. Lunde og Onarheim har best svarprosent.

Undersøkinga måler tilfredsheit langs ulike variablar der 5 er best og 1 er dårlegast. Undersøkinga oppgang/eller lik poengsum på alle spørsmål. Det mest gledelige resultatet er at barns trivsel ligg på frå i fjor.

Ute og innemiljø er der me kjem dårlegast ut, med 3,9. Ein oppgang på 0,1. Den generelle tilfredsheten ligg på 4,3. Barnehagane skal jobbe vidare med denne undersøkinga i barnehagen. Det opp i SU, på foreldremøte og personalmøte

Barnehagane føl satsinga som samsvarar med planen «Saman for framtida»
- Språkløyper



viser ein
4,8. to opp
vil bli tatt

- Digisus
- Leing for kvalitet
- Sofykos
- Førebyggande arbeid mot mobbing

Barnehagefakta. Her er tala for hausten 2018. <http://www.barnehagefakta.no/kommune/1223/tysnes>

Tab 4.11: Dekning og bruk	Tysnes					Kostra Gr. 2	Landssnitt
	2014	2015	2016	2017	2018	2018	2018
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	95,2	89,9	95,2	84,5	91	90,6	92,2
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	88,5	83,1	87,7	65,1	77,3	80,1	84
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	98,9	94,6	100	96,9	102,2	96,4	97,3

4.2.9 Tenester for barn og familie

Eining barn og familie vart etablert i juli 2016 og er samansett av tenestene; jordmor, helsestasjonen- og skulehelsetenesta, psykisk helse for born og unge, samt barneverntenesta.

Målet med etablering av eininga, var å styrke, samt effektivisere det tverrfaglege arbeidet i høve born, unge og deira familiar, og i større grad dra nytte av kvarande sin kompetanse.

Eininga er etablert med felles leing for dei tre tenesteområda, og er ein del av oppvekst.

Eininga har som fokusområde å jobbe for tidlig innsats, både i høve grupper av born og unge, samt oppfølging av einskildindivid.



Oppvekstområde jobbar etter strategiplanen «Saman om framtida». Her har vi som mål å leggja til rette for at barn og unge i Tysnes kommune skal vera rusta for framtida og oppleve livsmeistring.

4.2.9.1 Helsestasjon

Helsestasjon har hatt ei bemanning på 1,5 stillingar i tillegg til kommunefysioterapeut og turnuslege som gjer ein viktig jobb inn mot tenesta. Kommunen fekk i mars 2018 tildelt midlar frå Helsedirektoratet, til å styrkja tenesta. Styrkinga vart sett i verk frå september 2018 ved at ein av helsesjukepleiarane fekk auka stilling frå 50% til 80% stilling, og tenesta har derfor vore bemanna med 1,8 stilling frå denne dato. Styrkinga har gått til skulehelsetenesta.

Etter innføring av nye nasjonale faglege retningslinjer for helsestasjon- og skulehelsetenesta i 2017, har mykje ressursar gått med til å implementere desse.

I løpet av 2018, har det vore periodar med redusert bemanning i helsestasjon- og skulehelsetenesta. Ein kom derfor ikkje i mål med alle lovpålagde oppgåver. Dette vart også avdekkja ved gjennomføring av Forvaltningsrevisjon av tenesta som vart gjennomført i perioden april til oktober 2018. Rapporten vert fylgt opp vidare i 2019.

Tab 4.15: Nøkkeltal helsestasjon	Tysnes					Kostra gr. 2	Hordaland
	2014	2015	2016	2017	2018	2018	2018
Andel spedbarn som har fullført helseundersøking innan utg. av 8. leveuke	106	118	95	97	93,5	102,1	100,7
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 2-3 års alder	105	66	112	93	126,2	97,1	98
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 4 års alder	100	90	100	83	100	98,7	95,1
Andel barn som har fullført helseundersøking innan utgongen av 1. skoletrinn	102	92	67	100	-	100,2	77

I 2018 vart det f dte 32 born heimeh yrande p  Tysnes. Jordmor har vore p  38 heimebes k. Det har vore 15 barseltreff og 3 f dselsf rebuande kurs i 2018. Framm te har vore varierende, men helst d rleg, sj lv om samlingane er etterspurde.

4.2.9.2 Psykisk helse for barn og unge

Psykisk helsearbeider for barn og unge er ei 100 % stilling. I  ret 2018 har det vore to personar i denne stillinga, ei i 80 % stilling og ei i 20 % vikariat. Grunna lengre fr v rsperiode blant dei tilsette, har stillinga og tenestene vore sterkt redusert i 2018, spesielt i fyrste halvdel av  ret. I l pet av  ret 2018 har psykisk helsearbeider for barn og unge hatt individuelle samtalar med rundt 30 barn og unge under 18  r. Av desse har nokre hatt oppf lging over tid, medan andre berre har vore innom for samtalar 1-3 gonger.

I l pet av 2018 har Psykisk helsearbeider for barn og unge:

- vore deltakar og koordinator i fleire individuelle planar
- hatt klasseromsundervisning med tema
- hatt grupper i skuletida
- delteke i ulike samarbeidsm ter med foreldre, tilsette i oppvekst, spesialisthelsetenesta m.fl.
- hatt ansvar for «Treffstaden» som er ein m teplass for ungdomskuleelevar etter skuletid kvar mandag. I 2018 har det ofte vore 25-35 ungdommar innom Treffstaden.
- delteke i BU-gruppa (Krisegruppe ved livskriser hos barn og unge)
- delteke p  kurs og samlingar
- vore med og arrangert «Verdsdagen for psykisk helse» i september

4.2.9.3 Barnevern

Barneverntenesta har i hovudoppg ve   ivareta born mellom 0 og 23  r som p  grunn av forholda i heimen, eller av andre  rsaker har trong p  hjelp fr  barnevernet. Barneverntenesta har i tillegg i oppg ve   arbeide f rebyggjande jfr bvl.   3-1, samt plikt til samarbeid med andre instansar jfr bvl   3-2.

Barnevernetenesta i Tysnes kommune har i 2018 best tt av 4,8  rsverk, inkludert einingsleiar/barnevernleiar i 100% stilling, 3 sakshandsamarar, samt tiltaksarbeidar i 100% stilling. Fr  2019 er tenesta redusert med 0,8  rsverk.

Fr  01.01.2018 inngjekk Tysnes barnevernteneste avtale med Bergen kommune, barnevernvakten, om beredskap utanfor ordin r kontortid. Dette sikrar at born i kommunen har tilgang p  tilfredsstillande hjelp utanfor det lokale barnevernet si kontortid. Det har ikkje vore nokon henvendingar fr  Tysnes kommune til Bergen barnevernvakt i 2018.

Tal barn med tiltak						
Tal barn	I løpet av året			Slutten av året		
	Omsorg	Tilsyn andre kommunar	Hjelpetiltak	Omsorg	Tilsyn andre kommunar	Hjelpetiltak
2018	8	8	12	8	5	12

Tal meldingar og undersøkingar						
	Tal meldingar	Meldingar som er lagt vekk	Undersøkingar i alt	Avslutta undersøkingar i alt	Vedtak etter BVL	Undersøkingar over 3 månader
2018	21	4	17	20	14	4

Tabellane over syner talet på saker i Tysnes barnevernteneste for 2018. Tala i rubrikken «i løpet av året» syner totalt tal saker som tenesta har arbeidd med i løpet av året. Tala i rubrikken «i slutten av året» er status per 31.12. kvart år. «Omsorg» er tala for tal barn kommunen har omsorg for og er lovheimla i bvl § 4-12, og «hjelpetiltak» syner antal barn som har frivillige tiltak etter bvl § 4-4. «Tilsyn andre kommunar» er barn som bur i fosterheim i kommunen (plassert av andre kommunar).

Tabell nr 2 syner antal meldingar og undersøkingar som Tysnes barnevernteneste har hatt i løpet av året. Tal meldingar er talet på meldingar som er kome inn for året 2018. Meldingar som er lagt vekk, syner talet på meldingar som er avklart innan fristen, og der det ikkje er opna undersøking. Alle sakene der det er sett i gong undersøking finn ein i rubrikken «undersøkingar i alt».

Det er ein nedgang i talet på mottekne meldingar frå 2017 til 2018. Talet i 2017 var 30. Fleire av undersøkingane i 2018, er gått ut over fristen på 3 månader. I 2 av undersøkingane er det leigt inn sakkyndig konsulentbistand til gjennomføring av undersøkinga.

4.3 Helse og sosial

Helse- og sosial dekker fagområda helse, pleie- og omsorg, NAV sosial/flyktning, frivilligsentralen. Fagleg oppfølging og sekretærfunksjon for tenesteutvalet, husbankutvalet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er lagt til dette området.

4.3.1 Utviklingstrekk i etaten

Helse- og omsorgsdepartementet la fram ei tilråding for Stortinget Meld.St. 15 2017 – 2018 4. mai 2018: «Leve hele livet», en kvalitetsreform for eldre.

«Leve hele livet» har 5 innsatsområder:

1. Et aldersvennlig Norge
2. Aktivitet og fellesskap
3. Mat og måltider
4. Helsehjelp
5. Sammenheng i tjenestene

Innafor fleire av desse punkta har Tysnes kome langt ved ny driftsform i Tysnes omsorgssenter, satsing på rehabiliteringstenester og ei styrking av frivillig sektor.

Drift av nytt omsorgssenter har medført ei stor omstilling, det har vore gjort eit kontinuerleg arbeid med å tilpassa tenestene gjennom året. Eit nytt omsorgssenter har gjeve oss meir differensierte tenester med bustad, dagsenter, heimetenester, rehabilitering og institusjonsopphald.

Tysnes kommune fekk tildelt kr 490.000 i kompetanse- og innovasjonstiltak frå Fylkesmannen i 2018, som har vore nytta til formålet.

4.3.2 Helseavdelinga

Til helseavdelinga ligg legekontor, legevakt, fysioterapi, psykisk helse og ergoterapi. Kommuneoverlege leiar den samla tenesta.

Tab 4.19: Nøkkeltall kommunehelse – prioritering	Tysnes					Kostragr. 02	Hordaland
	2013	2014	2015	2016	2017	2017	2017
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	3072	3613	3976	3900	4012	3622	2484
Netto driftsutgifter i prosent av samlede netto driftsutgifter	5	6,1	6,6	6,4	6,5	5,5	4,5
Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse pr. innbygger	194	271	218	289	293	165	149
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger	2361	2786	3174	2847	2912	2760	1742

4.3.2.1 Psykisk helse

Det er 1,5 årsverk psykiatrisk sjukepleiar knytt til tenesta. I tillegg er det ca 0,5 årsverk og timerressursar knytt til brukaroppfølging, støttekontakt og drift av aktivitetssenteret. Gjennom støtte frå Fylkesmannen og i samarbeid med NAV er det også 0,5 årsverk nytta til ein prosjektstilling innan rus og psykisk helse. Psykisk helseteneste har hatt oppfølging av til saman 41 brukarar. i tillegg aukar andelen av pasientar med,(milde og kortvarige problem) som tek kontakt via fastlege eller sjølv tek kontakt for råd og rettleiing, utan at det vert oppretta journal, ca 15 stk.

Psykisk helseteneste driv dagsentertilbod ved aktivitetssentret i Våge to dagar per veke. Me har hatt 12 faste brukarar i løpet av 2018. Lokalet vert og nytta til samtalar med brukarar, og til møteverksemd.

Utvikling av tilbodet på aktivitetssenteret er viktig, og er heile tida i fokus. Med omsyn til den enkelte brukar sitt behov for tett oppfølging er det til tider behov for ein ekstra ressurs på aktivitetssenteret. Dette har vore like aktuelt i år. Ein fagperson lett blir bunden opp til ein enkelt brukar som er i behov av tett oppfølging. Dette går utover aktivitetar/oppfølging for dei andre som deltek der. Ein ser og behov for ekstra personell når

brukaren er ny, slik at brukaren skal kjenna seg trygg og ivaretatt dei første gongane. Målet er at dei skal ha lyst til å fortsetje, og finna trivnad bland dei andre.

Samarbeidet med spesialisthelsetenesta, i første rekkje Stord DPS, har i løpet av 2018 betra seg. Det har vore veiledningsmøter/drøftingsmøte i kommunen ca 4 gonger i 2018. Samarbeid med Stord DPS har vore viktig for eit sterkare fagmiljø og eit nært samarbeid mellom pasient og fagpersonell. Det vert framleis stilt større krav til kommunen for oppfølging og behandling av pasientar, spesialisthelsetenesta forventar at kommunen tek meir ansvar. Pasientar som vert som vert tilvist DPS får hyppigare avslag, dermed trenger dei tettare oppfølging frå tenesta vår. Omfanget av hjelpetiltak er større og meir komplekst. Me ser derfor det er svært viktig med fagpersonar i tenesta.

I 2018 hadde 5 brukarar støttekontakt. Støttekontraktoppdraga har vore viktig for den enkelte brukar. Me ser det er vanskeleg å rekruttera støttekontakt, det er ei utfordring og det er fleire som har behov. I forhold til dette har tenesteleiar hatt kontakt med Frivilligsentralen og TIAS. Det er no ein plan for at TIAS skal få i gong ein samlingsplass/treffstad på Våge aktivitetssenter for brukarar som er i behov av eit aktivitetstilbod på kveldstid/helg, og planen er at det på sikt kan verta brukarstyrt.

Eit av måla har vore å sikre god oppfølging av den enkelte brukar, og med det bidra til å førebyggje forverring av lidinga. Dette gjennom ulike tiltak i kommunen, som støttesamtalar, aktivitetssenter, turgåing/turgruppe og støttekontakttiltak. Samhandling internt i kommunen med lege, heimesjukepleie, sjukeheim, politi, NAV og TIAS er og viktige faktorar for å sikre god oppfølging. Samhandling kan bli betre internt i kommunen. Det er særskilt viktig at ulike hjelpeinstansar kjem til semje om kva type hjelp/omsorgsnivå brukaren treng. Her er det rom for utvikling!

Verdensdagen for psykisk helse vart markert i Tysneshallen, og for ungdomsskuleelevar på Tysnes skule. Me var godt nøgd med arrangementet, trass i at me gjerne skulle sett eit større oppmøte på arrangementet. Dette skal arbeidsgruppa ha fokus på i 2019.

4.3.2.2 Legekontor

Allmennlegetenesta i Tysnes kommune er kommunalt drevet fastlønnspraksis, i motsetning til dei fleste stadene i landet, der det er privatpraktiserande allmennleger. Legetenesta i Tysnes er samla i eit kontor. Dei tilsette legane uttrykker tilfredsheit med ein slik modell.

Det er ved utgangen av 2018 tre legeårsverk knytt til legekontoret, i tillegg til dette kjem inntak av LIS1-lege. Fastlegestillingane har hatt stabil legedekning i 2018. Det er 2,5 årsverk knytt til forkontor og laboratorietenester ved legekontoret. 0,2 årsverk er avsett til å vera tilynslege for omsorgssenteretm, legekontoret har også ansvar for pasientar som vert lagt inn på kommunal akutt døgntilbod ved Tysnes omsorgssenter. Tysnes legekontor har 0,625 medarbeidar per lege, arbeidtakorganisasjonane tilrår 0,9 årsverk per lege.

Tysnes omsorgssenter kjøper 20 % av ei kommunelegestilling. Dei andre legane bistår tilsynslegen med behov som måtte oppstå når tilsynslegen ikkje er tilgjengeleg. Legane ved Tysnes legekontor har ansvaret for pasientar i kommunal akutt seng, som er oppretta på omsorgssenteret.

Samla har legekantoret 2413 pasientar på sine fastlegelister, dette tilsvarar det ein hadde i 2017. Dersom me ser dette i høve til innbyggjartalet har me ein netto lekkasje på om lag 400 pasientar.

Det har vore gjennomført samtrening med brannmannskap, ambulansetenesta og politi i 2018 i form av PLIVO øving. Fleire av legane og forkontor personale har gjennomført kurs i akuttmedisin. Det kjem stadig nye krav til elektronisk kommunikasjon mellom faggrupper, men også mellom legekantor og pasientar, og dette må følges opp med kurs og evt nødvendige investeringer innanfor IT.

I 2018 vart det kjøpt inn hjartestartar til akuttrom, forstøvarapparat og blodtrykksapparat for midlar gitt av LHL. Det er innført IT-system for melding mellom lege og heimesjukepleien (begge veger), dette bidreg til betre kvalitet særskilt omm mot medisinerings for heimesjukepleien sine brukarar. I tillegg er det innført elektronisk samhandling med spesialisthelsetenesta.

Det er bestilt tenestebaserst adressering, slik at me og vil kunne ha elektroniske meldingar mellom helsestasjon, jordmor, fysioterapi og psykisk helseteneste. Me har framleis ein del gammalt utstyr som vil trenge utskifting etter kvart.

Tabell 4.20 Dekning lege	Tysnes					Kostragr. 2	Landet
	2014	2015	2016	2017	2018	2018	2018
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere,	14,4	14,3	14	13,7	13,7	13,5	11,3
Gjennomsnittlig listelengde (korrigert for kommunale timer)	788	797	817	808	806	996	1168

4.3.2.3 Legevakt

Tysnes har valt å halde på lokal legevakt. Dei tre faste legane pluss turnuskandidat, deltar i legevakt, altså 4-delt vakt når alle er i funksjon, 3-delt ved feriar og kursfråvær. For å sikra forsvarleg gjennomføring av vakt er det turvande å nytta noko vikarlegar i samband med avvikling av feriar og anna fråvær. I samband med sumaren har me legevaktansvar for mellom 12 – 14.000 personar mot eit alminneleg grunnlag på om lag 3700.

Under Tysnesfest var det hektisk for vaktlege/ambulansse. Legekantoret deltok i planlegging av helseberedskap i samband med festivalen saman med med ambulansse og politi. Vi hadde ekstra legar på vakt under festivalen. Det vart etablert ”feltlasarett” på Tysnes skule og på aktivitetssenteret i Våge, som var eit nødvendig tiltak under dei ekstraordinære forholda. Både antall personar under Tysnesfest og aktivitetsskarakter blant publikum tilseier stort behov for medisinsk assistanse (rus/skader). Samarbeid med arrangørar og politi fungerer godt.

Me har prøvd å ha fagleg samarbeid/kursing i lag med ambulansen, og dette er nødvendig og nyttig og bør prioriterast høgare frå vår side i 2019. Bortsett frå planlegging/beredskap/akutfunksjon ved Tysnesfest, og ei felles PLIVO øving, har det vore lite samtrening.

Tysnes kommune kjøper tenester knytt til legevaktsentral frå Sunnhordland interkommunale legevakt. Dette er nyoppstarta i 2018, og ein kom i gong frå september 2018. Dette vil gje oss betre oversikt og statistikk, og er ei kvalitetssikring av tenesta.

Eit stadig større innslag av digitale og IT baserte tenester gjer oss også stadig meir sårbare, dette gjeld både i høve til kritisk infrastruktur som internett, telefoni og straum, men også i høve til personvern og informasjonstryggleik. Det bør arbeidast vidare opp mot å finna ein balanse i høve til risiko og sårbarheit i møte med desse utfordringane.

4.3.2.4 Fysioterapi

Dei siste åra har det vore god kontinuitet i fysioterapitenesta i kommunen. Lenger tilbake i tid var kontinuitet ei utfordring. Tenesta har no 1,5 årsverk, men dette må sjåast i samheng med privatpraktiserande fysioterapeutar som driv med driftstilskot. Situasjonen for den kommunale tenesta er likevel sårbar så lenge ein har deltidstillingar. Dette gjer det vanskeleg å oppretthalda kompetanse i kommunen, samstundes som det er vanskeleg å rekruttera til deltidsstillingar.

Kommunefysioterapitenesta har i 2018 lagt vekt på rehabilitering på institusjon og i heimane. Kommunefysioterapeut har i tillegg hatt oppfølging av barn ved helsestasjon og på skulen. Har eit godt samarbeid mellom private- og kommunale fysioterapitenester gjennom arbeidet i Samarbeidsutvalet. I praksis har kommunefysioterapeut ei viktig koordinerande rolle når det gjeld samordning/ fordeling av fysioterapitilbodet mellom private- og kommunale tenester. Dette samarbeidet fungerer likevel ikkje optimalt, ut frå intensjonen i avtaleverket mellom KS og Norsk Fysioterapeutforbund, der det blir slått fast at privatpraktiserande fysioterapeutar skal kunna ta på seg kommunale oppgåver. Grunna tidspress og ventelister gjev dei ofte uttrykk for at dei ikkje har tid til å ta på seg kommunale oppgåver, til dømes heimebehandling.

I regi av skulehelsetenesta, har kommunefysioterapeut, saman med privatpraktiserande fysioterapeut, også i meldingsåret gjennomført vurdering av motoriske ferdigheiter i grupper hos elevar i 1. klasse i Tysnes kommune.

Kommunefysioterapeut har i meldingsåret hatt ei auka satsing på motorikk og fysisk aktivitet i barnehage og første trinn i barneskulen. På bakgrunn av fleire års kartlegging av motorikk, har kommunefysioterapeut utforma eit «Årshjul: sansemotorikk for barnehage og småskule 2018-2019», frå og med august 2018, etter inspirasjon frå «Gausdalmodellen» og «Solid Start Sykkylven». Barna har følgd eit årshjul med

motoriske aktivitetar, der målet med «prosjektet» er at barna skal utvikla grunnleggjande motoriske ferdigheiter, og eit godt fundament for læring ved skulestart. Årshjulet styrer kva fokus ein har kvar månad, og gir forslag til type øvingar. Barna merkar ikkje at dette er trening, då det skal vera ein naturleg del av dagleg lek og aktivitet.

Kommunefysioterapitenesta har delt ut ballar til alle førskulebarn og førsteklasingar med tanke på oppfølging av ballaktivitetar i «Årshjul: sansemotorikk for barnehage og småskule» Målet er at barna skal oppleve rørsleglede og meistring!

Alle barnehagar og småskular har også fått ein aktivitetskalender: »BARN I LEIK OG RØRSLE» for barn frå 3-10 år, utforma av fysioterapeut Liv A. Aartun. Kommunefysioterapeut har hatt samarbeid med pedagogar i barnehage og 1. klasse. «Årshjul: sansemotorikk for barnehage og småskule 2018-2019» og «BARN I LEIK OG RØRSLE» har fram til no fungert som *idèbank* som pedagogane prøver å få innarbeidd i dagsplanen. I «Gausdallmodellen» set barnehagane av 30 minutt til motorisk aktivitet tre gongar i veka.

«Årshjul: sansemotorikk» bør løftast opp på administrativt og politisk nivå, og forankrast i planarbeidet dersom Tysnes kommune ynskjer å fremja motoriske ferdigheiter, læring og helse hos alle barn. Tysnes kommune bør vurdere studietur før implementering av liknande opplegg.

Oppfølging/innføring av opplegget i full skala vil medføre tilføring av auka ressursar til fysioterapitenesta, samt kompetanseheving av barnehagepersonalet. Kommunefysioterapeut har valt å inkludera 1. klasse då mange barn fyller 6 år på slutten av året. Tilbodet er i tråd med folkehelseanbefalingar om tidleg innsats, systemtiltak og utjamning av ulikheit i helse

Tab 4.19: Nøkkeltal fysioterapi	Tysnes					Kostra	Hordaland
	2014	2015	2016	2017	2018	gr. 2	2018
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	13,8	13,8	12,8	13,5	13,4	11,4	9,1

4.3.2.5 Ergoterapi

Tidlegare ergoterapeut Britt Kjellesvik Rage gjekk av med pensjon i august og Inger Børve overtok stillinga. Det har tatt tid å setje seg inn i den kompleksitet stillinga omfattar og det vert framleis jobba med å få full oversikt.

Ergoterapeuten arbeider med kartlegging av funksjon/funksjonstrening, tilrettelegging og førebygging. Habilitering og rehabilitering. Rettleiar ifht. bustadendring, hjelpemiddel, ergonomiske tiltak og stimulerer til aktivitet og deltaking. Tenesta har 377 aktive brukarar og for andre saker enn akuttsaker må det reknast ei ventetid på mellom ei og fire veker.

Ergoterapeut er med i tverrfagleg Inntaks – og rehabiliteringsteam, er kontaktperson til Hjelpemiddelsentralen (HMS) og bindeledd til Tysnes Industri i høve til hjelpemiddel. Ergoterapeut bistår hjelpemiddelrekvirentar i Tysnes kommune ift enklare hjelpemiddel og samarbeider med HMS, Synsped. teneste m.fl. i enkelte brukarsaker.

Kjøp av tenester frå Tysnes Industri fungerer godt, dei leverer ei effektiv teneste som også bidreg til god flyt i ergoterapitenesta. Kommunalt ansvar for drifting av hjelpemiddel er aukande.

Tab 4.21: Ergoterapi	2014	2015	2016	2017	2018
Tilvisingar	86	74	110	111	-
Søknader/rekvisisjonar	-	-	-	135	94
Heimebesøk	131	95	147	172	122
Utleverte hjelpemidlar	667	489	564	652	760

Tabellen over viser noko av aktiviteten i tenesta i 2018. Verdien av dei utleverte hjelpemidla var kr. 2 081 761, i tillegg kjem søknader og rekvisisjonar produsert av andre kommunale einingar, slik som til dømes open omsorg.

Forebygging, tilrettelegging, trening og tilpassing av hjelpemiddel i brukar sin heim og nærmiljø, er økonomisk gunstige tiltak som kan bidra effektivt til betre funksjon og livskvalitet, og at brukaren kan klara seg lengst mogleg i eigen heim på ein verdig måte. Auke i ergoterapiressursar med tanke på m.a. kvardagsrehabilitering kunne ha heva denne gevinsten monaleg, jfr. og årsmelding for fysioterapitenesta.

4.3.3 Pleie- og omsorg

Under dei kommunale pleie- og omsorgstenestene ligg: Institusjonstenester, open omsorg og tenester for utviklingshemma.

Kostnadene til pleie og omsorgstenester er prega av at kommunen er demografisk topptung, samstundes ser me at kostnadane er relativt lågare om me samanliknar tal etter aldersgruppa 80 + eller aldersgruppa 67 +.

Tab 4.22: Nøkkeltal pleie og omsorg	Tysnes					Kostragr. 2	Landet
	2014	2015	2016	2017	2018	2018	2018
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	37	35,6	36	35,6	38,7	34,1	31,9
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	21 824	21 406	21932	21923	21923	21 586	16 585
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over	290 493	296 396	298 751	305 532	305 532	382 649	391 985
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 67 år og over	105 956	99 455	100 062	98 172	98 172	113 304	116 548
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottaker av kommunale pleie og omsorgstjenester	..	337 322	333 345	350 265	350 265	389 099	433 607

4.3.3.1 Institusjon

Driftsforma for institusjon i Tysnes omsorgssenter har gått gjennom store endringar samanlikna med tidlegare sjukeheimdrift. Året har vore prega av å tilpasse seg til reduserte tal institusjonsplassar, drift av dagsenter, og høgare ambisjonar på kultur og aktivitetsområde.

Nye rutinar og bemanningsplanar har sett krav til alle i verksemda i.h.t endringsarbeid. Forventningar inn i 2019 er at drifta vil «setje seg» vidare i ny driftsform. Det vert og noko kostnader knytta til utsmykking og utstyr til bygget. Me har hatt mange utfordringar m/ bygget og utstyret.

Dette arbeidast med kontinuerleg. Vi har ikkje kome i mål med utsmykking eller tekstilar dette året, satsar på betre lukke i 2019.

Nytt bygg med moderne utstyr har betra dei fysiske arbeidstillhøva monaleg, og vi ser at omlegging av t.d måltidsrytmen har betra mange bebuarar sin ernæringsstatus. Tilbakemeldingar frå brukarane er gode, og me har som mål å ha god dialog med dei vi skal yte tenester til. Det vart arrangert møte for bebuarar og pårørande 22.10.18, kor det var høve til å koma med innspel til drifta og tilbodet. Om lag 30 frammøtte.

Det vart arrangert til saman 30 konsertar/ framsyningar i Storstova i løpet av året. Både lokale krefter, som seniordans, babysong, kor, musikklag, men og profesjonelle kunstnarar har vore hyrt inn. Frivillige har vore deltakande på nærast alle aktivitetar og tilstellingar gjennom året, og dette har vore eit svært verdfullt bidrag for oss!

Dagtilbodet for demente har vore eit vellukka tilbod frå starten. Det har drift 4 dagar i veka, og 2 fast tilsette. Det er plass til 8 brukarar, fordelt på til saman 13 personar. Transport til og frå inngår i tilbodet, og bilen har vore nytta mykje til turar og utflukter.

Me har hatt mange utfordringar m/ bygget og utstyret. Dette arbeidast med kontinuerleg. Vi har ikkje kome i mål med utsmykking eller tekstilar dette året, satsar på betre lukke i 2019.

Øyeblikkelig Hjelp Døgntilbod . Tilbodet var i bruk 46 døger, noko som er ein nedgang frå førre året, då det var 69 døger.

Mattilsynet hadde tilsyn med produksjonskjøkken og avdelingskjøkkena 21.11.18, og lokalar, produksjon og prosedyrar er godkjende.

Me ser at krava frå styresmaktene og forventningar frå brukarane set stadig høgare krav til oss som tilbydarar av helse- og omsorgstenester. Stikkord kan vera fagleg forsvarlighet, kunnskap og kompetanse, god kommunikasjon, dokumentasjon og prosedyrar. Tenesta skal vera oppegåande på dette 24 timar i døgeret året rundt. Me har ein arbeidsstokk som strekkjer seg langt for å klare dette, men ofte kan det "holde hardt" innafor dei ressursane me har til rådvelde.

Pleie- og omsorgstenesta arbeider målretta for å gje tenester på rett omsorgsnivå. Vi har aktiv bruk av rehabilitering. Gjennom tverrfagleg samarbeid med heimetenesta, fysio/ ergoterapitenesta og legesida, nytta vi korttids plassane til å setja brukarane i stand til å klara seg heime lengst mogeleg.

Tab 4.23: Nøkkeltal - Institusjon	Tysnes					Kostragr. 2	Hordaland
	2014	2015	2016	2017	2018	2017	2017
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	14,4	15,3	13,9	11,7	-	-	-
Andel beboere i institusjon av antall plasser (belegg)	92,3	89,4	92,3	118,5	-	-	-
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	911 949	861 718	934 868	1 227 862	1 402 655	1 118 684	1 172 162

4.3.3.2 Open omsorg

Det vart tilført ekstra ressursar til tenesta frå januar 2018 tilsvarande 1,4 årsverk. ei seinvakt ekstra. Desse ressursane har primært vore nytta i høve drift av tenesta i omsorgsbustader omsorg+ i Tysnes omsorgssenter. Gjennom 2018 har vi sett at pasientane som kjem frå sjukehus har eit større hjelpebehov, pasientane har og en høg alder og redusert eigenomsorgene slik at det har vore naudsynt å styrkja talet på tilsette.

Open omsorg sitt pasientgrunnlag er omlag 100 personar fordelt på heile Tysnes. Me yt teneste til alle aldersgrupper, men har størst pasientgrunnlag av eldre. Primæroppgåva er nødvendig helsehjelp til grunnleggande behov og i form av praktisk bistand slik at pasientane skal kunne bu lengst mogeleg i eigen heim.

Vidare har kommunen 11 bustader i bufellesskap og gjennomgangsbustad. Det vert gjort framleige av nokre bustader Bustader i tilknytning til omsorgssenter er atterhalde for dei med høgast tenestebehov og tildeling vert gjort etter same forskrift som for institusjonsopphald, bustadene vert drifta etter konsept for Omsorg pluss.

4.3.3.3 Tenester for funksjonshemma

Tenester for funksjonshemma er sett saman av to bufellesskap og dagsenter.

Haugen bufellesskap

Haugen Bufellesskap har ansvar for 6 bebuarar i ulike aldersgrupper og oppfølging av 1 tenestemottakar utanfor bufellesskapet. 4 av tenestemottakarane har tett oppfølging m/tenester, og er definert som ekstra ressurskrevjande.

Me har 1 vaken nattevakt som dekker behovet til alle i bufellesskapet. I 2018 har me fleire netter fått hjelp av nattpatruljen (frå omsorgssenteret) til stell av ein brukar på natta.

2018 har me hatt fokus på å styrke arbeidsmiljøet for å redusere sjukefråværet.

Avdelingsleiar har hatt god dialog med IA rådgiver, og med hjelp av IA rådgiver har me hatt dialogspill som er eit verktøy for gode trivselsprosesser).

Me har hatt nokre personale på kurs for å styrke det faglege miljøet. Det er og gjennomført elektroniske kurs, med blant anna legemiddelhandsaming, førebygging av tvang og makt ved utviklingshemming.

Me har fagteam ca 3 gonger i månaden, der me diskuterer ulike problemstillingar og løysingar. Og me jobbar kontinuerlig for å få det til å fungere så optimalt som mulig.

2 av tenestemottakarane er blitt meir pleietrengande, noko som gjer arbeidet tyngre for personalet.

Sumaren 2018 var 3 av bebuarane på aktivitetsleir på Halsnøy, men den blei dessverre stengt etter 3 dagar pga omgangssyke. 1 brukar har vært til syden og 1 var med familien på ferie.

Det er p.t tilknytt 15 årsverk til eininga.

Vågsmarka bufellesskap

Vågsmarka bufellesskap har ansvar for 5 bebuarar i ulike aldersgrupper. Nokon av bebuarane er blitt meir pleietrengande, og treng såleis meir oppfølging i fht stell og somatiske tilstander. Bustaden har eit godt samarbeid med fastlege/heimesjukepleie. Me har fokus på god intern opplæring og tilpassing av hjelpemiddel. Ressursane må nyttast på ein annan måte no, då fleire av bebuarane har større pleiefaglege behov.

Etter april 2018 har ein av bustadane stått tom. I februar flytta det inn ein ny tenestemottakar i bufellesskapet. Leiar og primærkontakt byrja med denne prosessen ei god stund før. Den nye tj.m er ressurskrevjande, med 1:1 bemanning til daglig, og 2:1 bemanning på aktiviteter. Det er ein utfordrande og lærerik arbeidskvardag for personalet. Me har 2 tenestemottakarar som har tett oppfølging m/tenester, og er definert som ekstra ressurskrevjande. Me får god hjelp og oppfølging frå Habiliteringstenesta i Helse Fonna, og andre instansar. Det krev også at personalet held seg oppdatert, og tileignar seg kunnskap. Ein legg til rette for kurs, og prøver å ha gode arenaer for fagleg utvikling, til dømes gjennom ordning med fagteam. Fagteam er noko ein skal jobbe med, og bli betre på i 2018.

I 2018 gjennomførte ein brannkurs i regi av Tysnes brannvesen. På slutten av 2018 byrja Tysnes kommune arbeidet med å få sprinkla heile bygget, dette arbeidet fortsetter i 2019.

Det er p.t tilknytt 11,89 årsverk til eininga.

Dagsenteret

Dagsenteret har Maka kafe og dagsenteret i drift gjennom året. Dagsenteret har tilbod til 13 personar.

Det er totalt 3,18 årsverk knytta til tenesta, fordelt på 5 tilsette. Nokre av disse har kombinasjon med arbeid i andre deler av verksemda. Avdelingsleiar gjekk av med pensjon, og konstituert leiar gjekk over til å være fagansvarlig. Avdelingsleiar på Haugen bufellesskap overtok avdelingsleiar rolla på dagsenteret, frå august 2018. Målet med endringa er å få eit ennå betre samarbeid mellom bu- og dagtilbod innanfor tenesta.

2018 har me hatt fokus på å skapa eit godt arbeidsmiljø for tilsette og brukarane. Ein vil vidareutvikla samarbeidet med bufellesskapa og vurdera aktivitetstilbodet i ljøs av endringar hos brukarane.

4.3.4 NAV og flyktingtenesta

Kjerneoppgåvene i NAV/flyktingtenesta er økonomisk sosialhjelp, økonomisk rettleiing, KVP, aktivitetsplikt, mellombels bustad, oppfølging av rusklientar, busetting og integrering av flyktingar.

For 2018 har me ikkje noko måltal på talet flyktingar som me skal busetja, men me har vurdert å ikkje justere tenesta, då programmet som flyktingane deltek i kan vare i to, og opp til tre år. Flyktingtenesta må soleis planleggje, organisere og halde programmet i inntil tre år etter at siste flykting vart busett.

Mål og resultat:

NAV har også i 2018 nytta statleg arbeidsmarknadstiltak til aktivitetsplikt. Det vart stopp i tiltak til uprioriterte grupper, noko som har gitt ei auke i sosialhjelpa. Årsak til stoppen var overforbruk til uprioriterte grupper i heile tenesteområdet, samt tilfriskning av arbeidsmarknaden. Totalt sett har med landa med eit overforbruk på 400 000,- i høve avsett budsjett. Budsjettet vart redusert med 500 000,- etter same innsparing i fjor. Noko av forklaringa er redusert bruk av tiltakspengar, og fleire store barnefamiljar. Me har i løpet av 2018 sett i gang kvalifiseringsprogrammet, som ikkje har vore nytta på fleire år.

Brukarundersøkinga for 2018 vart ikkje målt pr kontor, slik at NAV Tysnes ikkje har fått spesifikk tilbakemelding på eige sørvisnivå. Om lag 60 % av brukarane seier at de er enten svært nøgd eller nøgd med sørvisen frå NAV, medan ca. ein av ti uttrykkjer misnøye

For 2017 søkte me om midlar til å auke kompetansen innan rus, og for ha fokus på unge tenestemottakarar. Det vart oppretta eit ROP- team som er vidareført i 2018. Tilskot var også søkt for 2018, men det har vore problematisk å nytte seg av pengane på grunn av sjukefråvær og vakanse.

Flyktningtenesta har ikkje motteke flyktningar i 2018, men har fokus på å drifte programmet og følgje opp dei flyktningane som er busett i kommunen. Det er nivådeling på norskundervisninga, og det er sett i verk matteundervisning. Nokre av flyktningane tek grunnskule/VGS på Os eller Stord.

Utvikling:

For 2019 har NAV som mål og gjere individuelle og konkrete vurderingar av hjelpebehov, og vere tilgjengeleg for, og ivareta dei vanskelegast stilte. I dette ligg spesielt barnefamiljar. Nav vil fortsatt ha fokus på arbeid og aktivitet, og særleg på dei unge. Me vil ha eit mål om å redusere stønadslengd på sosialhjelp, og sette føremålstenleg kvalifisering eller aktivitet som vilkår for sosialhjelp. Aktivitetsplikt og kvalifisering er eit slikt døme. Vidare vil me ha fokus på heilskapelege tenester innan rus/psykiatri og førebygging innan dette.

Me vil også ha fokus på tett oppfølging av flyktningane, og samarbeid med NAV og utdanningsinstitusjonar for å auke overgang til arbeid eller skule i og etter avslutta program. Me ønskjer å starte ein jobbverkstad som skal inn som ein del av introduksjonsprogrammet, og som er tenkt å også kunne vera for andre jobbsøkjjarar i kommunen.

Det var i 2017 meldt inn eit ønskje/ei trong for bevisstgjering og/eller opplæring i mental/psykisk helse for denne gruppa, og me erstatta tilbod om individuell fysisk eigenaktivitet med eit systematisk gruppetiltak: Psykomotorisk fysioterapi i gruppe.

NAV har gjennom 2018 forberedt og gjennomført etableringa av ny struktur for å tilpasse seg regionreforma. NAV har hatt 19 fylkesadministrasjonar. Dei nye verksemdene har som mål å styrke individretta tenester, bidra til større og meir robuste NAV-kontor, være kostnadseffektive og ha fokus på regional utvikling. Frå 2019 har NAV Vestland berre 12 fylker/regioner. NAV Tysnes er del av Sunnhordlandsregionen.

--	--	--	--	--	--

Tab 4.26 Tal sosialtenesta	2014	2015	2016	2017	2018
Mottakarar – sosialhjelp	44	57	61	55	58
18-24 år	12	10	10	7	2
24-66 år	32	47	51	48	56
Mottakarar med stønad over 6 md	13	18	18
Snitt utbetaling per stønadsmånad	6912	7503	7277	6558	6558
Økonomisk rettleiing utan stønad	5	8	7	5	4

4.3.5 Frivilligsentralen

Tysnes Frivilligsentral har laga eiga årsmelding 2018 som er lagt fram for møte i formannskapet 14.03.19. Viktige oppgåve siste året har vore: NRK TV aksjon, organisering bøsseberarar. Torsdagsturen. Matombringing. Klubb Fritio. Tysnesleikane. Besøksvener. Bingo på Tveit og «Aker Brygge». Basar på omsorgssenteret. Kulturkafè i Våge. Samarbeid med flyktningetenesta. Frivilligprisen. Julegåveaksjon.

4.4 Landbruk og teknisk

Landbruk- teknisk etat er delt i to einingar; ei eining for brann, drift og vedlikehald og ei eining for forvaltning.

4.4.1 Eining for forvaltning

Under eining forvaltning ligg plan- og byggesaksavdeling, kart – og oppmålingsavdeling og landbruk. Bjørnefjorden Landbrukskontor er felles for kommunane Os, Fusa, Samnanger og Tysnes..

I 2016 vart stilling som vikariat for kart- og oppmålingsavdeling lyst ut fleire gonger utan at det lykkjast å få tilsett vikar for medarbeidar som gjekk ut i permisjon hausten 2016. I januar 2017 vart det inngått avtale med Stord Kommune om utføring av oppmålingsforretningar, i ein 50% stilling, medan medarbeider, kart- og oppmålingsavdeling, var ute i permisjon. Ordninga har fungert godt og me har også kjøpt noko tenester frå Stord i samband med permisjon også i 2018.

Etaten er sekretariat for utval landbruk/teknisk, utvalet handsamar saker innan etaten sitt samla arbeidsområde. Det vart handsama 144 politiske saker i meldingsåret.

4.4.1.1 Plan og byggjesak

Politisk aktivitet

Tabell 4.4.1: Saker til politisk handsaming

Utval	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
landbruk/ Teknisk	134	165	130	91	105	144	117

Etaten er sekretariat for utval landbruk/teknisk, utvalet handsamar saker innan etaten sitt samla arbeidsområde. Tabellen angjev alle type saker som har vore handsama politisk innan eining for forvaltning sitt ansvarsområde.

Plan og byggjesak

	010	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Total saksmengd	429	259	248	280	296	280	289	324	254
Delegasjonssaker	217	139	96	160	207	189	184	218	117

Tabellen angjev berre saker som er handsama etter plan - og bygningsloven og Forureiningsforskrifta. For andre type saker som er handsama etter jordlova, skoglov m. m. vert det vist til anna programområde.

Arealdelen til kommuneplanen vart revidert våren 2012. Me opplever ein del søknader om dispensasjonar. Desse sakene krev ei omfattande sakshandsaming med høyring til ytre fagetater og politisk handsaming i utval landbruk/teknisk.

Byggesaksavdelinga mottok mange mangelfulle søknader og brukar unødvendig mykje tid på desse sakene før dei kan takast opp til realitetshandsaming.

For lovpålagte tidsfrister innan byggesak er det sjeldan at søknadane er fullstendige slik at dei ikkje oppfyller vilkåra for handsamingsfristane etter § 21-7 i pbl.

I 2018 var gjennomsnittleg sakshandsamingstid for delegasjonssaker 6 veker for søknader som var fullstendige med handsamingsfrist på 12 veker.

Grunna uføresette hendingar i september har avdelinga plan og byggesak etter dette dessverre hatt noko lengre sakshandsamingstid på innkomne saker og andre førespurnader enn normalt. Avdeling plan og byggesak har prøvd å prioritera saker knytt til søknader om nye bustadhus og næring, og elles teke andre saker så snart som råd. Avdelinga vonar at det vert teke hensyn til dette i denne uføresette situasjonen.

Stort arbeidspress i haust og vinter 2018 grunna uføresette hendingar har medført at nokre saker og førespurnader ikkje har vært følgt opp. Ein har derfor også tapt inntekt på gebyr i nokre saker pga tidsfrist.

Stilling som sakshandsamar på byggesak vart lyst ut i haust. Ny sakshandsamar er tilsett og tiltrer på avdeling byggesak den 01.04.2019.

I desember 2016 meldte byggesaksavdeling, Tysnes Kommune, seg på nettverkssamarbeid med andre kommunar i Hordaland, med Bergen Kommune som *vertskommune*. Nettverkssamarbeid er i regi av NKF med kurs, opplæring av aktuelle tema innanfor byggesak. I 2018 har det vore to nettverkssamlingar. Byggesak deltok på den siste.

Byggesak har frå i haust ikkje hatt kompetanse til å handsama søknad om mindre avlaups-anlegg, søknad om løyve til tiltak etter PBL og søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova. Byggesak vil i 2019 og våren 2020 gjennomgå rutinar for og innhente kompetanse for handsaming av mindre avlaups-anlegg.

Gebyrregulativ for Tysnes kommune - Plansaker, Bygge- og delingsaker, vart vedteke av kommunestyre 12.12.2018 og er gjeldande frå 01.01.2019.

I samband med budsjettarbeidet hausten 2015 vart det sett av midlar til oppgradering av sak og arkivsystemet for å sikre systemstøtte for effektiv og god sakshandsaming med betre rom for styring og kontroll. Våren 2016 vart sak og arkivsystemet (ESA) vårt oppdatert med støtte for digital postgang. Hausten 2016 vart ESA byggjesak sett i drift. I modulen er det lagt opp til at saksgangen skal styrast etter definerte milepælar, det var også lagt opp til automatisk rapportering mot KOSTRA, men dette har ikkje fungert verken i 2017 eller 2018. Oppgradering av ESA og opplæring av sakshandsamarar vart delvis gjennomført i haust 2016. Det er i 2018 arbeidd vidare for å gå gjennom rutiner og arbeidsprosessar ved avdelinga, arbeid med dette vert vidareført i 2019. Det vil bli lagt opptil innføring av E-byggesak i 2019.

Plan og byggesaksavdeling har totalt sett oppnådd eit godt økonomisk resultat for 2018, men oppnådde ikkje budsjettert inntekt på gebyr byggesaker. Total saksmengde var lågare for 2018 enn for 2017. Dette har dels samband med situasjonen på plan og byggesak og dels at det i 2017 vart handsama ein del saker knytt opp til uavklarte saker avdekka i samband med innføring av eigedomsskatt. Av tabell ser ein at tal total saksmengde har vore stabil frå 2012 til og med 2015.

4.4.1.2 Kart og oppmåling

Det var ikkje budsjettoppnåing i 2018. Budsjettert inntekt er for høgt i forhold til antal saker som kjem inn og gebyret me tar for den enkelte saken. Gebyrregulativet 2019 vart justert noko på grunn av dette. Elles har mye av tida gått med ferdigstilling av gamle saker. Dette arbeidet må prioriterast pga. fylkessamanslåing.


Utvikling i gebyrinntekter:

Tab 4.29:	2014	2015	2016	2017	2018
Budsjett	1.120.000	1.256.604	1.239.996	1.200.000	1.200.000
Rekneskap	1.097.995	840.690/ (920.350)	1.040.384	1.240.604	897.450

KART

I høve til Geovekstavtalen har det ikkje vore nykartlegging i Tysnes kommune i 2018. Det er planlagt omløpsfotografering i 2020 og nykartlegging av FKB-B data i 2021.

Kommunen gjekk over til Sentral-FKB i mars 2018 og løysning for forvaltning og ajourhald av FKB-data fungerer bra. Planbase og vegnett vert ajourført på gamle måten inntil vidare.



Illustrasjon: Kartverket

Ved sidan av forvaltning av FKB-data har me hatt vanleg ajourføring av kommunens VA-leidningskartverk.

Oppmålingssaker

Tab 4.30: STATISTIKK OPPMÅLINGSAVDELINGA	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tinglyste matrikkeleiningar totalt (utan seksjonering (og arealoverføring 2017))	48	46	29	23	37	24
Rekvirerte saker	77	60	40	74	66	52
Fullførte saker	122	127	63	63	72	63
Trend samla saksmengde	-45	-67	-23	+11	-6	-11

Det blir meir og meir seksjonering av fleirmannsbustadar og me venter stor pågang av eigarseksjonar i årene framover.

Adressering og skilting

Det ligg fortsatt nokre adressenamn hos stadnamnteneste for godkjenning. Dette gjeld hovudsakelig områdenamn med o-endingar. Det vart også starta opp namnearbeid om nye adresseparsellar på vanleg måte.

Kommunen har rund 120 matrikeladresser som ikkje er gått over til vegadressar.

Skiltplanen er ferdigstilt og i 2019 skal ein jobbe med tildeling av kontrakt for innkjøp og oppsetjing av sjølve skilta.

Kommunale bustadtomter

Det var **3** tomter reservert til firma, men ingen reservert til privatpersonar ved utgangen av 2018. Det vart seld/skøytt **1** tomt i 2018. For tida er **14** kommunale bustadtomter ledige.

4.4.1.3 Landbruk

Landbrukskontoret har Handsama mange saker i 2018 og det har i periodar vore stressande. Men me har eit godt innarbeidd og effektivt arbeidslag på 5 personar. Tilbakemeldingane frå publikum er gode og me høyrer ofte at me gjev sær god service. Me har ei stor oppgåve i å handsame søknadar for tildeling av midlar frå landbruksoppgjeret, og skal både vere hjelparar og rådgjevarar og dele ut midlar og kontrollere at midlane vert delt ut riktig. Å både vere hjelpar og kontrollør kan vere vanskeleg og etisk utfordrande, men tilbakemeldingane tyder på at vi klarer å skilje mellom oppgåvene på ein tydeleg og god måte.

I 2018 fekk tre av oss gjennomført kurs i Landbruksjuridiske emner halde av NMBU i Bergen. Kurset hadde vore etterlyst lenge og var sær nyttig.

Me var på studietur til Værlandet i Sogn og Fjordane i Juni, hos Hilde Buer som er ein av dei fremste på villsaudrift i landet. Me fekk ein lærerik tur og ei flott oppleving med både strålande sol og horisontalt regn, god mat og godt utbytte i arbeidsmiljøarbeidet. Me har delteke på alle kursa som Fylkesmannen har halde.

Det har dei siste åra vore eit underforbruk samanlikna med budsjett, og frå mai 2019 vil me ha ekstra hjelp så vi skal få tid til å ta tak i fleire utsette oppgåver.

Arbeidet med gåseforvaltingsplan vart ferdig i 2018 Den vart sendt på høyring i starten av 2019 og vert endeleg godkjent i 2019. Plan for skogsbilvegar er og starta opp og er forventa klar i løpet av 2019.

Tab 4.31: Saker som er handsama av Bjørnefjorden Landbrukskontor 2014 – 2016

Investeringssaker	2014	2015	2016	2017	2018
Kulturlandskap (Spesielle Miljøtiltak i jordbruket, SMIL)	13	8	8	11	11
Bygdeutviklingsfond og anna støtte frå Innov. Norge	6	3	3	0	0
Produksjonstilskot og areal					
Talet på søkjarar	87	88	86	91	93
Areal i drift (dekar)*	10 497	-	10 338	-	12 242
Skogbruk					
Hogst (tømmer og ved) m ³	1 494	14 388	18 530	23 143	9 564
Jakt- og viltstell					
Fellingsløyve, hjort	756	716	705	738	761
Felt hjort	674	532	586	598	646

4.4.2 Eining for brann og teknisk drift

I samband med ei organisasjonsendring i 2015 vart brann og teknisk drift lagt til ei felles eining og samla under brannsjefen som einingsleiar.

4.4.2.1 Brann og redningsteneste

Tab 4.32: Utrykningar brann og redning	2014	2015	2016	2017	2018
Totalt	38	18	33	30	68
Automatisk alarm	10	7	14	8	17
Gras-/krattbrann	0	0	0	0	4
Brann bygning	2	1	1	0	7
Pipebrann	0	0	2	0	2
Trafikkhending	7 ⁱⁱⁱ	4	4	8	4
HLR – helse	7	1	11	5	12
Anna	12	4	3	9	22

2018 var eit år med mange utrykningar, totalt var det 68 utrykningar. Det som ligg under «anna» i tabellen er mellom anna 2 ulukker med båt, tiltak knytt til akutt forureining, 2 bilbrannar, 3 falske oppdrag, naturhendingar, brannhindrande tiltak og brann i anna.

Forutan dei ordinære øvingane vart overflateredningstjenesten i Tysnes brann og redning operativ frå våren 2018 etter nokre dagar / veker med intern/ekstern kursing og øving. Denne tenesta vil krevje ein del ressursar i åra som kjem, men er ei viktig teneste då me er ein øykommune med

både sjø og ferskvatn der folk ferdest. Frå sentralt hald er det forventat at det er ei slik teneste i kommunar med sjø, elvar og vatn. To av mannskapa er vidareutdanna i dette og er sertifisert for å vera lokale instruktørar i overflateredning.

Det er framleis vestnorske feietjenester som utfører feiing og tilsyn i bustader for Tysnes Kommune. Det vart utført 447 Feiingar i 2018 og 259 tilsyn i bustader. Dette er i tråd med behov og føringar. Det vart utført 5 tilsyn i særskilte objekt i 2018

Vest brann og redningsregion blei formalisert i 2018. Tysnes brann og redning er ein del av dette samarbeidet for meir informasjon kan ein gå inn på www.vestbrannregion.no Brannsjef er med i faggruppe for beredskap i Vest brann og redning der ein arbeider med det totale risikobildet og beredskapen i regionen. Det er etablert tilsvarande faggrupper for førebygging og varsling. I sum er me godt tilfreds med samarbeidet og meiner det vil vera nyttig for å imøtekoma stadig strengare krav innanfor fagområde.

Det vart sett ned ei arbeidsgruppe der brannsjef og 4 mannskap deltok , målet med gruppa var å lage eit internkontrollsystem for Tbr og ein ros analyse for brannvesenet. Med dette som bakgrunn har ein eit godt grunnlag for å lage ein ny brannordning for Tysnes Kommune.

Arbeidet har som mål å bli ferdigstilt i 2019. Det meste av prosedyrar er utarbeida og det står att litt på rosanalysen. I tillegg til grunnlag for ein brannordning er dette viktige dokument for helse, miljø og tryggleiken til mannskapa. Det vil og danne grunnlaget, - basert på risikobildet som kjem fram om korleis me skal dimensjonere beredskapen i brannvesenet i vår kommune. Desse dokumenta vil og lett la seg implementere i valgt kvalitetssystem, DSB Cim, målet er at dette systemet også vert gjennomgåande for dei kommunane som er tilslutta Vest brann og redning.

Med bakgrunn i krav frå Arbeidstilsynet, og den kunnskapen me har om helsefarene brannmannskap vert eksponert for mellom anna ved brannrøyk, støv, sot og avgasser etter ein brann vart det løyvd midlar til flytting av Brannstasjonen. I 2018 flytta brannvesenet inn i «nye»/ombygde lokale i Eredalen. Desse er mykje betre utforma slik at ein kan redusere eksponeringa og ha eit mykje betre utgangspunkt for rett reinhald.

4.2.2.2 Teknisk drift

Til teknisk drift ligg vedlikehald av bygg , kyrkjegardar, reinhald samt veg og avløp.

Reinhold

Reinholdarane har fram til no ikkje «høyrt til» i noko eining. I 2018 blei reinhald skilt ut som eige fagområde og lagt inn under drift og vedlikehald. Fagområde er no lagt til ein eigen avdelingsleiar i 100% stilling. May Britt Skaten tok til i stillinga i mai. Reinhold er eit svært viktig fagområde for Tysnes Kommune, utan reinhald av bygg vil mange tjenester stoppa opp.

Avdelingsleiar arbeider med å kartlegge arbeidsmengde og oppgåver slik at ein systemiserer arbeidet opp mot personalsituasjonen. Dette er ein del av arbeidet for å få meir heilheit i stillingane slik at kvardagen vert bra for arbeidstakarane og ein får ei effektiv drift. Her er og ein del arbeid med å få området inn i gode HMT rutinar. Gjennom endringa har me mellom redusert kjøp av eksterne tenester, fått ein meir effektiv bruk av personal og utstyrspark. Det vert også arbeidd med å sikra reinholdarar verdige arbeidstilhøve, som eit ledd i dette er det no lagt opp til større stillingar og meir arbeid på tvers i organisasjonen, det er også lagt opp til at mest mogleg av reinholdet skal gjennomførast innan ordinær arbeidstid. Det stiller også krav til at resten av organisasjonen tilpasser seg dette.

Fram til no er me svært tilfreds med reorganisering av reinhald og ser at det gjev rom for fagleg utvikling, betre ivaretaking av reinhald som eige fag og investeringar i tilsette sin kompetanse.

Veg

Tysnes Kommune har ca 60 km kommunale vegar der ca 53 km er asfaltert. I 2018 blei det etter anbudskonkurranse inngått rammeavtale med Bruntveit maskin for grøfterensk og maskinarbeid. Grøfterensk og handtering av overvatn er viktige tiltak for å forhindre forfall på vegane, dette arbeidet blei starta opp i 2018. Kantklypp er utført i tråd med rammeavtale med Hamre maskin og vintervedlikehaldet blei utført av entreprenører Tysnes Kommune har kontrakt med frå tidligare. Vegane til Myrdal , Skipevik, Vikjo, Gjelland, Øvre Haukafær, Vevatna og Bakarvegen blei grust og høvla - delvis i eigen regi, her vart det leigd inn entreprenør for høvling på noko av strekka.

Våge kai fekk ny fending og det blei utført noko gjerding på Reksteren. Elles består det forefallande arbeidet av reparasjon av slaghol, ettersyn av rister, kummer, stikkrenner og kosting. Med bakgrunn i at mykje av arbeidet på veg vert utført av eksterne entreprenørar vil arbeidsoppgåvene i stillingen på veg framover også omfatte ein del arbeid med grøntareala i kommunen.

Det vart sett i gang førebuande arbeid for å konkuransetsetja brøytekontraktane, dette arbeidet vert vidare fylgt opp i 2019.

Kyrkjegardar

I 2018 var det 41 gravferder i Tysnes Kommune og 9 urnenedsetjingar. Elles har ein utført forefallande vedlikehald på kyrkjegardar med stell av grøntanlegg og bygg. Sommarsesongen er prega av slått på dei ti kyrkjegardane Tysnes Kommune har ansvar for.

Avløp

I 2018 vart det oppretta ein eigen stilling på avløp, Jostein Mehammer tiltrådte stillinga juni. I dei seinare åra har det vist seg å vere eit etterslep på oppgåvene innan dette fagområdet. No er me kome i gang med oppfølging, kartlegging og utbetring av eksisterande anlegg samstundes som ein kan påvise og registrere nye tilkoplingar. Dei første åra vil kursing, kartlegging, innarbeiding av vedlikehaldsrutinar og rehabilitering av eksisterande anlegg for spillvatn vera prioritert. Fett og oljeavskillere er og eit område som vil få merksemd i åra som kjem. Med auka nedbørsmengder vil me og ha fokus på anlegg for overvatn kring kommunale bygg og anlegg. Tysnes Kommune har vedteke å leggja VA normen for Sunnhordland til grunn for arbeidet.

Bygg og anlegg

Tilsynsarbeid innanfor dei lovpålagte område (elektriske anlegg, heis, bygg teknisk, leikeutstyr barnehagar/skuler) har vore gjennomført.

I starten av året var det nytta mykje tid knytt til gjennomføring av utflytting av gamal sjukeheim, samstundes har det vore ein del utfordringar knytt til det tekniske anlegget på nytt omsorgssenter som har krevd mykje merksemd. Oppføring av rubbhallen i Eredalen vart ferdigstilt i 2018 og gjer no at me har god og trygg lagring av verdiane våre. Det vart også tilrettelagd for spyle og reingjeringsaktivitetar ved hallen til nytte for brann og teknisk drift. Av praktiske årsaker er oppmøtestad for teknisk drift flytta til kjellaren i gamal sjukeheim.

Vedlikehaldsplanen for 2018 er stort sett oppfylt og det er gjennomført ein del vasking og maling av bygg. Onarheim skule og barnehage er malt, tilsvarande gjeld påbygg i Vågsmarka, Stjernereiso barnehage og omsorgsbustader i Peralio. Forutan det alminnelege vedlikehaldet har avdelinga også hatt ein del arbeid etter brannen på Tysnes skule og har også teke ansvar for deler av prosjektportefølja slik som til dømes meirope bibliotek, sprinkling i Vågsmarka for å nemna noko. Det er også gjennomført trafikksikringstiltak på Stjernereiso og Vågsmarka barnehage.

5. Avslutning

Rådmannen vil avslutta årsmeldinga med å takka tilsette og politikarar for eit godt samarbeid og god innsats gjennom året.

Til kommunestyret i Tysnes kommune

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Tysnes kommune som viser kr 191.477.298 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 5.924.672. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Administrasjonssjefen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding

som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feile presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av administrasjonssjefen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og administrasjonssjefen mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleig registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Bergen, 12. april 2019
Deloitte AS

Bjarne Ryland
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet
Rådmann

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Bjarne Ryland

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5993-4-2318195

IP: 217.173.xxx.xxx

2019-04-12 13:30:24Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

Tysnes kommune
Att.: Rådmann
Rådhuset

5685 UGGDAL

12. april 2019

Revisjonsrapport nr. 7
(journalføres)

REVISJONSRAPPORT 2018

Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2018. Vi vil i den anledning gje ei kort utgreiing for utført revisjon i år og for tilhøve som vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som vi antek er av interesse for leiinga i kommunen.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få bekrefta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og for å avgje vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil seie at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Basert på utført revisjon har vi notert oss enkelte tilhøve vi meiner kommunen si leiing bør vera merksame på. Vi vil presisere at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablera og halde oppe ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lovar og forskrifter og at formues forvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfester at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 79 i kommunelova og som er nærmare konkretisert i forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar §§ 13 og 14.

Revisjonen gjennom året

Ved vår revisjon gjennom året har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på årsrekneskapen. Vidare har vi utført direkte kontroll av utvalde postar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekkja tilhøve som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

Dokumentasjonen på årsrekneskapen som er blitt lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillande kvalitet.

Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stor grad vore retta mot å verifisera balansepostane pr. 31.12.2018. Vi har lagt vekt på å kontrollera at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar, som løn, tilskot, avdrag og avskrivningar.

Andre tilhøve**Intern kontroll og rutinar**

Vår gjennomgang av kommunen sine interne kontrollar syner at kommunen har halde fram arbeidet med å utarbeide nye skriftlege rutinar i 2018. Det er utarbeidd rutinar på dei fleste vesentlege områder, men desse adresserar ikkje risiko og kontrollar.

Ved vår gjennomgang av kommunen sine etablerte rutinar syner våre testar få feil.

Bankfullmakt

Ved gjennomgang av signaturrettigheter på kommunen sine bankkontoar syner det at det ikkje er naudsynt med to godkjenningar for å kunne gjennomføre betalingar i frå desse kontoane. Ei slik einefullmakt utset kommunen for risiko for at ikkje-autoriserde betalingar kan skje. Etablert praksis hjå mange kommunar og andre selskap er at det er naudsynt med to signaturar i banken for å kunne gjennomføre utbetalingar frå kommunen sine bankkontoar.

Kommunen sin hovudbankforbindelse støttar ikkje ei løysing med to godkjenningar, kommunen har difor etablert ei rutine på at remitteringsbilag frå banken skal godkjennast av to personar etter utbetaling. Denne rutina reduserer risikoen noko.

Vi tilrår kommunen å følgje opp sin bankforbindelse slik at rutinar for krav om to signaturar ved utbetaling frå kommunen sine bankkontoar kan etablerast.

Avstemming bank

Gjennom revisjonen blei det avdekka at bankkonto for skattetrekksmidlar ikkje har blitt avstemt etter kvart gjennom året og ved avslutninga av rekneskapsåret. Det blei og avdekka at bankavstemming generelt ikkje har blitt gjort kvar månad ut frå den gjeldande rutina. Bankavstemmingane som er gjort har og svakheiter då dei ikkje syner samanlikning mot rekneskapskapen eller kven som har gjort kontrollen.

Vi tilrår kommunen å forbetre sine rutinar knytt til bankavstemming.

Avslutning

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Vi vil avslutningsvis nytta høve til å takke for samarbeidet i året som har gått.

Med venleg helsing
Deloitte AS



Bjarne Ryland
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2016/71-11
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	23/19	23.05.2019

Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Tysnes kommune

Bakgrunn

I samsvar med forskrift om revisjon (revisjonsforskrifta) § 12 skal oppdragsansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar ha ført ein heiderlegandel. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet, jamfør merknader til nemnte paragraf.

Jmf. revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor hjå Deloitte AS Bjarne Ryland har sendt over ei slik eigenvurdering dagsett 13.05.19. Eigevurderinga ligg ved saka.

I kontrollutvalsforskrifta § 4 heiter det:

«§ 4. Tilsyn og kontroll

Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

Som det går fram av denne forskrifta har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet si handsaming av ansvarleg revisor si eigenvurdering, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

I nokre kommunar har revisor utført oppgåver / prosjekt for kommunen, som ikkje er tinga av kontrollutvalet. Det er ingen ting i vegen for at dette kan gjennomførast, dersom det ikkje kjem i konflikt med uavhengighet og objektivitet eller er arbeid av stort omfang. Det bør difor opplysast om revisor har utført oppdrag for kommunen ut over det som er bestilt av kontrollutvalet, og størrelsen på oppdraget.

Sekretariatet har motteke stadfesting frå Deloitte om at dei ikkje har hatt oppdrag utover bestilling frå kontrollutvalet.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Sekretariatet kan såleis ikkje sjå at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar revisor sin uavhengighet i høve Tysnes kommune.

Konklusjon

Sekretariatet finn ikkje at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar Deloitte sin ansvarlege revisor sin uavhengighet i høve Tysnes kommune. Sekretariatet vil rå til at kontrollutvalet godkjenner uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland hjå Deloitte.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Tysnes kommune, til etterretning.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Uavhengighetserklæring frå Deloitte, datert 13.05.19

Til Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Uavhengighetserklæring

Deloitte AS v/partner Bjarne Ryland sin eigenvurdering av uavhengighet følger punktvis i forhold til krav i kommunelova § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14:

Pkt. 1: Tilsetjingstilhøve	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje anna stilling hos kommunen eller i verksemdar som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 3: Deltek i eller har funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje funksjonar i noko verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rollen som revisor for Tysnes kommune.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje nærstående som har tilknytning til Tysnes kommune som er av betydning for vår uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt 5.: Rådgjevings- eller andre tenester som er eigna til å påverke revisors habilitet	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgjevings- eller andre tenester til Tysnes kommune som kjem i konflikt med krav til uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunens egne leiings- og kontrolloppgåver	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester til Tysnes kommune som høyrer inn under kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Vi stadfester at Deloitte AS for tida ikkje opptre som fullmektig for Tysnes kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særeigne tilhøve	<i>Vi kjenner ikkje til at det ligg føre andre særeigne tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til Deloitte AS som revisor for Tysnes kommune.</i>

Bergen, 13. mai 2019
Deloitte AS

Bjarne Ryland
partner/statsautorisert revisor

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Bjarne Ryland

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5993-4-2318195

IP: 217.173.xxx.xxx

2019-05-13 08:50:55Z



Penneo Dokumentnøkkel: 1D1BJ-65L0M-J064F-J2EA7-H2700-FPHLT

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2016/73-52
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	24/19	23.05.2019

Revisjonsplan 2019 for Tysnes kommune

Bakgrunn

Kontrollutvalet i Tysnes kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 77.4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

Drøfting

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan og informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2019, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskapar vert revidert på ein tryggande måte og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Sekretariatet har motteke revisjonsplan for 2019 og den ligg ved saka.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å koma med innspel til fokusområde i interimsrevisjonen som skal gjennomførast i løpet av hausten, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset den endelege revisjonsplanen.

Etter planen skal interimsrevisjonsrapport leggast fram for kontrollutvalet til handsaming i siste møte dette året.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen for 2019 frå Deloitte AS til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Revisjonsplan 2019 for Tysnes kommune

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Oppstartsmøte med økonomisjef og rådmann	Revisjonen har oppstartsmøte med økonomisjef og rådmann tidlig på høsten for å gå kort gjennom revisjonsprosessen og for informasjonsutveksling om evt. endringer. I møtet vil misligheter og rutiner knyttet til forebygging og avdekking av misligheter bli vektlagt.	Deloitte	Okt./Nov.
Rutiner	Vi vil kartlegge og teste vesentlige rutiner i kommunen: <ul style="list-style-type: none"> • Kostnader/innkjøp • Bankavstemming • Lønn • Inntekter Fokus her vil være på etablert intern kontroll på de ulike områdene.	Deloitte - interimrevisjon	Nov./Des.
Utgifter	Detaljkontroll av utgifter.	Deloitte - interimrevisjon	Nov./Des.
Investeringer/finans	Påse at kommunen har vedtatt et finansforvaltningsreglement. Påse at finansforvaltningsreglementet følges.	Deloitte - interimrevisjon	Nov./Des. Feb.-april
Kontrollutvalgsmøte	Revisor skal i etterkant av interimrevisjonen informere kontrollutvalget om evt. vesentlige funn.	Deloitte	Nov./Des.
Mva.kompensasjon	Revisor skal foreta kontroll av hver termin for mva.kompensasjon før denne sendes inn og signeres. Økonomisjef skal derfor sende nødvendig dokumentasjon (tall i omsetningsoppgave og oversikt over alle transaksjoner for den aktuelle termin) til revisor <u>senest fem virkedager</u> før frist for signering. Frist for innsendelse er innen 1 måned og 10 dager etter utløpet av hver termin, jfr Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. § 7. For 3. termin er det utsatt frist. Økonomisjef er ansvarlig for innsendelse og for å gi beskjed til Deloitte når oppgaven er klar til signering.	Økonomisjef og Deloitte Økonomisjef og Deloitte	Løpende
Offisielt regnskap	Årsregnskapet skal bestå av driftsregnskap, investeringsregnskap, balanseregnskap, økonomiske oversikter og noteopplysninger, jfr ny kommunelov § 14-6 og forskrift om årsregnskap og årsberetning § 3. Notekravene i § 5 er et minimumskrav. Årsregnskapet skal være avlagt senest 22.2, jfr. ny kommunelov § 14-6	Rådmann Rådmann	Frist for avleggelse 22.02 og 31.03.

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
	<p>Årsberetningen skal avgis senest 31.3., jf. ny kommunelov § 14-7.</p> <p>Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas senest seks måneder etter regnskapsårets slutt, jfr Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 1. ledd.</p>	<p>Rådmann</p> <p>Rådmann</p>	
Offisielt regnskap til revisor	<p>Revisor skal motta årsregnskapet umiddelbart etter avleggelse. Dette medfører at revisor skal motta driftsregnskap, investeringsregnskap, balanseregnskap, økonomiske oversikter og noteopplysninger datert senest 22.2. det aktuelle år, uten ugrunnet opphold etter avleggelse. Dette for å kunne foreta revisjonen tidsriktig. Dersom regnskapet ikke er avlagt 22.2., vil revisors beretning inneholde presisering.</p> <p>Avstemminger må ikke være ferdigstilt ved avleggelse av regnskapet, men samtlige avstemminger må være ferdigstilt til dato for revisjonsbesøk i februar/mars.</p> <p>Årsberetning skal sendes til revisor umiddelbart etter at den er avlagt 31.03. Dersom dato for avleggelse ikke overholdes, vil revisors beretning inneholde en presisering. Årsberetningen skal signeres for å bli vurdert som avlagt.</p>	<p>Økonomisjef</p> <p>Økonomisjef</p> <p>Økonomisjef</p>	
Offisielt regnskap	<p>Ved mottak av endelig regnskap, vil vi påse følgende:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Regnskapsmateriell mottas innen 22.2. • Regnskapsoversikter henger sammen • Nødvendige noteopplysninger er utarbeidet • Avslutning av regnskapene er iht. forskrift • Avstemming av kretsløp er foretatt (Egenkapital, arbeidskapital og anleggsmidler/langsiktig gjeld) • Budsjettall stemmer med vedtatt budsjett • Korrekte tall medtatt i årsmeldingen • KOSTRA-rapportering korrekt foretatt 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
	Vi vil også foreta en analyse av regnskapstall mot budsjett og fjorårstall.		
Bank	<ul style="list-style-type: none"> Bankavstemming 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Investeringer og utlån	<ul style="list-style-type: none"> Verdsettelse og klassifisering av verdipapirer Avkastning på verdipapirer Utlån husbankmidler mm 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Fordringer	<ul style="list-style-type: none"> Kundereskontro mot regnskap Tap på krav (inkl. innbetalingskontroll) for fordringer generelt inkl. vurdering av kundefordringer og utlån Kreditsaldoer Periodisering inntekter 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Forskuddsbetalte utgifter	<ul style="list-style-type: none"> Avsetninger 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Driftsmidler	<ul style="list-style-type: none"> Anleggsregister mot regnskap Aktivering Salg Avskrivninger iht. regelverk Gjennomgang prosjektrengskap 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Påløpte utgifter	<ul style="list-style-type: none"> Vurdere om kommunen har tilfredsstillende rutine for å identifisere avsetning for påløpte utgifter Vurdere avsetningene som er gjort 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Leverandørgjeld	<ul style="list-style-type: none"> Leverandørreskontro mot regnskap Debetposter Utbetalingskontroll 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Langsiktig gjeld	<ul style="list-style-type: none"> Lån iht. låneavtale/bekreftelse fra långiver Låneopptak er i samsvar med kommuneloven Memoriakontoer (samsvar mellom opptak av lån, bruk av lån og bevegelse på konto for ubrukte lånemidler) Rentekostnader Avdrag iht. vektingsregel Oversikt over garantier 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Egenkapital/fond	<ul style="list-style-type: none"> Evt. bevegelser kontrolleres mot avsetninger og bruk i driftsregnskap og investeringsregnskap Kapitalkonto 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Inntekter	<ul style="list-style-type: none"> Analyse av inntekter Skatteinntekter Rammetilskudd 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Utgifter	<ul style="list-style-type: none"> Analyse av utgifter Periodisering iht. anordningsprinsippet Selvkostregnskap 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Lønn	<ul style="list-style-type: none"> Analyse av lønnskostnader Kontrolloppstilling over innberettet beløp Feriepenger Pensjon Skattetrekk Arbeidsgiveravgift Sykepengerefusjoner 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Attestasjoner	Div. attestasjoner	Deloitte	Løpende
Revisjonsberetning	Revisor skal avgi revisjonsberetning senest 15. april, jf. ny kommunelov § 24-8.	Deloitte	Senest 15. april
Kontrollutvalget	Økonomisjef og rådmann skal sende årsregnskap inkludert årsberetning til sekretariatet umiddelbart etter ferdigstilling slik at sekretariatet kan forberede sak til kontrollutvalget	Rådmann/ økonomisjef	Senest to uker før KU-møte

PS 25/19 Referatsaker

Kari Marie Nygard

Fra: Kalsnes, Ingrid <ikalsnes@deloitte.no>
Sendt: fredag 12. april 2019 11:04
Til: Kari Marie Nygard
Kopi: Stein Ove Songstad
Emne: RE: Tilbakemelding på revidert prosjektplan for forv.revisjon pleie- og omsorgstenestene Tysnes kommune
Vedlegg: Revidert prosjektplan - forvaltningsrevisjon av kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk i pleie- og omsorgstenestene - Tysnes kommune (002).pdf; U.off. Revidert vedlegg til prosjektplan - Tysnes kommune.pdf

Til kontrollutvalet i Tysnes kommune v/ sekretariatet

Viser til e-posten under. Vi sender med dette revidert prosjektplan.

I den reviderte versjonen har vi gjort følgjande endringar jf. tilbakemeldingane frå kontrollutvalet:

- Endra tidlegare problemstilling 2e til «*I kva grad har kommunen gjennomført kartleggingar for å få identifisert om det er brukargrupper som ikkje får tilfredsstillande oppfølging?*» jf. punkt 1 i e-posten under.
- Lagt inn to nye problemstillingar under hovudproblemstilling 2; «*I kva grad har tenestene tilstrekkelege ressursar/kapasitet til å sikre eit forsvarleg tenestetilbod?*» og «*I kva grad er det etablert tilfredsstillande rutinar for melding og oppfølging av avvik i tenestene?*»
- Når det gjeld punkt 2 i e-posten om at det er viktig å gjennomføre intervju med dei som jobbar innan tenesta vil vi gjere ei vurdering på kven det er hensiktsmessig å intervjue for å ivareta dette (t.d. tillitsvalde eller verneombod eller andre som arbeider i tenestene). For å ivareta dette har vi også lagt opp til at det blir gjennomført eit ekstra intervju (sju til åtte intervju totalt).
- Sjå også nytt revidert vedlegg til prosjektplan (u.off.) som viser ei forventa fordeling av timetalet mellom ulike aktivitetar i prosjektet.

Ta gjerne kontakt ved spørsmål, og god påske!

Med venleg helsing,

Ingrid Kalsnes

Senior Consultant | Risk Advisory

Deloitte

Lars Hilles gate 30, 5008 Bergen, Norway

Tel/Main: +47 55 21 81 00 | Mobile: +47 412 07 961

ikalsnes@deloitte.no | www.deloitte.no

--

Deloitte

[LinkedIn](#) | [Facebook](#) | [Twitter](#) | [Instagram](#) | [YouTube](#)

--

[Abonner på nyheter fra Deloitte](#)

From: Kari Marie Nygard <kari.nygard@hfk.no>

Sent: onsdag 10. april 2019 16:22

To: Kalsnes, Ingrid <ikalsnes@deloitte.no>; Songstad, Stein Ove <ssongstad@DELOITTE.no>

Cc: P-Britt Sørensen Dalsgård (Britt.Sorensen.Dalsgard@tysnes.kommune.no)

<Britt.Sorensen.Dalsgard@tysnes.kommune.no>; Britt Sørensen Dalsgård <britt.dalsgaard@stord.kommune.no>;

Hogne Haktorson <Hogne.Haktorson@hfk.no>

Subject: [EXT] Tilbakemelding på revidert prosjektplan for forv.revisjon pleie- og omsorgstenestene Tysnes kommune

Kari Marie Nygard

Fra: Kari Marie Nygard
Sendt: mandag 15. april 2019 20:27
Til: 'Kalsnes, Ingrid'; Stein Ove Songstad (ssongstad@deloitte.no)
Kopi: P-Britt Sørensen Dalsgård (Britt.Sorensen.Dalsgard@tysnes.kommune.no); 'Britt Sørensen Dalsgård'; Hogne Haktorson
Emne: Tinging av forvaltningsrevisjon av kvalitet og etterleving av rutinar og regelverk innan pleie- og omsorgstenesta - Tysnes kommune

Til Deloitte

Viser til revidert prosjektplan som blei motteke hjå sekretariatet 12.04.19. Prosjektplanen, slik den nå ligg føre, er gjennomgått og godkjent av utvalsleiar og sekretariatet.

Ut frå vedtak som blei fatta i kontrollutvalet 01.04.19, vert det med dette tinga forvaltningsrevisjon av «kvalitet og etterleving av rutiner og regelverk innan pleie- og omsorgstenesta» i Tysnes kommune. Arbeidet med forvaltningsrevisjonen kan starte opp så snart som råd.

Den endelege prosjektplanen vil bli lagt fram på neste møte i kontrollutvalet som orienteringssak. Kontrollutvalet ber også om at status for framdrift i prosjektet vil bli meldt undervegs, for å få informasjon om prosjektet kan vera klar innan den først oppsette fristen 15.11.2019.

Med helsing

Kari Nygard
Seniorrådgjevar
Sekretariat for kontrollutvalet



Tlf.: 916 64 183

Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.



Forvaltningsrevisjon | Tysnes kommune

Kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk
i pleie- og omsorgstenestene

Revidert prosjektplan/engagement letter

April 2019

«Forvaltningsrevisjon av kapasitet
og etterleving av rutinar og
regelverk i pleie- og
omsorgstenestene – revidert
prosjektplan»

April 2019

Prosjektplan utarbeidd for Tysnes
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen

Innhold

1. Føremål og problemstillinger	4
2. Revisjonskriterium	6
3. Metode	10
4. Tid og ressursbruk	11

1. Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte utarbeidde i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet 5.3.2019 i sak 3/19 ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk i pleie- og omsorgstenestene. I tråd med vedtak på møte 1.4.2019, i sak 14/19, har Deloitte utarbeidd ein revidert prosjektplan.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke om Tysnes kommune har organisert pleie- og omsorgstenestene på ein hensiktsmessig måte for å ivareta hjelpebehova til brukarane, samt om kommunen har system og rutinar som bidrar til å sikre tilfredsstillande saksbehandling ved vurdering av rett til pleie- og omsorgstenester. Det er også eit føremål å undersøke om det er etablert hensiktsmessige system for samhandling mellom kommunen og helseføretak.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. Har kommunen etablert **system og rutinar for å sikre god saksbehandling** av søknadar om pleie- og omsorgstenester (sjukeheims plass og heimetenester)? Under dette:
 - a) I kva grad har kommunen gode rutinar for å vurdere brukarane sine behov når det blir fatta vedtak om sjukeheims plass og heimetenester?
 - b) I kva grad har kommunen system og rutinar som sikrar lik behandling av søknadar? Under dette
 - i) I kva grad har kommunen sakshandsamingsrutinar og malar som bidreg til å sikre at handsaminga av søknader i minst moglege grad blir personavhengig?
 - ii) I kva grad er det etablert tydelege kriterium som skal vektleggast ved vurdering av rett til sjukeheims plass?
 - c) I kva grad blir vedtak utforma i samsvar med sentrale krav i forvaltningslova?
2. Er pleie- og omsorgstenestene organisert på ein hensiktsmessig måte for å sikre eit **tilfredsstillande tenestetilbod**?
 - a) I kva grad klarer kommunen å drifte KAD-tilbodet i tråd med intensjonen for etableringa?
 - b) I kva grad klarer kommunen å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus?
 - c) I kva grad er det ei hensiktsmessig fordeling mellom ulike typar institusjonsplassar i kommunen (forholdet mellom korttids plassar og langtids plassar)?
 - d) I kva grad har tenestene tilstrekkeleg personell med nødvendig kompetanse på jobb til ei kvar tid, og kva blir gjort for å sikre dette?
 - e) I kva grad har tenestene tilstrekkelege ressursar/kapasitet til å sikre eit forsvarleg tenestetilbod?
 - f) I kva grad har kommunen gjennomført kartleggingar for å identifisere om det er brukargrupper som ikkje får tilfredsstillande oppfølging?
 - g) I kva grad er det sett i verk tiltak for å oppnå meir ressurseffektive tenester til brukarane, til dømes bruk av velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering?
 - h) I kva grad er det etablert tilfredsstillande rutinar for melding og oppfølging av avvik i tenestene?
3. Er det etablert eit hensiktsmessig **system for samhandling** mellom kommunen og helseføretak?
 - a) I kva grad er det etablert system og rutinar for god og sikker informasjonsutveksling med helseføretak?
 - b) I kva grad mottar kommunen i tilstrekkeleg tid og omfang informasjon frå helseføretak om pasientar sine behov etter utskriving?
 - c) I kva grad opplever kommunen utfordringar knytt til reinnlegging av pasientar på sjukehus?
 - d) I kva grad blir det meldt avvik knytt til informasjonsutveksling mellom kommunen og helseføretak, og i kva grad blir ev. avvik følgt opp og rapportert tilbake om på ein systematisk måte?

1.3 Avgrensing

Fokus i forvaltningsrevisjonen vil vere på kommunen sine institusjonstenester og heimetenester til eldre.

2. Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje utømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Krav i lov og forskrift

2.2.1 Kommunen sitt ansvar for helse- og omsorgstenester

Etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1 skal kommunen sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester.¹ Kommunen sitt ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, under dette personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller lidning, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne.²

I dette prosjektet er merksemda retta mot den delen av helse- og omsorgstenestene som er omfatta av § 3-2, punkt 6, bokstav a-c.

§ 3-2. Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester

(...)

6. Andre helse- og omsorgstjenester, herunder:

- a. helsetjenester i hjemmet,
- b. personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt og
- c. plass i institusjon, herunder sykehjem.

Det vil bli retta særskilt merksemd mot helsetenester i heimen, praktisk bistand og plass i institusjon (sjukeheim).

Kommunen sitt ansvar for tilbod om opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntjenester er nærare omtala i § 3-2 a). Her står det at

Kommunen skal tilby opphald i sykehjem eller tilsvarende bolig særskilt tilrettelagt for heldøgns tjenester dersom dette etter en helse- og omsorgsfaglig vurdering er det eneste tilbudet som kan sikre pasienten eller brukeren nødvendige og forsvarlige helse- og omsorgstjenester.³

Kommunen pliktar å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda slik at helse- og omsorgstenestenes omfang og innhald er i samsvar med krav fastsett i lov og forskrift.⁴ Pliktene til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere er nærare regulert i eiga forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta.⁵

¹ Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 første ledd.

² Ibid, § 3-1 andre ledd.

³ Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 a) første ledd.

⁴ Ibid, § 3-1 tredje ledd.

⁵ Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta tredje i kraft 01.01.2017.

2.2.2 Oversikt over tilsette sin kompetanse og behov for opplæring

§ 4-2 i helse- og omsorgstenestelova omhandlar kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik. Her står det at den som yter helse- og omsorgstenester skal sørge for at verksemda arbeider systematisk for kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik.

I § 3 i forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta står det følgjande om overordna ansvar:

Den som har det overordnede ansvaret for virksomheten skal sørge for at det etableres og gjennomføres systematisk styring av virksomhetens aktiviteter i tråd med denne forskriften og at medarbeiderne i virksomheten medvirker til dette.⁶

I forskrifta går det fram at verksemda skal ha oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring, jf. § 6f. Vidare står det i § 7b, at verksemda skal sørge for at medarbeidarar i verksemda har nødvendig kunnskap om og kompetanse i det aktuelle fagfeltet, relevant regelverk, retningslinjer, rettleiarar og styringssystem.

I Helsedirektoratet sin rettleiar⁷ til forskrifta, blir det i rettleinga til § 6f vist til at det er øvste leiar sitt ansvar å sørge for system som sikrar at medarbeidarane har kunnskap og ferdigheiter til å utføre oppgåvene sine, og at dette føreset at verksemda jamleg gjennomfører kompetansekartleggingar, rekrutterer medarbeidarar med rett kompetanse og sørgjer for at dei får tilstrekkeleg opplæring og etter- og vidareutdanning.

2.2.3 Plikt til samhandling og samarbeid

Etter helse- og omsorgstenestelova § 3-4 pliktar kommunen å legge til rette for samhandling mellom ulike deltenester innan kommunen og med andre tenesteytarar der dette er nødvendig for å tilby tenester av lova. Kommunen skal også samarbeide med fylkeskommune, regionalt helseføretak og stat.

Kommunen har vidare plikt til å inngå samarbeidsavtale med helseføretak, anten aleine eller saman med andre kommunar, for å bidra til at pasientar og brukarar mottar eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstenester.⁸

2.2.4 Betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar

I samband med samhandlingsreforma blei forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar sett i kraft. Føremålet med forskrifta er å bidra til betre arbeidsfordeling mellom tenestenivåa i helse- og omsorgstenesta, skape gode pasientforløp og kostnadseffektive løysingar som kan gi pasientar eit like godt eller betre tilbod i kommunen si helse- og omsorgsteneste som i spesialisthelsetenesta.⁹

Forskrifta regulerer mellom anna vilkåra for at ein pasient er utskrivingsklar. Av § 9 går det fram at pasient i somatisk døgnavdeling er utskrivingsklar når lege ved helseinstitusjon omfatta av spesialisthelsetenestelova vurderer at det ikkje er behov for ytterlegare behandling ved døgnopphald i helseinstitusjonen.

Når ein pasient er definert som utskrivingsklar, skal spesialisthelsetenesta straks varsle kommunen dersom pasienten har behov for eit kommunalt helse- og omsorgstenestetilbod.¹⁰ Kommunen må anten kunne gje tilbod om kommunale helse- og omsorgstenester til pasienten, eller betale for «overliggedøgn» i spesialisthelsetenesta i påvente av eit kommunalt helse- og omsorgstenestetilbod.¹¹ I Forskingsrådet si evaluering av samhandlingsreforma blir det peikt på at tanken bak den kommunale betalingsplikta er at kommunen skal kunne sørge for eit «... billigere men tilstrekkelig godt helse- og omsorgstilbud, og at

⁶ Forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta § 3.

⁷ Helsedirektoratet: Veileder til forskrift om leing og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten. Sist endra 29.10.2018.

⁸ Helse- og omsorgstenestelova § 6-1 og 6-2.

⁹ Forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasienter § 1.

¹⁰ Ibid § 10.

¹¹ Ibid § 13.

kommunen derfor kan gjøre budsjettbesparelser samtidig som liggetiden blir kortere og sykehussenger frigjøres om kommunen velger å ta pasienten hjem».¹²

Vidare blir det i evalueringa peikt på at det etter reforma er ei auke i talet på pasientar som blir skrivne ut til kommunane, og at reforma har ført til ei auke i kommunane sine utgifter til pleie og omsorg. I rapporten blir det vist til at dei auka utgiftene framfor alt har gått med til å auke bemanninga av pleiepersonell med høgare kompetanse i heimetenesta og på sjukeheimar.¹³

2.2.5 Øyeblikkeleg hjelp – døgnopphald

Samhandlingsreforma har som mål å bygge ut tenester der folk bur, og det blei derfor frå og med 2016 stilt krav om at kommunane skal tilby døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp. Dette var ei oppgåveoverføring frå spesialisthelsetenesta til kommunane. Kravet til døgnopphald går fram av helse- og omsorgstenestelova § 3-5 tredje ledd, der det står at kommunen skal sørge for tilbod om døgnopphald for helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar med behov for øyeblikkeleg hjelp. Det er presisert at plikta berre gjeld for dei pasientar og brukarar som kommunen har moglegheit til å utgreie, behandle eller yte omsorg.

2.2.6 Reglar for sakshandsaming

I helse- og omsorgstenestelova § 2-2 blir det slått fast at forvaltningslova gjeld for kommunen si verksemd innanfor helse og omsorg. Det vil seie at tildeling av tenester blir vurdert som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b, altså «et vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til en eller fleire bestemte personer». Reglane i forvaltningslova gjeld ved tildeling av heimebaserte tenester og institusjonsplass.

Forvaltningslova stiller ei rekke krav til sakshandsaminga i kommunen i samband med enkeltvedtak. Blant anna skal vedtak som blir fatta

- Innehalde informasjon om klagerett, klagefrist, klageorgan og framgangsmåten ved klage jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd
- Innehalde opplysningar om partens innsynsrett jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd første punktum
- Innehalde grunngjeving, jf. forvaltningslova § 24. Grunngjevinga skal gis samtidig med at vedtaket blir fatta. Grunngjevinga skal:
 - Innehalde referanse til dei reglane vedtaket bygger på jf. forvaltningslova § 25 første ledd
 - Vise til dei faktiske forhold vedtaket bygger på jf. forvaltningslova § 25 andre ledd
 - Etter forvaltningslova § 25 tredje ledd bør også dei hovudomsyn som har vore avgjerande ved utøving av forvaltningsmessig skjønn nemnast

I Helsedirektoratet sin rettleiar for sakshandsaming av tenester etter helse- og omsorgstenestelova¹⁴ blir det vist til at det følgjer av forvaltningslova § 17 at kommunen har plikt til å «påse at saken er så godt opplyst som mulig før enkeltvedtak treffes». Det blir vidare vist til at det må sikrast at det ligg føre tilstrekkelege opplysningar til at saka kan vurderast og avgjerast på ein fagleg forsvarleg måte, og at det i mange saker vil vere viktig å ha ei tverrfagleg tilnærming ved utgreiing av behovet, slik at pasienten får ei individuell og tilpassa utforming av tenestene.¹⁵

I rettleiaren blir det også vist til at opplysningar som er registrert i IPLOS er ein del av pasienten/brukaren sin journal, og er ein viktig del av den relevante dokumentasjonen som må innhentast når eit tenestebehov blir utgreia.¹⁶

¹² Forskningsrådet: Evaluering av samhandlingsreformen, Sluttrapport fra styringsgruppen for forskningsbasert følgeevaluering av samhandlingsreformen (EVASAM). 2016. s. 25.

¹³ Ibid, s. 28.

¹⁴ Helsedirektoratet: Veileder for saksbehandling - Tjenester etter helse- og omsorgstjenesteloven §§ 3-2 første ledd nr. 6, 3-6 og 3-8. IS-2442.

¹⁵ Ibid, s. 32.

¹⁶ Ibid, s. 33

2.3 Kommunale styringsdokument og vedtak

Relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium.

3. Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervjuje utvalte personar som jobbar innan eller som har eit overordna ansvar for pleie- og omsorgstenestene i kommunen. Dette vil kunne inkludere intervju med overordna leiing, einingsleiarar for heimetenesta og institusjonstenesta, avdelingssjukepleiarar frå dei to tenestene samt intervju med representantar for dei tilsette i tenestene (t.d. hovudtillitsvald og hovudverneombod). Vi tek sikte på å gjennomføre sju til åtte intervju.

3.3 Stikkprøvekontroll

Revisjonen vil gjennomføre ein stikkprøvekontroll av vedtak om institusjonsplass og vedtak om heimetenester. Gjennom stikkprøvekontrollen vil vi undersøke om sentrale krav i regelverket er etterlevd, med fokus på utforming av enkeltvedtak. Vi tar sikte på å gjennomføre seks stikkprøver som omfattar både avslag og tildeling av tenester, og vi vil også sikre at ulike typar tenester er omfatta av stikkprøvekontrollen.

3.4 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering. Det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til kommunen for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale vil ble vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4. Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Stein Ove Songstad er ansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Ingrid Kalsnes (seniorkonsulent), prosjektmedarbeidar Lina Hamre (konsulent), samt Line M. Johansen (seniormanager). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med naudsynt kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 305 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere april 2019 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet medio november 2019.¹⁷ For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det naudsynt at kommunen sender over etterspurd dokumentasjon innan dei fristar som blir sett, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadene ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Tysnes kommune og Deloitte.

Bergen, 12. april 2019



Stein Ove Songstad

Oppdragsansvarleg partner

¹⁷ Grunna kortare gjennomføringsperiode som følgje av revidering av prosjektplanen og utsett oppstart er det risiko for at prosjektet ikkje kan leverast innan fristen 15.11.2019. Status for framdrift i prosjektet vil bli meldt til kontrollutvalet undervegs.



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's approximately 286,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2019 Deloitte AS

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt@fkt.no)

Sendt: 03.04.2019 10:46:10

Til: Forum for Kontroll og Tilsyn

Kopi:

Emne: Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon april 2019

Vedlegg: FKT_prot_190325.pdf

Kjære medlemmer,

Styret hadde møte 25. mars 2019. Protokollen er lagt ut på [medlemssiden](#) (krever pålogging) , se også vedlagt.

Det viktigste som skjer denne våren er:

Konferanser og årsmøte:

- **Sekretariatskonferansen 2019 i Lillestrøm 26. -27. mars** hadde rekordoppslutning 40 påmeldte 😊
Presentasjonene er nå tilgjengelige på våre nettsider:
<http://cms.osberget.no/fkt/konferanser/sekretariatskonferansen-2019>

- **Fagkonferanse i Kristiansand 4.-5. juni.** Husk å melde deg på hvis du ikke har gjort det allerede.
Påmeldingsfristen er 9. april. Si i fra hvis du har behov for lengre frist.
<http://cms.osberget.no/fkt/konferanser/fagkonferanse-og-aarsmoete-2019>

Årsmøtet 2019 avvikles i forbindelse med fagkonferansen. Innkalling er sendt til alle medlemmene.
Sakspapirer sendes ut og publiseres på nett senest 21. mai 2019.

<http://cms.osberget.no/fkt/om-fkt/aarsmoete-2019>

Medlemmer som har saker til årsmøtet, eller forslag om vedtektsendringer, må sende disse til sekretariatet innen 6 uker før årsmøtet, altså innen *23. april 2019*.

Høring:

- **Forslag til ny forskrift for kontrollutvalg og revisjon:** FKT har fått inn flere høringsuttalelser fra medlemmene. Disse ble behandlet i styremøtet 25. april. FKT vil behandle endelig hørings svar til departementet i styremøtet 29. april. Det er fortsatt anledning til å avgi høringsuttalelse direkte til departementet for de som ønsker det. Fremgangsmåten er beskrevet på departementets hjemmeside.
<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Vedtak/Beslutninger/Lovvedtak/2017-2018/vedtak-201718-081/> Høringsfristen til departementet er **2. mai**.

Forberedelser - opplæring av nye kontrollutvalg:

Forum for Kontroll og Tilsyn har en arbeidsgruppe i gang som skal lage et opplegg for opplæring av kontrollutvalg etter valget til høsten.

FKT er i dialog med flere lokale sekretariat rundt om i landet om samarbeid om dette opplegget som innebærer flere temabølker rettet mot utvalgene og et eget kursopplegg for kontrollutvalgsledere – «kontrollutvalgslederskolen». Dette blir kjempespennende!

For øvrig er FKT i dialog med KS om opplegget for folkevalgtopplæringen for kommunestyrene. Det er viktig at kontrollutvalgets rolle gis god plass i den generelle folkevalgtopplæringen for kommunestyrene. Her må vi utfylle hverandre på best mulig måte. Det er viktig at politikerne får god innføring i hvordan egenkontrollen i kommunen skal fungere.

Arbeid med veiledere:

- **Kontrollutvalgets påse-ansvar overfor revisor:** Denne har vært til høring i organisasjonen og hos eksterne,

bla NKRF. Vi har fått inn mange gode innspill som arbeidsgruppen vil vurdere. Veilederen blir presentert på fagkonferansen i Kristiansand.

- **Internt kvalitetssystem i sekretariatene:** Dette var et av temaene sekretariatskonferansen i mars og arbeidsgruppen fikk mange nyttige tips. Målet er å presentere en ferdig veileder på sekretariatskonferansen i 2020.
- **Samordning av kommunal egenkontroll og statlig tilsyn:** FKT skal, på oppdrag fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet, lede arbeidet med å utvikle en helt ny veileder for samordning av kommunal egenkontroll og statlig tilsyn. Veilederen vil bli en del av departementets implementeringspakke knyttet til ny kommunelov. Du kan lese mer om prosjektet her: <http://cms.osberget.no/fkt/fagtema/kontrollutvalg/fkt-prosjektplan-veileder-samordning-av-kommunal-egenkontroll-og-tilsyn>

Nye medlemmer:

Vi har fått to nye medlemmer: Kontrollutvalget i Meråker og K-sekretariatet IKS. Velkommen til FKT!

Bruk hjemmesiden vår!!! www.fkt.no Her kan du nå blant annet lese professor Jan F Bernts svar til FKT angående publisering av henvendelser til kontrollutvalget

Følg oss på [twitter](#) og [facebook](#) - her deler vi nyheter fortløpende.



Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær



Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post:fkt@fkt.no | Tlf.:41471166

www.fkt.no | www.twitter.com/@FKT_no www.facebook.com/FKT.no/

FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat



MØTEPROTOKOLL

Møte:	Styremøte
Tid:	25. mars 2019 kl. 10.30 - 15.45
Sted:	Scandic, Lillestrøm
Deltakere fra styret:	Benedikte Muruvik Vonen, Dag Robertsen, Einar Ulla, Ivar Mork, Roald Breistein og Marit Gilleberg
Andre som møtte:	Anne-Karin Femanger Pettersen
Forfall:	ingen
Møteleder:	Benedikte Muruvik Vonen

Saksliste:

Saknr.	Saker:
SS 21/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
SS 22/19	Godkjenning av protokoll fra styremøtet 29. januar 2019
SS 23/19	Høring – forskrift om kontrollutvalg og revisjon
SS 24/19	Høringsinnspill - Veileder kontrollutvalgets påse-ansvar
SS 25/19	Styrets årsmelding 2018
SS 26/19	Handlingsplanen 2019 –2020
SS 27/19	Status arbeidsgruppe - Internt kvalitetssystem i sekretariatene
SS 28/19	Status arbeidsgruppe – Opplæring av nye kontrollutvalg
SS 29/19	Status prosjekt - Veileder for samordning av egenkontroll og tilsyn
SS 30/19	Årsmøtet 2019 – diverse saksforberedelse
SS 31/19	Status medlemsverving
SS 32/19	Status planlegging - Fagkonferansen i Kristiansand
SS 33/19	Status planlegging - Arendalsuka
SS 34/19	Status planlegging - Fagkonferansen 2021, tid og sted/hotell
SS 35/19	Status planlegging - Fagkonferansen 2022, tid og sted/hotell
SS 36/19	Evaluering av styrets arbeid
SS 37/19	Referatsaker:
RS 7/19	<i>Kontrakt - kontorleie</i>
RS 8/19	<i>«Bernt svarer» - Spørsmål fra FKT om offentliggjøring</i>
RS 9/19	<i>Felles henvendelse fra FKT og NKRF til KMD ang kontrollutvalgsboken</i>
RS 10/19	<i>TI-Norges Arrangementer våren 2019</i>
RS 11/19	<i>Samling – nasjonal tilsynskalender</i>
SS 38/19	Eventuelt

SS 21/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Behandling i møte:

Det var ikke merknader til sakslisten

Vedtak:

Innkalling og sakliste ble godkjent.

SS 22/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA STYREMØTET 29. januar 2019

Behandling i møte:

Ingen merknader til protokollen fra styremøtet 29.januar 2019

Vedtak:

Protokollen fra styremøtet 29. januar 2019 ble godkjent.

SS 23/19 HØRING – FORSKRIFT OM KONTROLLUTVALG OG REVISJON

Behandling i møte:

Styret diskuterte høringsinnspillene og ble enige om hva som bør med i det endelige høringssvaret til departementet.

Vedtak:

Styret ber generalsekretæren om å innarbeide styrets kommentarer til høringsnotatet og høringsinnspillene, i FKTs høringssvar til departementet. Styret behandler endelig høringssvar fra FKT i møtet 29. april.

SS 24 /19 HØRINGSINNSPILL – VEILEDER KONTROLLUTVALGETS PÅSE-ANSVAR OVERFOR REVISOR

Behandling i møte:

Styret diskuterte høringsinnspillene og hva som bør justeres i veilederen. Styret ønsker at arbeidsgruppen behandler innspillene fra medlemmene og styret. Det var videre enighet om at oppdatert versjon av veilederen behandles i neste møte.

Vedtak:

Styret ber arbeidsgruppen om å gjøre justeringer i veilederen som avtalt i møtet og vurdere høringsinnspillene. Ny versjon av veilederen behandles i styremøtet 29. april.

SS 25 /19 STYRETS ÅRSMELDING 2018

Behandling i møte:

Anne-Karin gjennomgikk utkastet og styret kom med innspill til endringer

Vedtak:

Styret har behandlet årsmeldingen for 2018. Styrets vedtok følgende innstilling til årsmøtet:

- Årsmøte 2019 godkjenner styrets årsmelding for 2018.

SS 26/19 HANDLINGSPLANEN 2019-2020

Behandling i møte:

Vedtak:

Saken utsettes til neste møte

SS 27/19 STATUS ARBEIDSGRUPPE – INTERNT KVALITETSSYSTEM SEKRETARIATENE

Behandling i møte:

Styret ble informert om framdrift og at arbeidsgruppen har hatt to møter i 2019

Vedtak:

Styret tar informasjon om status til orientering

SS 28/19 STATUS ARBEIDSGRUPPE – OPPLÆRING AV NYE KONTROLLUTVALG

Behandling i møte:

Marit orienterte om status. Styret ga nyttige innspill.

Styret hadde også et møte med Dag Henrik Sandbakken fra KS. Sandbakken orienterte om KS sitt arbeid med neste periodes folkevalgtopplæring. Arbeidsgruppen orienterer om sitt arbeid. FKT ga uttrykk for hvor viktig det er at kontrollutvalgets rolle må gis god plass i den generelle folkevalgtopplæringen for kommunestyrene. Sandbakken var enig i det. Vi diskuterte hvordan vi på en best mulig måte kan utfylle hverandre.

Vedtak:

Styret tar informasjon om status til orientering og ber generalsekretæren om å følge opp kontakten med KS.

SS 29/19 STATUS PROSJEKT – VEILEDER FOR SAMORDNING AV EGENKONTROLL OG TILSYN

Behandling i møte:

Anne-Karin orienterte om framdrift. prosjektgruppen hadde sitt første møte 21. mars. Styringsgruppen skal ha sitt første møte 29. mars.

Vedtak:

Styret tar informasjon om prosjektstatus til orientering.

SS 30/19 ÅRSMØTET 2019 – DIVERSE SAKSFORBEREDELSE

Behandling i møte:

Styret fastsatte sakslisten for årsmøtet 2019

Vedtak:

Styret fastsetter følgende saksliste for årsmøte 2019:

- ÅS 1/18 Registrering av årsmøtedelegater
- ÅS 2/18 Konstituering av årsmøte 2019
- ÅS 3/18 Godkjenning av innkalling og saksliste
- ÅS 4/18 Styrets årsmelding 2018
- ÅS 5/18 Årsregnskap og revisjonsberetning 2018
- ÅS 6/18 Fastsetting av kontingent
- ÅS 7/18 Handlingsplan 2019/2020
- ÅS 8/18 Årsbudsjett 2020
- ÅS 9/18 Innkomne forslag/vedtektsendringer
- ÅS 10/18 Valg av styre
- ÅS 11/18 Valg av valgkomite
- ÅS 12/18 Valg av revisor

SS 31/19 STATUS MEDLEMSVERVING

Behandling i møte:

Anne-Karin gjennomgikk status og styret kom med innspill.

Vedtak:

Styret tar informasjon om status for medlemsverving til orientering og ber generalsekretæren om å legge til grunn styrets innspill om kontingentsatser i fm budsjett for 2020.

SS 32/19 STATUS PLANLEGGING - AV FAGKONFERANSEN 2019 I KRISTIANSAND

Behandling i møte:

Styret diskuterte saken og kom med innspill

Vedtak:

Styret tar arbeidsfordelingen i forbindelse med fagkonferansen til etterretning, som avtalt i møtet

SS 33/19 STATUS PLANLEGGING - ARENDA SUKA

Behandling i møte:

Anne-Karin orienterte om dialogen med KS om evt. samarbeid.

Vedtak:

Styret tar saken til orientering.

SS 34/19 STATUS PLANLEGGING - FAGKONFERANSEN 2021, TID STED/HOTELL

Behandling i møte:

Styret diskuterte aktuelle byer og steder og ble enige om at vi ber om hotelltilbud i flere byer: Ålesund, Bergen, Stavanger, samt Kjelfergen

Vedtak:

Generalsekretæren jobber videre med innspillene fra styret

SS 35/19 STATUS PLANLEGGING - FAGKONFERANSEN 2022, TID STED/HOTELL

Behandling i møte:

Clarion Hotel & Congress Oslo Airport har ikke ledig kapasitet i siste halvdel av mai og første halvdel av juni 2022. Styret diskuterte om det kan være aktuelt å ha fagkonferansen i dagene før 12 mai, eller i dagene etter 12. juni. Styret ble enige om at vi ber om andre tilbud i området rundt Gardermoen

Vedtak:

Generalsekretæren jobber videre med innspillene fra styret

SS 36/19 EVALUERING AV STYRETS ARBEID

Behandling i møte:

Saken var utsatt fra forrige møte.

Vedtak:

Saken utsettes til neste møte. Styreleder sender ut evalueringsskjema.

SS 37/19 REFERATSAKER

Behandling i møte:

Følgende referatsaker ble tatt til orientering

RS 7/19 Kontrakt - kontorleie

RS 8/19 «Bernt svarer» - Spørsmål fra FKT om offentliggjøring

RS 9/19 Felles henvendelse fra FKT og NKRF til KMD ang kontrollutvalgsboken

RS 10/19 TI-Norges Arrangementer våren 2019

RS 11/19 Samling – nasjonal tilsynskalender

SS 38/19 EVENTUELT

25. mars 2019

Benedikte Muruvik Vonen
styreleder

Anne-Karin Femanger Pettersen
generalsekretær



**REFERAT FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND FREDAG
5. APRIL 2019 KL. 10-12.15, PÅ FITJAR FJORDHOTEL**

Desse møtte:

Austevoll:

Joon Raymond Haugland

Bømlo

Torunn Laurhammer

Karstein Fylkesnes

Etne:

Lars Olav Bergsvåg

Fitjar:

Ida Marlen Havn

Karen Elisabet Rydland Sæbø

Kvinnherad:

Sølvi Ulvenes

Hilde Enstad

Stord:

Lene Pilskog

Sverre Olav Svarstad

Oskar Emil Langeland

Sveio:

Linn Therese Erve

Lars Einar Hollund

Tysnes:

Ingrid Tysnes Stue

Magne Hauge Skartveit

Bjørn Lande

Frå Samarbeidsrådet møte:

Ordførar Morten Storebø

Ordførar Kåre Martin Kleppe

Rådmann Olaug Haugen

Frå administrasjonen møte:

Gro Jensen Gjerde

Anne A. Tranøy

Bodil Haga

Anne Synnøve Lønne

Reidun Rykkje

Forfall:

Renate Møgster Klepsvik, Austevoll kommune - Håvard Endre Waage, Austevoll kommune – Inge Reidar Kallevåg, Bømlo kommune - Ingemund Berge, Etne kommune – Kenneth Lyng Karlsen, Etne kommune – Harald Rydland, Fitjar kommune - Hans Inge Myrvold, Kvinnherad kommune - Ruth Grethe Østebøvik Eriksen, Sveio kommune.


Då var føre:

- Sak 01/19 Opning av møte. Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 02/19 Val av
- Referent
- Møteleiar
- To representantar til underskriving av protokoll
Sak 03/19 Godkjenning av årsmelding 2018
Sak 04/19 Godkjenning av rekneskap 2018
Sak 05/19 Godkjenning av økonomiplan 2019-2022
Sak 06/19 Godkjenning av budsjett 2019
Sak 07/19 Godkjenning av handlingsplan 2019
Sak 08/19 Godkjenning av revisor
Sak 09/19 Val av nytt styret 2019-2021
Sak 10/19 Val av representantskapsleiar og nestleiar 2019-2021

Sunnhordland, 8. april 2019


Lene Piiskog
Representantskapsleiar


Sverre Olav Svarstad
Stord kommune


Linn Therese Erve
Sveio kommune

**REFERAT FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND FREDAG
5. APRIL 2019 KL. 10-12.15, PÅ FITJAR FJORDHOTEL**

Sak 01/19 Opning av møte – godkjenning av innkalling og sakliste
Representantskapsleiar Lene Pilskog opna møte.
Rådmann Olaug Haugen, Fitjar kommune ønskte velkomen til Fitjar.

Sak 02/19 Val av

- Referent
- Møteleiar
- To representantar til underskriving av protokoll, i tillegg til rep.skapsleiar

Det vart i møte sett fram forslag om følgjande:

Referent: Gro Jensen Gjerde

Møteleiar: Lene Pilskog

Underskriving av protokoll: Linn Therese Erve, Sveio kommune, Sverre Olav Svarstad, Stord kommune i tillegg til leiar i Representantskapet Lene Pilskog.

Vedtak:

Samrøystes vedtak.

Sak 03/19 Godkjenning av årsmelding 2018
Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland legg med dette fram årsmelding for 2018.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner årsmelding for 2018.

Vedtak:

Samrøystes vedtak

Sak 04/19 Godkjenning av rekneskap 2018
Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland legg med dette fram rekneskapen for 2018. Rekneskapet vert lagt fram med eit overskot på kr. 297 171,-

Styret sitt framlegg til vedtak:

1. Representantskapet godkjenner rekneskapen for 2018.
2. Overskotet på kr. 297 171,- vert overført til disposisjonsfondet.

Vedtak:

Samrøystes vedtak

Sak 05/19

Godkjenning av økonomiplan 2019-2022

Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland legg med dette fram økonomiplan for 2019-2022.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner økonomiplan for 2019-2022.

Vedtak:

Samrøystes vedtak.

Sak 06/19

Godkjenning av budsjett 2019

Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland legg med dette fram budsjett for 2019. Det er i år utarbeidd to budsjett. Eit for Samarbeidsrådet og eit for VisitSunnhordland.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner budsjett for 2019.

Vedtak:

Samrøystes vedtak.

Sak 07/17

Godkjenning av handlingsplan 2019

Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland legg med dette fram forslag til handlingsplan for 2019.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner handlingsplan for 2019.

På møte:

Det kom i møte innspel frå Hilde Enstad, Kvinnherad kommune om å føye til nytt punkt under 1.8 Flyplassen på Stord:

- Arbeida for betre kommunikasjon mellom snøggbåt og flyplass.

Vedtak:

Samrøystes vedtak med endringane som kom fram i møte.

Sak 08/19

Val av revisor

RSM Norge AS har vore revisor for Samarbeidsrådet for Sunnhordland sidan oktober 2005. Det har vore eit godt og tillitsfullt samarbeid mellom Samarbeidsrådet og revisor.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet vedtek at RSM Norge AS held fram som revisor for Samarbeidsrådet for Sunnhordland for 2019.

Vedtak:

Samrøystes vedtak

Sak 09/19 Val av nytt styret 2019-2021

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet vel følgjande styret for perioden 2019-2021:

Morten Storebø, Austevoll kommune (leiar)
Siri Klokkestuen, Etne kommune (nestleiar)
Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune (styremedlem)
Jorunn Skåden, Sveio kommune (varamedlem)

Dersom det vert endringar i val av ordførar etter valet i september 2019, skal valt ordførar i dei kommunane det gjeld, tre inn i styret fram til ny godkjenning i representantskapet i desember 2019.

Vedtak:

Samrøystes vedtak.

Sak 10/17 Val av representantskapsleiar og nestleiar 2019-2021

Styret sitt framlegg til vedtak:


1. Representantskapet vel Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Etne kommune til leiar for Representantskapet for perioden 2019-2021.
2. Representantskapet vel Inge Reidar Kallevåg, Bømlo kommune til nestleiar for Representantskapet for perioden 2019-2021.
3. Dersom det vert endringar blant dei valde til Representantskapet etter valet i september 2019, skal det veljast nytt representantskap i desember 2019.

Vedtak:

Samrøystes vedtak

Sunnhordland, 8. april 2019


Lene Pilskog
Representantskapsleiar


Sverre Olav Svarstad
Stord kommune


Linn Therese Erve
Sveio kommune



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033
Arkivnr: 2015/200-18
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	26/19	23.05.2019

Gjennomgang av møteprotokollar

Bakgrunn

Gjennomgang av møteprotokollar og vedtak i saker frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Patrick Russel Madsen
Formannskapet	Britt Sørensen Dalsgård
Tenesteutvalet	Lorentz Lunde
Utval for landbruk og teknisk	Magne Fauskanger

I tråd med fordelinga ber ein om at utvalsmedlemane ser gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå.

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 14.05.19
- Formannskapet 02.05.19
- Tenesteutvalet 30.04.19
- Utval for landbruk og teknisk 30.04.19

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 601
Arkivnr: 2014/256-40
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	27/19	23.05.2019

Revisjonstenester for kommunen - fullmakt til kontrollutvalet for å starte prosess med konkurranseutsetting

Bakgrunn

Noverande avtaleperiode for revisjonstenester for Tysnes kommune er vedteke å gjelda til og med rekneskapsåret 2019, det vil seia til og med 30.06.20. Frå 01.07.2020 skal revisor i ny avtaleperiode vera på plass.

Drøfting

Når det nærmar seg utløp av avtaleperioden må ein ha ny konkurranse, for å følgja regelverket om offentlege innkjøp.

Kontrollutvalet er av lovgjevar tildelt ein sentral plass med denne prosessen.

"Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner", §16, 2. lekk, er slik:

"Dersom kommunestyret eller fylkestinget vedtar å konkurranseutsette hele eller deler av revisjonen, foretar kommunestyret eller fylkestinget selv valg av revisor etter innstilling frå kontrollutvalet".

Departementet sine merknader til §16, 2. lekk, er slik:

"Det er kontrollutvalget som innenfor de rammer som konkurranselovgivningen setter – herunder regelverket om offentlige anskaffelser og om offentlig støtte – forbereder sak om valg av revisor for kommunestyret eller fylkestinget"

Tysnes kommune har gjort vedtak om å konkurranseutsetja revisjonstenestene. Såleis er det val av revisor saka gjeld no. Då er det altså kontrollutvalet som saksførebur og innstiller, medan det er kommunestyret som vel revisor.

Framlegg om kva fullmakter kontrollutvalet bør ha når dei saksførebur, følgjer av framlegg til innstilling.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Prosesen frå utarbeiding av tilbodsdokument til val av revisor, tar gjerne $\frac{3}{4}$ år. Derfor er det viktig med avklaring om kven som gjer kva på eit tidleg tidspunkt. Derfor denne saka no.

Kommunestyret vert denne gongen invitert til å gjera tilsvarande vedtak om fullmakter, som Tysnes kommunestyre fatta i sak PS-50/13 i møte 29.10.2013:

«Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2016. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument.*
- b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.*
- c. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor,»*

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber om fullmakt frå kommunestyret til at kontrollutvalet kan starte prosess med konkurranseutsetjing på det grunnlag som går fram av utkast til innstilling.

Forslag til innstilling

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse for kjøp av revisjonstenester. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2020. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument.
- b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
- c. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor,

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 28/19 Eventuelt